


# Norske pseudokoordinasjonar

---

Ein empirisk studie med vekt på *sitje*, *liggje* og *stå*

Daniel Vagstad

153 278



Masteroppgåve i nordisk språkvitskap  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium  
Universitetet i Bergen  
Våren 2010

# Innhold

Abstract.....	3
Samandrag.....	4
1. Innleiing.....	6
2. Syntaktisk avgrensing av konstruksjonstypen pseudokoordinasjon.....	8
2.1 Dei viktigaste syntaktiske kjenneteikna ved pseudokoordinasjon.....	8
2.2 Forsking på pseudokoordinasjon.....	12
3. Inndeling i ulike typar av pseudokoordinasjon.....	12
3.1 Inndeling i forskingslitteraturen.....	13
3.2 Undertypane og dei syntaktiske kjenneteikna.....	15
3.1.1 Drive og V.....	15
3.1.2 Ta og V.....	17
3.1.3 Vere og.....	22
3.1.4 PK-ar med rørsleverb.....	22
3.3 Inndeling i denne oppgåva.....	23
4. Grammatiske grunnlagsomgrep.....	24
4.1 Grammatikalisering og semantisk bleiking.....	24
4.1.1 PK-ar på eit grammatisk kontinuum.....	27
4.2 Hjelpeverb og deira kjenneteikn.....	28
4.2.1 PK-ar og presens partisipp.....	31
4.2.2 PK-ar og semantiske roller.....	31
4.3 Aksjonsart og aspekt.....	35
4.3.1 Skilnaden mellom aspekt og aksjonsart.....	38
4.3.2 Verb som normalt ikkje inngår i PK-ar.....	40
4.3.3 Hjelpeverb versus PK-ar.....	41
5. Pseudokoordinasjon med posisjonsverb.....	49
5.1 Dei tre posisjonsverba i seg sjølv.....	49
5.3.1 Markerte og umarkerte simultane handlingar.....	54
5.3.2 Evidens for posisjonsverba som hjelpeverb.....	55
5.3.3 Sitje, stå eller liggje og sove?.....	56
5.3.4 Posisjonsnøytrale verb.....	58
5.3.5 PK-ar med markert kollokasjonsforhold.....	59
5.3.6 Verbalkollokasjon og aksjonsart/aspekt og semantikk.....	60
6. Posisjonsverb-PK: empirisk undersøking.....	61
6.1 Materiale og metode.....	61
6.2 Subjektstypar ved posisjonsverb.....	65
6.3 Typar av V2 ved posisjonsverb.....	71
6.3.1 Posisjonsverb og kroppsposisjon.....	71
6.3.2 Kollokasjon med dei tre typane av posisjonsnøytrale verb.....	74
6.4 Endring av aksjonsart og aspekt.....	75
6.5 Førekomsten av PK-ar med tilstandsverb.....	80
6.6 Det mest grammatikaliserte posisjonsverbet.....	82
7. Avslutning.....	84
8. Litteraturliste.....	87

## Abstract

This master's thesis attempts to determine the auxiliary status of the positional verbs 'sit', 'lie' and 'stand' in Norwegian pseudo-coordinations (in Norwegian Bokmål: 'sitte', 'ligge', 'stå'; in Norwegian Nynorsk 'sitje', 'liggje', 'stå') by means of empirical research. There are many types of pseudo-coordinations in the Norwegian language, the type with positional verbs being one of them. A pseudo-coordination consists of a first verb, usually with an auxiliary function, and a second verb, usually with a lexical function, thus the latter functions as the main verb of the construction. Those two verbs are connected with the conjunction *og* ('and'), an example being *Jeg sitter og strikker* (Norwegian Bokmål) / *Eg sit og strikkar* (Norwegian Nynorsk) (both sentences meaning 'I sit and knit', alternatively 'I am knitting'). In this sentence the positional verb (*sitter/sit*) can imply that the agent is sitting while performing the action, and/or functions as an intensifier of the atelicity and durativity of the action denoted by the lexical verb *strikker/strikkar*.

Norwegian pseudo-coordination is a common phenomenon found particularly in spoken Norwegian, although it also appears in writing. It is also the subject of controversy among linguists. The main issue is whether they are auxiliary constructions or not. Despite its uncertain syntactical status, there has been little empirical research on this syntactic construction – the small body of literature that exists largely uses a theoretical approach.

The author has constructed an extensive database with sample sentences from the Norwegian text corpus *Oslokorpuset* (a large, searchable body of text samples extracted from newspapers, novels and legal documents). Each sentence has then been analyzed to find out the aspectual meaning of the pseudo-coordination, and the aspectual meaning of the sentence with only the lexical verb present. The purpose is to find out if the positional verb affects the aspectual meaning of the sentence or not. As the empirical evidence of this database shows, there is strong evidence that these three positional verbs have been grammaticalized and that they are used as aspectual markers in the pseudo-coordination rather than as positional markers of the agent of the sentence:

Firstly, the three positional verbs *per se* have, like in many other Indo-European languages, extended their inherent semantics; they are no longer used only on human agents, but on non-human and even inanimate agents as well (for instance, both *boys*, *fish*, *books* and *love* can 'lie'). Secondly, the positional verbs very often appear with verbs that do not require a specific position of the human body (which raises the question why a specific positional verb is used in the first place, if not for aspectual reasons). Thirdly, the positional verbs sometimes

appear with verbs where it is impractical or impossible to perform the specific action that the second verb denotes (for instance one can apparently 'lie' while driving a car). And, fourthly, the positional verbs very often appear with verbs which describe actions that have another *Aktionsart*/aspect, something which suggests that the positional verbs change the *Aktionsart*/aspect of the second verb (for instance, despite the fact that the positional verbs themselves have an atelic, durative *Aktionsart*/cursive aspect, they often appear with verbs that for instance have a telic, punctual *Aktionsart*/resultative aspect). In this thesis a distinction is made between *Aktionsart* and aspect – in brief *Aktionsart* is interpreted as being an inherent feature of the verb, while aspect is a feature of the sentence as a whole with all its constituents included.

In conclusion, these pieces of evidence suggest that the positional verbs function as auxiliaries since they express a grammatical function which the main verb is not able to express in a morphological way. That makes the Norwegian pseudo-coordination a periphrastic way of expressing the grammatical categories *Aktionsart* and aspect.

*Daniel Vagstad, May 2010*

## **Samandrag**

Denne masteroppgåva freistar å avgjere hjelpeverbstatusen til posisjonsverba *sitje*, *liggje* og *stå* i norske pseudokoordinasjonar ved hjelp av empirisk forskning. Der finst mange typar pseudokoordinasjonar i norsk, typen med posisjonsverb er berre éin av dei. Ein pseudokoordinasjon består av eit fyrsteverb, vanlegvis med ein hjelpeverbfunksjon, og eit andreverb, vanlegvis med ein leksikalsk funksjon - altso fungerer sistnemnde som hovud verbet i konstruksjonen. Desse to verba er bundne saman med konjunksjonen *og*. Eit døme er *Eg sit og strikkar*. I den setninga kan posisjonsverbet *sit* implisere at agens sit medan handlinga *strikkar* vert utført, og/eller fungere som ein forsterkar av det ateliske og det durative ved handlinga verbet *strikkar* uttrykkjer.

Norsk pseudokoordinasjon er eit vanleg fenomen som ein særleg finn i talemålet, sjølv om det òg opptrer i skrift. Han har ein kontroversiell status blant lingvistar. Hovudproblemet er om dei er hjelpeverbkonstruksjonar eller ikkje. Trass deira usikre syntaktiske status, har det vore lite empirisk forskning på denne syntaktiske konstruksjonen - det vesle som finst av litteratur bruker stort sett ei teoretisk tilnærming.

Forfattern har bygt opp ein database med dømesetningar frå Oslokorpuset, eit stort tekstkorpus med tekstdøme henta frå aviser, romanar og lovdokument. Kvar setning har so vorte analysert for å finne ut den aspektuelle meininga av pseudokoordinasjonen, og den aspektuelle meininga til setninga når berre det leksikalske verbet er der. Målet er å finne ut om posisjonsverbet påverkar den aspektuelle meininga i setninga eller ikkje. Som den empiriske evidensen til denne databasen viser, er det sterk evidens for at dei tre posisjonsverba har vorte grammatikalisert, og at dei heller er brukte som aspektmarkørar enn posisjonsmarkørar i setninga:

For det fyrste har dei tre posisjonsverba i seg sjølv, som i mange andre indoeuropeiske språk, utvida sin ibuande semantikk; dei er ikkje lenger brukte berre om menneskelege subjekt, men på ikkje-menneskelege og ikkje-levande subjekt òg (til dømes kan både *gutar*, *fiskar*, *bøker* og *kjærleik* 'liggje'). For det andre opptre posisjonsverba ofte saman med verb som ikkje krev ein spesifikk posisjon av menneskekroppen (noko som får ein til å spørje seg kvifor eit posisjonsverb er brukt i det heile, om ikkje av aspektuelle årsaker). For det tredje opptre av og til posisjonsverba saman med verb der det er upraktisk eller umogleg å utføre den spesifikke handlinga som andre verbet uttrykkjer (til dømes kan ein tydelegvis 'liggje' medan ein køyrer bil). Og, for det fjerde opptre posisjonsverba svært ofte med verb som har ein annan aksjonsart eller eit anna aspekt, noko som kan vere evidens for at posisjonsverb endrar aksjonsarten/aspektet til andre verbet (til dømes, trass i at posisjonsverba i seg sjølv har atelisk, durativt aksjonsart/kursivt aspekt, opptre dei svært ofte med verb som til dømes har telisk, punktuell aksjonsart/resultativt aspekt). I denne oppgåva er det gjort skilnad mellom aksjonsart og aspekt - kort sagt er aksjonsart tolka som eit ibuande trekk i verbet, medan aspekt er eit trekk i setninga i sin heilskap med alle konstituentane inkluderte.

Som konklusjon viser desse observasjonane at posisjonsverba fungerer som hjelpeverb sia dei uttrykkjer ein grammatisk funksjon som hovudverbet ikkje er i stand til å uttrykkje morfologisk. Dette gjer den norske pseudokoordinasjonen til ein perifrastisk måte å uttrykkje dei grammatiske kategoriane aksjonsart og aspekt.

*Daniel Vagstad, mai 2010*

## 1. Innleiing

Denne oppgåva handlar om pseudokoordinasjonar, ein type perifrastiske konstruksjonar som tilsynelatande ser ut som vanlege verbalkoordinasjonar av to verb, men som ved nærare ettersyn ikkje er det. Nærare bestemt handlar denne oppgåva om pseudokoordinasjonar der verba *sitje*, *liggje* og *stå* utgjer fyrsteverbet, og oppgåva har som overordna mål å drøfte i kva grad fyrsteverba fungerer som hjelpeverb. Òg andre typar pseudokoordinasjonar vil verte omtala.

Døme på vanlege verbalkoordinasjonar er *hoppe og danse*, *le og gråte*, *puste og pese*, *tøyse og tulle*. Dei er bygde opp av to grammatisk og semantisk likestilte verb som er bundne saman av ein sideordnande konjunksjon (her *og*).

Pseudokoordinasjonar (frå no av forkorta PK-ar) finst i både norsk, svensk og dansk. I tillegg finst dei i sopass ulike språk som afrikaans (jf. de Vos 2005), bulgarsk (jf. Kuteva 1999), og til ein viss grad òg i engelsk (jf. de Vos 2005) og spansk (jf. Jørgensen 2000). Fenomenet er med andre ord ganske utbreitt i ymse indoeuropeiske språk. Til trass for at PK-ar er vanlege i norsk, har det vore lite empirisk forskning på dette syntaktiske fenomenet; det som finst av litteratur i norsk, er nesten alltid skrivi ut ifrå ei teoretisk orientering.

Døme på PK-ar er:

- (a) Med posisjonsverb som fyrsteverb (V1): *Nora **sit og skriv** i tussmørkret.*
- (b) Med *drive* som V1: *Klaus **dreiv og rota** rundt nede i kjellaren.*
- (c) Med *ta* som V1: *No må du **ta og roe** deg ned!*
- (d) Med rørsleverb *gå* som V1: *Eg **gjekk og furta** i dagevis.*
- (e) Med *kome* som V1: *Vaktmeisteren hadde allereie **kome og reparert** baderomsvifta.*
- (f) Med kommunikasjonsverb som V1: *Kan du **ringje og bestille** pizza?*

På overflata er det tilsynelatande ikkje nokon skilnad mellom PK-ar og vanlege verbalkoordinasjonar. Det finst derimot syntaktiske eigenskapar som utelukkar at PK-ar er vanlege verbalkoordinasjonar. Den mest markante eigenskapen er at medan verba i vanlege koordinasjonar fritt kan byte plass, er rekkjefylgja i PK-ar fastlåst (*hoppe og danse* kan like godt heite *danse og hoppe*, men *sitje og skrive* kan ikkje heite *skrive og sitje*). Dette tyder på at forholdet mellom fyrsteverbet og andreverbet i PK-ar ikkje er likestilt på same måte som i verbalkoordinasjonar.

Òg semantisk er det trekk som gjer PK-ar spesielle. Medan verba i vanlege koordinasjonar stort sett har si opphavlege leksikalske tyding, viser fyrsteverbet (V1) i PK-ar varierende grad av semantisk bleiking og grammatikalisering. At eit verb er semantisk bleikt, tyder at det har

mista iallfall delar av si opphavlege tyding. At eit verb er grammatikalisert, tyder at det har gått over frå å vere eit innhaldsord til å vere eit funksjonsord, som altså fungerer som ein grammatisk markør i konstruksjonen. PK-ar med *drive* og *ta* som V1 viser alltid høg grad av bleiking, medan kommunikasjonsverba aldri viser nokon grad av bleiking eller grammatikalisering.

Verba *sitje/liggje/stå*, eller *posisjonsverb*, som eg har valt å kalle dei i denne oppgåva (sia dei primært fungerer som markørar av posisjonen til menneskekroppen), ser ut til å variere med omsyn til bleiking og grammatikalitet. På generelt grunnlag kan ein seie at V1 av typen posisjonsverb (V1pos) sjeldan er fullstendig bleikte – men ein kan heller ikkje seie at V1pos alltid har si fullstendige leksikalske og bokstavlege tyding. I slike tilfelle er det legitimt å hevde at posisjonsverbet har gått over frå å fungere som posisjonsmarkør til å fungere som ein grammatisk markør. Altså har verbet gått frå å vere eit innhaldsord til å vere eit funksjonsord, noko som kjenneteiknar grammatikalisering.

På grunn av den tilsynelatande usystematiske førekomsten av bleikte/ubleikte og grammatikaliserte/ikkje-grammatikaliserte posisjonsverb denne typen PK-ar demonstrerer, er det fyrst og fremst posisjonsverba eg har tenkt å ta føre meg i denne oppgåva. Nærare bestemt:

- 1) I kva grad er PK-ar med posisjonsverb (V1pos) hjelpeverbskonstruksjonar?
- 2) I kor stor grad er V1pos semantisk bleikt, og i kor stor grad fungerer konstruksjonen som éi syntaktisk eining som uttrykkjer eit grammatisk og eit leksikalsk aspekt; med andre ord: kor grammatikaliserte er PK-ar med posisjonsverb?
- 3) Kva *innhaldsverb* (V2) vert typisk kombinert med det og det posisjonsverbet; kva slags verb kollokerer posisjonsverbet med? (Med andre ord: kva samanheng er det mellom den typiske posisjonen som V2-handlinga vert utført i, og kva av verba *sitje/liggje/stå* innhaldsverbet tek som sitt fyrsteverb?) Til dømes: er det eit inherent aspektuelt/semantisk trekk i innhaldsverbet *sove* som gjer at det vel *liggje* av dei tre posisjonsverba? Kvifor er det på dansk umarkert å 'liggje og køyre', men ikkje 'sitje og køyre', medan det på norsk er omvendt? Kva posisjonsverb kan *ikkje* opptre saman med eit spesifikt leksikalsk verb?
- 4) Kor på grammatikaliseringskontinuumet ligg dei tre posisjonsverba i forhold til kvarandre? Kva for eitt av dei tre posisjonsverba er mest grammatikalisert?

## 2. Syntaktisk avgrensing av konstruksjonstypen pseudokoordinasjon

Pseudokoordinasjonar, eller PK-ar, vert òg kalla falske koordinasjonar eller dobbeltverbkonstruksjonar. Ordet *koordinasjon* har dei i namnet sitt på grunn av at dei på overflata liknar vanlege verbalkoordinasjonar, slik som til dømes *syngje og danse, hoppe og sprette, skrive og lese, le og prate*. Ein nærare syntaktisk analyse avslører derimot at PK-ar ikkje kan sjåast på som vanlege koordinasjonar – dei er ”falske” (*pseudo-* tyder ’falsk, uekte’).

### 2.1 Dei viktigaste syntaktiske kjenneteikna ved pseudokoordinasjon

Det finst ei rekkje syntaktiske eigenskapar som skil PK-ar frå vanlege verbalkoordinasjonar (frå no av forkorta VK-ar). Her fylgjer ei liste over dei viktigaste:

1) **Rekkjefylgje.** Medan ein kan byte om på verbrekkejefylgja i VK-ar, kan ein ikkje det i PK-ar. Dette er ein eigenskap alle PK-typar har til felles, som desse døma viser (jf. Vannebo 2003: 166-167):

*VK: Ho dansa og song → Ho song og dansa* (vanleg koordinasjon)

*PK: Gjestene dreiv og dansa → \*Gjestene dansa og dreiv* (drive og V)

*PK: Prinsessa sat og skreiv → \*Prinsessa skreiv og sat* (sitje og V)

*PK: Beate låg og tenkte → \*Beate tenkte og låg* (liggje og V)

*PK: Dei stod og prata saman → \*Dei prata saman og stod* (stå og V)

*PK: Ove gjekk og furta → \*Ove furta og gjekk* (gå og V)

*PK: Else kom og vaska ned huset → \*Else vaska ned huset og kom* (kome og V)

*PK: Ananias tok og tende på kyrkja → \*Ananias tende på kyrkja og tok* (ta og V)

*PK: Kari og Mari ringde og bestilte pizza → \*Kari og Mari bestilte pizza og ringde* (ringje og V)

2) **Det-setningar.** Ved det eg kallar presenteringssetningar ser ein òg at PK-ar oppfører seg ulikt frå VK-ar. Normalt vil ubestemte subjekt verte flytta til posisjonen etter den finitte verbfrasen medan eit syntaktisk ’det’ vil overta plassen føre den finitte verbfrasen. Dette gjev vanlegvis eit ugrammatisk resultat når det gjeld vanlege koordinasjonar, men ikkje når det gjeld PK-ar (jf. Lødrup 2002: 122-123):

*VK: \*Det syng ei dame og strikkar/ \*Det syng og strikkar ei dame ← Ei dame syng og strikkar* (vanleg koordinasjon).



*PK: Det sit ei dame og strikkar (men \*Det sit og strikkar ei dame) ← Ei dame sit og strikkar (sitje og V).*

*PK: Det ligg ei jente og skriv brev ← Ei jente ligg og skriv brev (sitje og V).*

*PK: Det står ein fyr og røykjer ute i hagen ← Ein fyr står og røykjer ute i hagen / Ute i hagen står det ein fyr og røykjer (stå og V) - (I kontrast med \*Nede i gangen slit det ei vaskekone og strevar versus Nede i gangen slit og strevar (det) ei vaskekone; vanleg koordinasjon).*

*PK: ?Det driv ein mann og drikk seg sanselaus utafor kyrkja / \*Det driv og drikk ein mann seg sanselaus utafor kyrkja ← Ein mann driv og drikk seg sanselaus utafor kyrkja (drive og V).*

*PK: Det kom ein røyrleggjar og reparerte den stygge lekkasjen ← Ein røyrleggjar kom og reparerte den stygge lekkasjen (kome og V).*

*PK: Det gjekk ei kjerring og tagg pengar ← Ei kjerring gjekk og tagg pengar (gå og V).*

*PK: \*Det tok nokon og stal bilen min ← Nokon tok og stal bilen min (ta og V).*

*PK: Det ringde ein kunde og bestilte fire pizzaer ← Ein kunde ringde og bestilte fire pizzaer (ringje og V).*

3) **Upersonleg passiv.** VK-ar kan omdannast til sokalla upersonleg passiv, medan PK-ar ikkje kan det (jf. Lødrup 2002: 131):

*VK: Det vart sunge og dansa ← Nokon song og dansa.*

*PK: \*Det vart sete og strikka ← Nokon sat og strikka.*

*PK: \*Det vart drive og arbeidd ← Nokon dreiv og arbeidde.*

*PK: \*Det vart kome og reparert vaskemaskina ← Nokon kom og reparerte vaskemaskina.*

*PK: \*Det vart gått og furta ← Nokon gjekk og furta.*

*PK: \*Det vart teke og skrudd av lyset ← Nokon tok og skrudde av lyset.*

*PK: ?Det vart ringt og bestilt pizza ← Nokon ringde og bestilte pizza.*

4) **Både... og/verken...eller/anten...eller.** I motsetnad til ved VK-ar kan ein ikkje bruke både...og eller verken...eller i PK-ar:

*VK: Vi verken song eller dansa / Vi både song og dansa*

*PK: \*Vi verken sat eller prata / \*Vi både sat og prata*

Desse testane syner at PK-ar ikkje er vanlege verbalkoordinasjonar. Test (1) viser at fyrsteverbet (V1) og andreverbet (V2) er låst fast i den rekkjefylgja dei opptrer i. VK-ar har fri rekkjefylgje av dei to verba. Det at PK-ar ikkje har det, er evidens for at dei to verba i PK-ar ikkje er likestilte, slik ein skulle forvente ut frå ein koordinasjon. Test (2) viser at PK-verbet kan late eit subjekt kome mellom seg og andreverbet, noko som normalt ikkje førekjem i

koordinasjonar: \**I stova syng ei dame og strikkar* versus *I stova syng og strikkar ei dame*.

Test (3) viser at PK-ar ikkje kan opptre i upersonleg passiv – igjen ein indikator på at dei to verba i PK-ar ikkje er likeverdige.

Ettersom både...og/verken...eller-konstruksjonar ikkje kan brukast på PK-ar, antyder test (4) at det ikkje er snakk om to sjølvstendige handlingar i PK-ar<sup>1</sup>, sia konstruksjonar av denne typen går ut på nettopp å inkludere (*både...og*) eller ekskludere (*verken...eller*) to eller fleire koordinerte ledd (til dømes *verken **fugl** eller **fisk**, både **gul** og **blå**, både **Noreg**, **Sverige** og **Danmark***).

PK-ar har kort sagt syntaktiske eigenskapar som formelt skil dei frå vanlege koordinasjonar. Dersom dei då ikkje er VK-ar, kva er dei då? Enkelte lingvistar, inkludert *Norsk Referansegrammatikk* (NRG) og Vannebo (2003), er samde om at PK-ar er ein perifrastisk måte å uttrykkje aspektuelle forhold på, jf. fylgjande sitat:

With pseudocoordinations it is not a question of two separate and equal activities; the first (= introductory) verb has bleached and has got a more generalized meaning, and it serves first and foremost to emphasize a certain aspect of the meaning which is expressed by the following main verb. (Vannebo 2003: 167)

I samsvar med oppbyggnaden til typiske hjelpeverbskonstruksjonar (jf. nedafor), fungerer altso fyrsteverbet (V1) som hjelpeverb til andreverbet (V2). Ein PK består altso av eit grammatikalisert V1, konjunksjonen *og* og eit leksikalsk V2, som ber det meste av den leksikalske tydinga til konstruksjonen. V1 har som oppgåve å tilføre ein aspektuell dimensjon til V2 som V2 ikkje uttrykkjer morfologisk – i motsetnad til kategorien tempus, finst det i norsk ikkje ein eigen morfologisk kategori for aspekt. Det at V1 i PK-ar fungerer som ein grammatisk markør av aspektuelle forhold i konstruksjonen, gjer at PK-ar på generelt grunnlag kan kallast hjelpeverbkonstruksjonar. Eit nemneverdig unntak frå denne definisjonen er PK-ar av typen *ringje og bestille*, *skrive og klage*, eller sokalla *kommunikasjonsverb*, som eg vil kome tilbake til nedafor.

PK-ar med *drive* og *ta* som V1 demonstrerer klare hjelpeverbeigenskapar; både *drive* og *ta* har fullstendig mist si opphavlege leksikalske tyding og fungerer utelukkande som aspektmarkørar av V2. Skilnaden mellom (a) *Dei vaska opp* og (b) *Dei tok og vaska opp* er altso aspektuell; (a) impliserer at dei framleis heldt på å vaske opp på referansetidspunktet,

---

<sup>1</sup> Disse fire eigenskapane fungerer som eit formelt skilje mellom PK-ar og VK-ar, men dette skiljet er ikkje heilt uproblematisk. Nokre PK-ar, til dømes dei av typen *ringje og bestille*, *skrive og klage* viser heilt klart til to eigentlege handlingar. Grunnen til at ein har vanskar med å bruke (4) på PK-ar, verkar for meg noko uklår. I kapitlet "Inndeling i ulike typar av pseudokoordinasjon" vil eg skrive nærare om sokalla *simultane* og *suksessive* PK-ar, der sistnemnde heilt klart viser til to sjølvstendige handlingar.

medan (b) impliserer at dei *byrja* å vaske opp, i tillegg til å antyde at dei gjorde det av eigen, fri vilje<sup>2</sup>. Den aspektuelle dimensjonen V1 tilfører handlinga, er å sjå på som ei form for subjektiv tilleggsinformasjon som *vaske opp* åleine ikkje kan uttrykkje på norsk.

*Drive* og *ta* forsterkar sin posisjon som hjelpeverb ved å vere fullstendig semantisk bleikte. Når nokon *driv* og *rotar rundt*, tolkar ingen det som om vedkomande ”driv” noko (med transitiv tyding) medan han *rotar rundt* (eller ”driv rundt” med intransitiv tyding) – ei heller er det snakk om å ”ta” noko i setninga *Han tok og reparerte kjøleskåpet*. Det er altso sterke indikasjonar på at PK-ar med *drive* og *ta* er å sjå på som hjelpeverbkonstruksjonar (frå no av forkorta HVk-ar).

Eg vil i dei neste kapitla drøfte dei ulike inndelingane av PK-ar i grupper, inndelingar som det ser ut til å herske usemje om blant lingvistar. Eg vil so ta føre meg kvar av PK-gruppene, ikkje naudsynlegvis etter den og den bestemte inndelinga – til dømes vil *drive* og *ta* verte omtala i sine egne kapittel, medan *sitje/liggje/stå* vil verte omtala i sitt eige kapittel. PK-ar med rørsleverb og PK-ar med *vere* vil òg ha sine separate kapittel. Eg vil ta føre meg termene *grammatikalisering* og *semantisk bleiking*, der eg skriv om Kutevas (1999) grammatikaliseringsskjede. So vil eg freiste å forklåre kva hjelpeverb er, og kva som kjenneteiknar dei. Eg vil deretter ta føre meg omgrepa aksjonsart og aspekt, som er to viktige stikkord når det gjeld kva PK-typar som kan gå saman med kva slags verb, og kva eg oppfattar som skilnaden mellom dei to termene. Deretter vil eg snakke om den generelle distribusjonen av kvart av dei tre posisjonsverba og kva handlingar som mest typisk vil verte tolka som utført *sitjande*, *liggjande* eller *ståande*. PK-ar og presens partisipp vil òg verte omtala. Eg vil deretter ta føre meg PK-ar og semantiske roller, før eg skriv om verb som ikkje kan inngå i PK-ar i det heile. Eg vil deretter kome med min eigen hypotese om det eg kallar *inkompatible* V1-V2-handlingar, eller handlingar det vil vere markert å utføre samstundes – som er mogleg evidens for V1-bleiking og dermed byrjande grammatikalisering av posisjonsverbet. Det eg kallar verbalkollokasjon i PK-ar, vil òg verte drøfta, eit felt som omfattar PK-ar med markert kollokasjonsforhold (V1 og V2 lèt seg vanskeleg utføre samstundes).

---

<sup>2</sup> Ein kan her diskutere kva som til dømes er skilnaden mellom *Han skrudde av lyset* og *Han tok og skrudde av lyset*. Begge setningane kan seiast å vise til ei agentiv, viljestyrt handling, og *skru av* kan ikkje seiast å ha noka utstrekning i tid, noko punktuelle verb manglar – altso har *ta* tilsynelatande ikkje nokon spesifikk funksjon i denne typen setningar. Ein må her ta med tilleggsinformasjon for å få fram den subtile nyanseskilnaden mellom dei to setningane: *Han skrudde av lyset ved eit uhell* versus *\*Han tok og skrudde av lyset ved eit uhell*. Berre då vil ein få fram at *ta* refererer til ei viljestyrt handling. *Ta* har for øvrig eigenskapar som skil det frå dei andre PK-gruppene, noko eg vil diskutere seinare i oppgåva.

For å få empirisk materiale har eg oppretta ein database med om lag 6000 setningsdøme på PK-ar frå både bokmål og nynorsk, setningar som er henta frå Oslokorpuset. Korpuset er bygt opp av tekstmateriale frå både aviser, romanar og ymse byråkratiske dokument – altso inneheld korpuset tekst frå både avislitteratur, skjønnlitteratur og sakprosa. I denne databasen vil eg freiste å vurdere kva funksjon PK-en har i setningar ut ifrå semantikken til kvar enkelt PK. Dersom V1 verkeleg fungerer som hjelpeverb, er min hypotese at det skal vere ein klår semantisk og aspektuell skilnad mellom PK-en og setninga slik ho ville ha sett ut med V2 som einaste verb. Denne databasen gjev òg høve til å sjå på kva for type V2 som V1 kollokerer med, kva subjekt PK-en vel, og ikkje minst om V2 skildrar ei handling der det er uvesentleg kva for posisjon menneskekroppen er i. Eg vil kome tilbake til denne databasen i kapittel 6.

## **2.2 Forsking på pseudokoordinasjon**

I Noreg har det ikkje vorte gjort so veldig mykje empirisk forskning på PK-ar i same omfang som i denne oppgåva. Trass i at PK-ar er eit svært vanleg fenomen i det norske språket, finst det ikkje so mykje litteratur om emnet. PK-ar vert likevel av norske lingvistar sedde på som eit særeige syntaktisk fenomen, og lingvistar som Jørgensen (2000), Lødrup (2002) og Vannebo (2003) har skrive artiklar om emnet som i hovudsak er teoretiske. Jørgensen har skrive om bruk av PK-ar i spansk og samanlikna dette med bruken av dei i norsk. Lødrup har skrive om dei ulike syntaktiske kjenneteikna ved PK-ar i forhold til vanlege koordinasjonar, medan Vannebo har skrive meir inngåande om PK-typen *ta og V*. NRG (1997) nemner PK-typar som *sitje og V* og *drive og V*, og skriv at dei sjølv har valt å ikkje rekne PK-ar som egentlege hjelpeverbskonstruksjonar på grunn av den spesielle naturen til PK-ar.

## **3. Inndeling i ulike typar av pseudokoordinasjon**

Sjølv om dei syntaktiske eigenskapane presenterte i kapittel 2.1 stort sett er like for alle PK-ar, kan PK-ar delast opp i fleire typar alt etter kva kriterium ein bruker for inndelinga. Eg vil i dette kapitlet presentere kva inndelingar som er å finne i forskingslitteraturen, kva for undertypar av PK-ar som finst, og kva inndeling eg har valt å gå etter i denne oppgåva.

### 3.1 Inndeling i forskningslitteraturen

Når det gjeld inndeling av PK-ar i grupper, finst det ikkje éi etablert inndeling, men derimot fleire ulike forslag til inndeling, basert på ulike inndelingskriterium. Vannebo (2003) deler PK-ar inn i tre grupper: verb som *sitje/liggje/stå* utgjer PK1, verb som *vere* PK2, medan verb som *ta* utgjer PK3. Han gjer ikkje greie for kva kriterium han bruker for denne inndeling, og det verkar ein tanke underleg for meg å plassere *vere* i ein klasse for seg sjølv, men samstundes ikkje *ta* med *drive* eller *gå/kome* og liknande (som utgjer to heilt forskjellige klassar). Til Vannebos forsvar er ikkje inndeling av PK-ar hovudfokuset i teksten hans, men ei nærere utgreiing av *ta* og *V*, som viser særdrag som skil konstruksjonen markant frå dei andre PK-typene.

Lødrup (2002) deler òg PK-ar inn i tre grupper, men noko annleis: *sitje/liggje/stå*-gruppa (PK1), *drive*-gruppa (PK2) og *ta*-gruppa (PK3), basert på det aspektuelle trekket dei saman med V2 uttrykkjer, og openbert òg grad av bleiking av V1 – medan *drive* og *ta* viser maksimal grad av V1-bleiking, er *sitje*-gruppa meir eit tvilstilfelle når det gjeld grad av bleiking. Lødrup plasserer rørsleverb-PK-ar (som *kome* og *V*), kommunikasjonsverb-PK-ar (som *ringje* og *V*, jf. nedafor) og *vere* og *V* i same gruppe som posisjonsverba (jf. Lødrup 2002: 122).

Svenska Akademiens Grammatik (SAG) (1999) opererer, i tillegg til dei tre nyss nemnde PK-typene, med mange fleire typar av PK-ar, blant anna PK-ar med verb som *byrje* og *slutte* som V1 (som vert kalla høvesvis *ingressive* og *egressive* PK-ar). Dei opererer òg med ein type PK-ar eg kallar *kommunikasjonsverb*, som til dømes *ringje* og *bestille*, *skrive* og *klage*. Desse er formelt PK-ar på grunn av dei syntaktiske restriksjonane ein PK har (jf. kapitlet ”Syntaktisk avgrensing av konstruksjonstypen pseudokoordinasjon”). Desse PK-ane viser ingen grad av V1-bleiking; her ringjer ein bokstavleg tala og bestiller pizza. Ei heller kan dei seiast å uttrykkje ein aspektuell dimensjon ved V2, noko som skil dei frå dei andre PK-gruppene. Sia dei ser ut til å mangle alle kjenneteikna på ein HVk (jf. kapitlet ”Hjelpeverb og deira kjenneteikn”), kan dei på det grunnlaget ikkje karakteriserast som HVk-ar. På grunn av sin syntaktiske oppbygning må dei derimot formelt reknast som PK-ar, ettersom dei syntaktiske føringane som gjeld for andre PK-ar òg gjeld for kommunikasjonsverb-PK-ar.

Jørgensen (2000) kjem med eit alternativt forslag som skil seg frå dei til Vannebo, Lødrup og SAG. Ho føreslår å dele PK-ar inn etter om handlinga V1 og V2 uttrykkjer er *simultane* (skjer samstundes) eller *suksessive* (skjer etter kvarandre). Då får ein verb som *sitje*, *liggje*, *stå* og *drive* som PK1, og verb som *kome*, *ta* og *gå* som PK2. PK2 skil seg frå PK1 ved å vere bundne til kvarandre av eit årsaksforhold – A må skje før B kan skje. SAG sine

kommunikasjonsverb kjem difor inn under PK2, sia det er naudsynt at ein ringjer (hending A) før ein bestiller pizza (hending B). Denne inndelinga skil PK-ane både på grunnlag av handlingsrekkefølge og aspekt; posisjonsverb som V1 uttrykkjer typisk eit durativt aspekt samstundes som dei er simultane, medan *ta* o.l. som V1 uttrykkjer det momentane og ofte det viljestyrte aspektet medan dei samstundes er suksessive.

At det er ein klår skilnad mellom simultane og suksessive PK-ar, ser ein om ein prøver å omsetje mellom ulike språk. Jørgensen påpeiker til dømes at skal ein omsetje PK1 til spansk, må ein på spansk bruke ein gerundiumskonstruksjon, medan ein faktisk ikkje treng det med PK2: Til dømes vil setninga *Finn går og snakker om sin egen fortrefelighet hele tiden* verte omsett til *Finn está siempre hablando de su propia excelencia* (Jørgensen 2000: 119). *Går og snakker* tilsvarer altso gerundiumskonstruksjonen *está hablando*. Setninga *Paula gikk og la seg* vil på den andre sida verte omsett med ein PK: *Paula fue y se acostó* (Jørgensen 2000: 119). *Gikk og la seg* tilsvarer altso *fue y se acostó*, der *fue* tyder 'gikk'.

Dette omsetjingsfenomenet er det same òg i engelsk, der ei setning som *He came and fixed the refrigerator* høyrer heilt grei ut, medan *?He stands and fixes the television* høyrer snålt ut – her nyttar engelsk, nett som spansk, ein gerundiumskonstruksjon for simultane PK-ar; *He is fixing the television*. Simultane PK-ar ser på det grunnlaget ut til å mangle i spansk og engelsk, men ikkje i norsk, svensk og dansk.

Jørgensen si inndeling er ikkje hundre prosent vasstett; *gå og V* har dobbeltmedlemskap, ettersom verbet både kan brukast suksessivt og simultant:

*Han gjekk og furta* (simultant)

*Han gjekk og kjøpte seg ein is* (suksessivt)

Både *ta* og *kome* fungerer derimot alltid suksessivt – men det er omtrent òg det einaste desse to verba har til felles, jf. avsnittet "Ta og V" nedafor. Det for øvrig rom for tolking om det faktisk er to handlingar etter kvarandre ved *ta* og *V* – på den eine sida må ein *ta* noko før ein gjer noko anna, på den andre sida kan ein tenkje seg at noko både vert *teke* og *gjort noko med* samstundes.

Ein kan her diskutere kva som er den beste inndelinga; ingen av dei bør sjåast på som definitive. Det dei alle har til felles, derimot, er at *ta*-gruppa er skild frå dei andre PK-gruppene, og at *sitje/liggje/stå* konsekvent opptre i same gruppa (jf. Jørgensen, Vannebo, Lødrup og SAG). Desse to gruppene kontrasterer med kvarandre både når det gjeld aspekt og bleiking. Dei har ikkje dei same syntaktiske eigenskapane, og *sitje/liggje/stå* dreiar seg om simultane handlingar, medan *ta* dreiar seg om suksessive.

## 3.2 Undertypane og dei syntaktiske kjenneteikna

Eg vil her presentere dei ulike undertypane av PK-ar, kva aspektuell funksjon dei har, og deira syntaktiske og semantiske kjenneteikn.

### 3.1.1 Drive og V

*Drive* og *V* er ein simultan PK som typisk vert brukt for å gje konstruksjonar eit durativt, atelisk preg: *Han dreiv og måla huset*. Det vert òg brukt som uttrykk for vane og regelbunden aktivitet: *Han driv og kjem for seint på jobb*. I mange tilfelle vert *drive* brukt om agentive handlingar, om enn ikkje so knytt til dei som *ta* (jf. nedafor): *Han dreiv og slo ned folk* versus *?Han dreiv og vart slegen ned (av folk)*.

Aspektuelt kan *drive* fungere kursivt eller habituelt. Som med aspekt generelt er bruken bestemt av konteksten; *Han dreiv og måla huset* har kursivt aspekt, medan *Han dreiv og kom for seint på jobb* har habituelt – her er det aksjonsarten til V2 som bestemmer om konstruksjonen har kursivt eller habituelt aspekt. Ettersom *kome for seint* skildrar ei punktuell handling, er berre ei habituell eller iterativ tolking mogleg.

Verbet *drive* kjem anten av det transitive verbet *drive (noko)*, til dømes *drive ein gard*, *drive butikk*, eller av det intransitive *drive (rundt)* – det er ikkje heilt klårt om det er det transitive eller det intransitive *drive* som ligg til grunn for *drive og V*. Verbet i seg sjølv kan i tillegg ta ein preposisjonsfrase som utfylling og danne den preposisjonale verbalfrasen *drive med (noko)*. Med preposisjonsfrase stiller *drive* seg i klasse med den primært dialektale konstruksjonen *bale med (noko)*, og vert som oftast brukt i spørsmål: *Kva driv du med?* andsynes *\*Eg driv med og målar* (men *Eg driv med måling*).

Norsk språkråd si internettordbok (<http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>) listar opp sju tydingar til verbet, her sitert frå oppslaget til *drive*: 1) vere i rørsle, verte førd av stad (*drive til havs*), 2) støyte, slå, hamre på plass (*drive inn ein spiker*), 3) føre; jage, presse (*drive båten ut av kurs*), 4) dyrke; bringe til eit visst stadium (*drive fram grønsaker*, *drive til vanvit*), 5) halde på med; setje i verk, vere leiar for (*drive ein gard*, *drive idrett*), 6) dovne seg, reke (*drive dank*, *drive gatelangs*) og 7) strøyme, drype (om væske) (*regnet dreiv nedover gatene*). (1), (6) og (7) vert brukte intransitivt, resten transitivt.

Saman med *ta* er *drive* fullstendig grammatikalisert og fullstendig grammatisk bleikt, og er dermed eit av PK-verba som har mest til felles med eit hjelpeverb (jf. eige avsnitt om hjelpeverb).

*Drive* har eit bruksområde som til ein viss grad overlappar det til posisjonsverba. Begge PK-typene er med på å gje konstruksjonen eit durativt, atelisk/kursivt preg, jf. fylgjande setningar:

- (a) *Han driv/står og målar huset*
- (b) *Dei driv/sit og pratar*
- (c) *Ho dreiv/sat og strikka vottar til barnebarnet*

*Drive*, derimot, er ikkje avgrensa til å berre kunne tilføre konstruksjonen ein statisk dimensjon slik posisjonsverba gjer. *Drive* kan, i motsetnad til posisjonsverb, brukast på dynamiske og punktuelle verb:

- (a) *Han driv og kjem for seint* vs. \**Han stod/sat/låg og kom for seint* (punktelt verb)
- (b) *Dei driv og møter kvarandre* vs. \**Dei stod/sat/låg og møtte kvarandre* (punktelt verb)
- (c) *Ho dreiv og sprang på naboen* vs. \**Ho stod/sat/låg og sprang på naboen* (punktelt verb)

Medan (a), (b) og (c) har eit punktelt V2 og dermed utelukkar posisjonsverba, skildrar V2 i (c) ein dynamisk situasjon, altså ikkje ein statisk. Difor kan ikkje posisjonsverb brukast i nokon av desse døma.

Sia *drive* har eigenskapar som på enkelte felt overlappar dei til posisjonsverb, og i tillegg har eit vidare bruksområde (jf. ovafor med punktuelle og dynamiske verb), skulle ein tru at verbet kunne ha vore brukt i staden for posisjonsverb. Men *drive* krev ein viss grad av agentivitet frå agens, medan posisjonsverba er nøytrale på det feltet:

- (a) *Kona driv og vaskar golvet*
- (b) *Kona ligg og vaskar golvet*
- (c) ?*Maten driv og godgjer seg*
- (d) *Maten står og godgjer seg*
- (e) ??*Treet driv og blomstrar*
- (f) *Treet står og blomstrar*
- (g) ??*Skia driv og samlar støv*
- (h) *Skia står og samlar støv*

For å markere perifrastisk det atelisk/kursive i konstruksjonar med subjekt utan agentivitet, er altså posisjonsverba dei einaste som kan brukast utan at konstruksjonen vert markert eller ugrammatisk. Posisjonsverba er truleg dei einaste PK-verba som ikkje krev agentivitet, eller som i det minste er nøytrale med omsyn til agentivitet.



### 3.1.2 Ta og V

*Ta* og *V* er den av PK-typane som skil seg mest ut, både med omsyn til bruksområde, grammatisk funksjon og ikkje minst historisk belegg, nemleg førekomsten av PK-en i tekstar langt tilbake i tid. Ingen andre PK-typar er dokumenterte like systematisk gjennom eit diakront perspektiv – konstruksjonen kan dokumenterast heilt tilbake til norrøn tid, og er truleg endå eldre enn sjølv dei eldste skrifter på det norrøne språket (jf. Vannebo 2003). *Ta* og *V* er òg ein av dei få PK-typane som ein òg finn dokumentasjon på i andre språk, som til dømes spansk (jf. Jørgensen 2000) – men samstundes er han heilt fråverande i nærare slekta språk som tysk, britisk engelsk (jf. Vannebo 2003) og – overraskande nok – moderne islandsk (jf. Vannebo 2003).

*Ta* vert mest sannsynleg brukt for å leggje fokus over på sjølve den viljestyrte avgjerda bak handlinga, sjølve agentiviteten (jf. Vannebo 2003: 173), i motsetnad til setningar med berre eit leksikalsk verb, som er nøytrale og objektive med omsyn til agentivitet (dei berre konstaterer at ei handling skjer og at ho vert utført av nokon). SAG hevdar at bruken av *ta* gjev ein dimensjon av plutseleg igangsetjing av ei handling, noko momentant (jf. SAG 1999: 907, bind 4). Dei avgjerande stikkorda for bruk av *ta* ser ut til å vere agentivitet, vilje og overraskande igangsetjing – og kan hende òg faktoren kjend/ukjend referanse. Følgjande setningar er alle ugrammatiske i norsk (alle *ta*-setningar frå (Vannebo 2003: 172), øvrige setningar eigenkonstruerte; uthevingar er mine):

- (a) \**Lyset tok og sluknet.* (*Lyset drev og sluknet.* / \**Lyset stod og sluknet.*)
- (b) \**Veien tok og svingte.* (?*Veien drev og svingte.* / \**Veien lå og svingte.*)
- (c) \**Vinden tok og økte i styrke.* (?*Vinden drev og økte i styrke.* / \**Vinden lå og økte i styrke.*)
- (d) \**Det tok og regnet hele dagen.* (?*Det drev og regnet hele dagen.* / \**Det lå og regnet hele dagen.*)
- (e) \**Hun tok og følte at det var galt.* (?*Hun drev og følte at det var galt.* / ?*Hun satt og følte at det var galt.*)
- (f) \**Jeg tar ofte og drømmer om det.* (*Jeg driver ofte og drømmer om det.* / *Jeg ligger ofte og drømmer om det.*)
- (g) \**Ta og sov godt.* (\**Driv og sov godt.* / \**Ligg og sov godt.*)
- (h) \**Hun tok og ble påkjørt.* (?*Hun drev og ble påkjørt.* / \**Hun stod og ble påkjørt.*)

Desse setningane er ugrammatiske ettersom alle andreverba uttrykkjer ei ikkje-agentiv handling, ifylgje Vannebo. For at *ta* skal kunne brukast i PK-ar, krevst det at V2 skildrar ei klår, agentiv, viljestyrt handling. Alle hovudverba i døma ovafor skildrar ei ikkje-agentiv handling (jf. Vannebo 2003: 172). Ut frå desse døma ser det òg ut til at V2 helst bør vere eit punktuelt verb utan utstrekning i tid, noko ein ser blant anna i (a), (b) og (c), der setninga ikkje berre er ugrammatisk med *ta* som V1, men òg ugrammatisk med eit posisjonsverb som V1. Verbet *ta* er i seg sjølv punktuelt, so dette er ikkje overraskande. Posisjonsverba er, som eg har skrivne tidlegare (jf. kapitlet ”Drive og V”), nøytrale med omsyn til agentivitet. Dei kan heller ikkje brukast med punktuelle V2.

Setning (d) er ugrammatisk med *ta* både på grunn av manglande agentivitet og det faktum at *regne* er eit durativt verb, ikkje eit punktuelt – *ta* går som sagt helst saman med punktuelle verb. Posisjonsverb pluss *regne* vil vere ugrammatiske truleg på grunn av at *det* ikkje er ein eigentleg agens ein kan bestemme posisjonen til (verbet *regne* er avalent, noko som vil seie at det manglar både agens og patiens – ”det” er eit syntaktisk subjekt som vert lagt til verbet, ettersom norsk ikkje tillèt subjektlause setningar). For at *sitje/liggje/stå* skal kunne brukast, må det finnast ein konkret agens som i det heile teke *kan* sitje, liggje, eller stå – *det*-subjekt ser ikkje ut til å ha denne konkrete kvaliteten.

*Drive* ser ut til å ha minst restriksjonar når det gjeld ikkje-agentive, punktuelle handlingar, berre i (g) er setninga med *drive* som V1 ganske sikkert ugrammatisk.

I svensk meiner Lena Ekberg at *ta*-konstruksjonen har ein grammatisk funksjon i tillegg til den aspektuelle, den sokalla *ekspressive* funksjonen (Ekberg 1993b: 131f., sitert gjennom Vannebo 2003: 174). Medan den aspektuelle funksjonen er knytt til den plutslege påbyrjinga av handlinga, er den ekspressive funksjonen knytt til agens. Agens vert med andre ord fokus i handlinga, same om handlinga har ein eigentleg agens eller ikkje. Dette tyder, ifylgje Ekberg, at forteljaren må kjenne svært godt til situasjonen – forteljaren må sjå på handlinga frå perspektivet til den som *tek og gjer* handlinga.

Dette forholdet kan i stor grad overførast til norsk, ettersom ein i dei to fylgjande setningane har same kontekstuelle og semantiske restriksjonar (svensk setning frå Ekberg (1993b), sitert gjennom Vannebo 2003: 176, norsk setning eigenkonstruert):

*?Jag såg ett ungt par som tog och gifte sig i lördags.*

*?Eg såg eit ungt par som tok og gifta seg på laurdag.*

Vannebo meiner dette setningsdømet so å seie seier imot seg sjølv; bruk av *ta*-konstruksjon impliserer at forteljaren kjenner til situasjonen, men bruken av ubestemt artikkel impliserer at han ikkje kjenner til paret som skal gifte seg – *ta* impliserer at referansen er kjend, ubestemt

artikkel at referansen er ukjend. Vannebo hevdar kort sagt at denne setninga er tvilsam fordi forteljaren ser ut til å ikkje vite identiteten til nokon han samstundes gjev inntrykk av å kjenne.

Ei heller kan *ta* i nokon særleg grad brukast i presens med agens i tredje person. Dette meiner Ekberg skriv seg frå det subjektive (ekspressive, agens-fokuserte) perspektivet *ta* legg til handlinga: Korleis kan nokon vite kva ein person har tenkt å føreta seg før vedkomande faktisk gjer handlinga? Dette er grunnen til at presens helst vert brukt om fyrste- og andreperson (som forteljaren kan seiast å ha ein viss kontroll over i referansetidspunktet), men sjeldan om tredjeperson – for med bruk av fortid har handlinga allereie skjedd, og då er det lettare for forteljaren som observatør å basere seg på agens sitt perspektiv. Ekberg kallar dette å opprette mental kontakt med utføraren av handlinga, noko som gjer det mogleg å leggje vekt på viljen og agentiviteten til sjølve agens (jf. Ekberg 1993b: 132, gjennom Vannebo 2003: 177).

*Ta* viser ganske so sikre teikn på å ha mist sitt opphavlege leksikalske innhald og vorte semantisk bleikt. Vannebo meiner at dette er eit karakteristisk teikn på ein grammatikaliseringsprosess, ein prosess *ta* ser ut til å dele med *drive*. Som eg nemnde tidlegare, har ikkje lenger *ta* og *V* noko å gjere med *ta* i tydinga 'gripe' lenger – iallfall ikkje i si konkrete tyding. Evidens for dette ser ein i det at *ta* og kan brukast i konstruksjonar med seg sjølv<sup>3</sup>:

*De tok og tok ut motoren* (Vannebo 2003: 178)

*Ta* høyrer til ei gruppe av høgfrekvente verb som finst i mange språk, ei gruppe kvasi-hjelpeverb (*quasi-auxiliaries*) som av Hook (1974, 1991, referert til av Vannebo 2003) vert kalla *vektorverb* (*vector verbs*). Eit vektorverb er skildra av Vannebo som eit slags kvasi-hjelpeverb som, på grunn av si finitte form, kan bere grammatiske funksjonar som tempus, aspekt og modus. Vektorverb i indo-iranske språk er ekvivalentar av verb som *gå*, *gje* og *ta* – som alle tilhøyrer dei mest frekvente verba i eit gjeve språk. Deira høge frekvens og vide bruksområde gjer dei til veileigna kandidatar for grammatikalisering (noko eg òg vil kome tilbake til under "Dei tre posisjonsverba i seg sjølv"). Av den grunn er *ta* ein betre kandidat for grammatikalisering enn sine meir tydingssmale synonym *gripe* og *fange* (jf. Vannebo 2003: 179). *Ta* har på grunn av sin høgfrekvente bruk òg fått redusert si fonologiske form, jf. norrønt *taka* versus moderne norsk *ta(ke)/ta(ka)* (ein ser restar etter den fulle forma i nynorsk

---

<sup>3</sup> Andre PK-verb ser ikkje ut til å kunne brukast med seg sjølv utan at tydinga vert ugrammatisk eller repetitiv:  
?Han dreiv og dreiv butikk  
?Han stod og stod  
*Ta* skil seg frå andre PK-ar ved at verbet tilsynelatande ikkje kan verte tolka repetitivt.

*tek/tok/teke* og i bokmål *tok*. I avleiingar av *ta* ser ein òg den fulle forma; jf. nynorsk *deltakar*, *-taking*, *nærtakande* og bokmål *deltaker/deltager*, *-takelse*, */-tagelse*, *nærtagende*, der avleiingane med *g* er ei avleiing av den danske ekvivalenten *tage*).

*Ta* skil seg frå dei andre PK-typene ved at ein er rimeleg sikker på opphavet til konstruksjonen – som tidlegare nemnt finn ein belegg for konstruksjonen heilt tilbake til norrøn tid. Vannebo hevdar at konstruksjonen er oppstått som fylgje av at to parataktisk samanbundne setningar med ein felles referent i begge setningar har vorte reduserte til éi setning, der verbet *taka* i fyrste setninga utvikla seg til eit hjelpeverb, medan verbet i den andre setninga utvikla seg til å utgjere hovudverbet. Eit eventuelt objekt gjekk soleis over til å fungere som ei utfylling til heile verbfrasen:

*Konungr bað taka hann ok leiða \_\_ út.* (Vannebo 2003: 179).

Her har objektet *hann* vorte sletta etter andreverbet *leiða*, slik at ein har fått éi setning med to handlingar, men berre eitt objekt å knyte dei to handlingane til. Fordi objektet er identisk (koreferensielt) til begge verba, er det derimot overflødig å ha med objektet òg etter det andre verbet.

*Þá tók Skrymir \_\_ ok leysti nestbagga sinn.* (Vannebo 2003: 179).

Her har objektet *nestbagga* (ein slags sekk) vorte sletta etter fyrsteverbet *tók*. Fylgjande setningar demonstrerer alternativ sletting av objekt etter fyrste- og andreverb:

*Þá tóku þeir \_\_ ok brendu hekluna* ('Då tok dei \_\_ og brende **kappa**') (frå Sverres saga).

*Þá tóku þeir hekluna ok brendu \_\_* ('Då tok dei **kappa** og brende \_\_') (frå Flateyjarbok). (begge setningar frå Vannebo 2003: 179).

I tillegg listar Vannebo opp fleire døme på setningar med bleikt *ta*, setningar som viser at *ta* byrja å verte bleikt allereie i norrøn tid. Og allereie i norrøn tid byrja *ta* som hjelpeverb å verte semantisk forskove frå synonyma *gripe* og *fange*, i og med at desse verba opptre saman med *ta*:

*Verit nu buner við at taca oc gripa Jesum* ('Ver no klåre til å ta og gripe Jesus') (Vannebo 2003: 181).

Vannebo refererer òg til eit rettsdokument frå 1431, der han meiner bruken av *ta* viser at forteljaren impliserer at brotsverket er gjort med vilje (jf. Vannebo 2003: 182), noko som er evidens for at *ta*-konstruksjonen allereie på 1400-talet hadde gått over til å fungere aspektuelt og ekspressivt. *Ta* har, i motsetnad til dei øvrige PK-typene, belegg heilt tilbake til dei tidlegaste norrøne skriftene, i tillegg til å ha eit bruksområde og syntaktiske føringar dei andre PK-typene ikkje har.

Jørgensen (2000) set *ta* i klasse med PK-ar som skildrar suksessive handlingar, altså handlingar som skjer rett etter kvarandre og som regel er bundne til kvarandre av eit årsaksforhold. Ifylgje Jørgensen si inndeling hamnar *ta* og *V* då i klasse med *kome* og *V* og *gå* og *V* (sistnemnde har riktignok dobbeltmedlemskap, ettersom *gå* kan brukast både suksessivt og simultant, jf. ”Inndeling av PK-ar”). *Ta*, *kome* og *gå* har derimot lite anna til felles enn suksessiv bruk; *kome* og *gå* har ikkje dei same syntaktiske og semantiske eigenskapane som *ta* har, jf. fylgjande setningar:

- (a) *Det kom ein mann og slo av lyset.*
- (b) *\*Det tok ein mann og slo av lyset.*
- (c) *Det gjekk ein mann og slo av lyset.*
- (d) *Regnet kom og øydela avlinga.*
- (e) *?Regnet tok og øydela avlinga.*
- (f) *\*Regnet gjekk og øydela avlinga.*
- (g) *\*Lyset kom og slokna.*
- (h) *\*Lyset tok og slokna.*
- (i) *\*Lyset gjekk og slokna.*
- (j) *Ho kom og vart påkøyrd.*
- (k) *\*Ho tok og vart påkøyrd.*
- (l) *?Ho gjekk og vart påkøyrd. (men Ho gjekk hen og vart påkøyrd.)*

(a), (b) og (c) viser at medan *kome* og *gå* kan opptre i setningar med ’det’ som grammatisk subjekt, kan ikkje *ta* det. (d) (e) og (f) viser at berre *kome* kan opptre saman med subjektstypar som ikkje kan seiast å ha nokon eigentleg agentivitet; det er vanskeleg å omtale regn som ein person eller eit vesen. Sameleis vert (g), (h) og (i) ugrammatiske på grunn av agens sin inherente mangel på agentivitet; eit lys er ikkje eit levande vesen med vilje til å utføre noka handling. (j), (k) og (l) styrkar idéen om at det må vere ein viss grad av agentiv, viljestyrt åtferd dersom det skal vere grammatisk å bruke *kome*, *gå* og *ta* i PK-ar. Sjølv om (j) ikkje er direkte ugrammatisk, høyrer setninga etter mitt syn pussig ut, ettersom det vert antyda at ho kom til staden med det føremål å verte påkøyrd.

*Ta* og kan, på grunn av sin agentive, viljestyrte natur, ikkje stå i passiv (sjå òg kapitlet ”PK-ar og semantiske roller”):

*Dei tok og avliva hjorten* → *\*Hjorten tok og vart avliva* → *Hjorten vart avliva.*

### 3.1.3 Vere og

PK-ar med *vere og* som V1 vert brukte som uttrykk for sokalla fjern-lokativ (NRG 1997: 536), eller det Vannebo kallar ”distant locative” (Vannebo 2003: 166). Denne typen PK-ar ser ikkje ut til å fungere som markør av aspektuelle forhold i setninga, snarare ser dei ut til å referere til ei handling som ”foregår på et annet sted enn stedet der ytringa sies” (NRG 1997: 536):

*Han er og fiskar* (NRG 1997: 536)

*Barna er og leker i bakhagen* (s.st.)

Desse døma viser at handlinga går føre seg på ein annan stad enn der forteljaren oppheld seg, derav uttrykket ”fjern-lokativ”.

*Vere og* tek ofte adverbial som *av garde*, *av stad* og liknande som utfylling i tilfelle der staden det vert referert til ikkje vert spesifisert. Ofte tek verbet rett og slett berre *stad* som tillegg:

*Bonden er stad og mjølkar kyrne*

I motsetnad til *vere* sitt vanlegvis vide bruksområde vert verbet i PK-ar berre brukt lokativt, altso i tydinga ”å opphalde seg fysisk på ein stad”. *Vere og V* er lite skrive om, sjølv i litteratur som handlar om PK-ar. Utfrå semantikken i setningane er det rimeleg grunn til å tru at denne typen PK-ar skal tolkast simultant – for agens er på ein stad samstundes som han utfører handlinga uttrykt i V2. Konstruksjonen skildrar ein vedvarande situasjon som pågår på referansetidspunktet.

### 3.1.4 PK-ar med rørsleverb

*Gå* og *kome* har til felles at dei begge er rørsleverb, om enn i noko ulik grad. *Gå* er i seg sjølv atelisk medan *kome* er punktult, og difor vert bruksområdet deira ulikt. PK-ar med *dra* (i tydinga *fare*) som V1 vert òg rekna til denne typen konstruksjonar (jf. NRG 1997: 537), og implisitt vert då òg PK-ar med *fare* som V1 rekna med. Andre rørsleverb, som *køyre*, *springe* og *sykle* kan òg opptre i denne typen PK-ar:

*Han gjekk og henta seg eit kakestykke* (*gå og V*)

*Hun kjørte nettopp og handlet* (NRG 1997: 537) (*køyre og V*)

*Han dro og reparerte bilen* (same referanse) (*dra og V*)

*Dei fór på sjøen og fiska for ein time sia* (*fare og V*)

Medan rørsleverb som *kome*, *dra* og *fare* berre kan tolkast suksessivt, kan *gå* tolkast både simultant og suksessivt, jamfør fylgjande setningar:

*Vi gikk og kjøpte is* (NRG 1997: 537) (*gå og V*, suksessivt)

*Han gikk og furtet* (*gå og V*, simultant)

Slike PK-ar kan omskrivast til konstruksjonar med *for å* + infinitiv utan at det oppstår nokon større semantisk skilnad – V2 uttrykkjer soleis føremålet med å utføre rørsleverbet (*Dei fór på sjøen for å fiske / Dei fór på sjøen fordi dei skulle fiske*). Som i PK-ar med *vere* kan ein setje inn utfyllingar til V1 i form av ymse adverbial (*nettopp, på sjøen, til butikken*). PK-ar med rørsleverb som V1 skildrar som regel ei punktuell handling, ei hending som nettopp er byrja eller ei handling som skal til å skje.

PK-ar med *gå* i simultan tyding, derimot, kan nok seiast å uttrykkje ein vedvarande tilstand på lik linje med *vere*. Interessant nok skil simultan *gå og V* seg frå suksessiv *gå og V* og dei andre PK-ane med rørsleverb ved å ikkje kunne verte brukt lokativt. Ei heller er det snakk om at gåinga på noko måte uttrykkjer noko føremål med det å furte (ein treng ikkje *gå* for å furte, men ein må *gå* for å kjøpe seg ein is). På grunnlag av dette høyrer simultant *gå og* meir heime blant posisjonsverba enn blant rørsleverba, sjølv om verbet *gå* ikkje på nokon måte er eit posisjonsverb.

I afrikaans, ein vidareutvikla variant av nederlandsk som er snakka i Sør-Afrika, vert verbet *gaan* 'gå' brukt fullstendig aspektuelt dersom det inngår i rekkjeverbkonstruksjonar (eller serialverbkonstruksjonar) som fyrsteverb (jf. de Vos 2005: 124):

*Gaan lees sy die boek?* 'Skal ho lese boka?' / 'Kjem ho til å lese boka?' (s.st.).

Denne grammatikaliseringa av rørsleverbet som tilsvarende *gå* samsvarer med engelsk, som òg har ei liknande grammatikalisering av verbet *go* (setninga *She is going to go* er eit godt døme på *go* si veksling mellom å verte brukt med grammatisk og leksikalsk tyding). I begge språka vert rørsleverbet altså brukt til å perifrastisk uttrykkje futurum – eller nær fortid, sia det er snakk om noko som skal finne stad ikkje so langt fram i tid. Afrikaans er eit høgt analytisk språk nesten utan verbalmorfologi – skilnaden mellom fortid og notid, til dømes, er nesten utelukkande uttrykt gjennom perifrastiske konstruksjonar, bortsett frå i enkelte modale verb (jf. de Vos 2005: 116). Ikkje overraskande finn ein liknande tilfelle av grammatikalisering av dei tre posisjonsverba *sit*, *lê* og *staan* ('sitje', 'liggje', 'stå').

### **3.3 Inndeling i denne oppgåva**

I denne oppgåva har eg valt å operere med eit skilje mellom simultane og suksessive PK-ar. PK-ar med posisjonsverb som V1 vil då falle inn under kategorien simultane PK-ar. Desse har det til felles at handlingane alltid skjer samstundes, noko som er eit vesentleg trekk i enkelte

av momenta eg stiller som evidens for posisjonsverba som hjelpeverb. Suksessive PK-ar vil eg ikkje i same grad gå innpå i detalj.

## 4. Grammatiske grunnlagsomgrep

### 4.1 Grammatikalisering og semantisk bleiking

Grammatikalisering er ein type språkending der leksikalske einingar (innhaldsord) går over til å fungere som grammatiske einingar (funksjonsord) eller affiks. Med andre ord misser eit ord si opphavlege leksikalske tyding og tek i staden på seg rolla som ein markør av ein spesifikk grammatisk kategori. Eit klårt teikn på grammatikalisering er *semantisk bleiking* (eng. *semantic bleaching*, jf. Anderson 2006), eit sentralt omgrep i denne oppgåva. Bleiking kan skje i ulike grader, frå maksimal bleiking, der ordet har fullstendig mist si opphavlege tyding, til ei viss grad av bleiking, der ein berre ser små teikn til tydingsending.

I norsk finst der mange døme på grammatikalisering og semantisk bleiking. Til dømes tyder verbet *ha* i si leksikalske utgåve 'eige', som i setninga *Per har ein gard utafor Odda*. I setninga *Per har skote ein hjort* kan ein ikkje seie at *ha* tyder 'eige' – der fungerer *ha* utelukkande som eit hjelpeverb til hovudverbet *skote*. Denne hjelpeverbskonstruksjonen uttrykkjer den grammatiske kategorien presens perfektum – ein kategori som på norsk krev ein perifrastisk konstruksjon (i motsetnad til preteritum, som er ein morfologisk konstruksjon). *Ha* kan altso, i tillegg til si opphavlege tyding, òg fungere som eit temporalt hjelpeverb. Sameleis fungerer *verte* i setninga *Ho vart mor som 17-åring* annleis enn *verte* i setninga *Ho vart overrekt ein blome på 50-årsdagen*. I den fyrste setninga vert *verte* brukt i si opphavlege leksikalske tyding, medan *verte* i den andre fungerer som eit passivdannande hjelpeverb. Det kan òg leggjast merke til at *ha* og *verte* i si leksikalske tyding tek ein nominalfrase som utfylling (og *verte* òg kan ta som utfylling ein adjektivfrase), medan dei bleikte utgåvene tek ein *verbalfrase* som utfylling – eit av hovudkjenneteikna på hjelpeverb er at dei tek nettopp verbfrasar som utfylling. I tillegg til å gå over til å fungere som eit grammatisk ord, har *ha* og *verte* i hjelpeverbsfunksjonen mist si opphavlege leksikalske tyding – tydinga til verba har vorte semantisk bleikt (jf. Andersons term *semantically bleached*). Semantisk bleiking er eitt av dei viktigaste kjenneteikna på grammatikalisering.

Grammatikalisering er både ein stegvis prosess og eit flytande kontinuum. Fyrste steg er eit leksikalsk ord som heilt klårt har si fulle semantiske tyding intakt. Eit døme frå norsk er ordet *bak*. Dette ordet, som opphavleg tyda 'rygg' (jf. det engelske ordet *back*), vert ofte brukt som



eufemisme for bakenden på menneske og dyr, som i ordtøket ”Smaken er som baken”. Når *bak* vert brukt om rumpa til levande vesen, har ein altso å gjere med ordet i ei spesialisert tyding. Når ein derimot bruker *bak* om gjenstandar, som til dømes *bakenden* på bilen, har ein å gjere med ei bleikt utgåve av ordet; *bak* går frå å verte brukt på menneske og levande vesen til å i tillegg verte brukt om gjenstandar. *Bak* kan òg fungere som adverbial, som til dømes i setningar som ”*Bak* i rommet”, der heile konstruksjonen kan analyserast som ein lokativ (stadpresiserande) adverbialfrase. Endå eit steg vidare ser ein når *bak* inngår i samansetningar som *bakdel*, *bakende*, *baksida* og liknande. Ordet vert òg brukt som preposisjon. Ordet er i tillegg å finne i adverbialet *tilbake*, der ein har ein preposisjonsfrase ”*til bake*”, med *bak* i dativ; der har ordet lite med det leksikalske *bak* å gjere.

Det at ord vert grammatikaliserte og skiftar kategori, er ein del av ein større prosess som på engelsk vert kalla *cline*<sup>4</sup> (jf. Hopper/Traugott 2003: 6). Omgrepet vert diakront skildra som ein naturleg ”skogsstig” som former oppstår langs, og synkront som eit kontinuum der ein har leksikalske former på den eine sida og grammatikaliserte former på den andre (s.st.). Desse stigane der former oppstår, vert av enkelte lingvistar (t.d. Heine 1991a: 222 og Lehman 1995[1982]; begge siterte gjennom Hopper/Traugott 2003: 6) kalla *grammatikaliseringskanalar* (eng. *grammaticalization channels*). Desse kanalane kan i sin tur ha visse punkt i seg der språkfenomen kan samle seg. Kor desse punkta er, meiner ein er meir eller mindre tilfeldig. Trass i at det herskar usemje blant lingvistar om naturen til desse punkta (til dømes om ei form skal plasserast mot den leksikalske eller den grammatiske enden av *cline*-en), so vil lingvistar flest einast om rangeringa av *cline*-punkt (jf. Hopper/Traugott 2003: 7):

Innhaldsord (*content item*) > grammatisk ord (*grammatical word*) > klitikon (*clitic*) > bøyingsaffiks (*inflectional affix*)

Ei rekkje alternative *clines* har vorte føreslegne, mest på bakgrunn av at enkelte lingvistar meiner at det finst ord som bryt denne rangeringa språkspesifikt (Anderson 2001: referert gjennom Hopper/Traugott 2003: 7). Ei alternativ *cline*-rangering er å stille dei opp etter kor tett knytte dei er til hovudet i frasen – til dømes kor tette syntaktiske band (*bondedness*) det er mellom eit hjelpeverb og eit hovudverb; eit kontinuum der perifrastisk binding er den lausaste graden av syntaktisk binding, og morfologisk binding den tettaste.

---

<sup>4</sup> Det har ikkje lukkast meg å finne eit dekkjande norsk ord for *cline*.

Fører ein rangeringa basert på syntaktisk binding over til norsk verbbøying, vil alle hjelpeverbskonstruksjonar, so vel som PK-ar, hamne over i perifrastisk binding, altså den lausaste grada av syntaktisk binding. Berre presens- og preteritumsformer av norske verb har morfologisk bøying, om ein ser vekk frå sokalla *morfologisk passiv* (*kastes, kastast*)<sup>5</sup>. Partisippformer har riktignok ofte ei eiga morfologisk bøying som skil seg frå andre former av verbet, men dei krev eit førestilt finitt verb for at konstruksjonane skal vere grammatisk korrekte, eller for at partisippformene ikkje skal forvekslast med andre former av verbet.

Synkront har presens og preteritum av norske verb morfologisk bøying. Diakront har ikkje dette alltid vore tilfelle. Medan sterke verb vert bøygd morfologisk i sokalla avlydsrekkjer, har svak verbbøying truleg oppstått ved perifrase. Ein del germanske lingvistar (deriblant Harbert 2007: 276) hevdar at svake verb i dei germanske språka har oppstått ved å etterstille preteritumbøyinga av verbet *\*do(n)/\*to(n)* (*gjere*, jf. engelsk *do* og tysk *tun*) til infinitivsforma av hovud verbet. Ein kan ane restar av dette verbet i form av dentalsuffikset i til dømes den norrøne preteritumsforma *kastaði*.

Morfologisk passiv var i si tid òg perifrastisk. -st i *hentast, finnast, elskast* og liknande skriv seg frå det norrøne refleksivpronomenet *sik*, som i til dømes *elska sik* ('elske seg'). Etter kvart har *sik* gått frå å vere eit etterstilt pronomen til å verte suffigert til verbet; på norrønt var dette suffikset -*sk* (jf. Haugen 2002: 205).

Overgangen frå perifrase til suffigering er eit fenomen ein òg finn utafor germanske språk. Til dømes kan fransk futurum markerast både perifrastisk, som i setninga *Nous allons chanter* ('Vi skal/kjem til å syngje'), og morfologisk, som i setninga *Nous chanterons* ('Vi skal/kjem til å syngje'). Den morfologiske forma har opphav i den perifrastiske latinske konstruksjonen *cantare habemus* ('vi må/har å syngje'). Denne perifrastiske konstruksjonen avløyste sjølv i si tid den morfologiske *cantabimus* (jf. Hopper/Traugott 2003: 8–9). Dette viser at den historiske utviklinga kan gå både frå perifrase til suffigering, og til perifrase igjen gjennom syntaktiske innovasjonar. Ein ser her i tillegg at perifrastiske og suffigerte konstruksjonar kan opptre side om side med kvarandre i eit språk.

Desse døma viser at perifrase er fyrste steg på veg mot grammatikalisering av eit ledd i ein frase, og at bøyingsaffiks er siste steg. Dømet med fransk futurum viser i tillegg at denne

---

<sup>5</sup> Morfologisk passiv har ein kontroversiell status i norsk. Det herskar usemje i spørsmålet om denne verbforma er ei bøying eller ei avleiing. Ein av skilnadene mellom bøying og avleiing er at medan avleiingar kan danne nye ord, kan ikkje bøyingar det. Bøyingar vil heller aldri skifte tyding frå grunnordet, medan avleiingar ofte vil det. I teorien medfører dette at til dømes *kastast* kan sjåast på som ei bøying, medan *finnast* er ei avleiing. *Kastast* tyder 'verte kasta', men *finnast* tyder ikkje 'verte funnen', men derimot 'eksistere'. Ut frå denne markante semantiske endringa kan *finnast* sjåast på som eit nytt ord. Norske ordbøker vil som regel liste opp avleiingar av eit ord, men ikkje bøyingsformene – *finnast* står i ordboka, *kastast* gjer det ikkje. Slike skilnader gjer statusen til morfologisk passiv usikker.

prosessen like godt kan gjenta seg med nye perifrastiske konstruksjonar, slik at ein får ein ny grammatikaliseringsspross. Det at verb i hjelpeverbskonstruksjonar allereie er knytte syntaktisk til kvarandre, kan vere eit fyrste steg i prosessen mot fullstendig grammatikalisering. Som historia viser, kan det som er perifrastisk bunde i dag, vere morfologisk bunde om tusen år. I prinsippet vil nok difor hjelpeverb før eller seinare verte affigert til hovudverbet, sjølv om det i skrivande stund verkar både framandarta og bortimot utenkjeleg. Ein av grunnane kan vere at andre ledd ofte går mellom hjelpeverbet og hovudverbet.

#### 4.1.1 PK-ar på eit grammatisk kontinuum

Til no har eg omtala PK-gruppene *drive*, *ta*, posisjonsverb-PK-ar, PK-ar med rørsleverb og kommunikasjonsverb-PK-ar. For å ta ein praktisk repetisjon, er posisjonsverb-PK-ar PK-ar med *sitje/liggje/stå* som V1. PK-ar med rørsleverb er PK-ar med *gå/kome/køyre* og liknande som V1. PK-ar med kommunikasjonsverb er PK-ar med *ringje/skrive* og tilsvarande verb som V1. Sjølv om dei alle formelt sett er PK-ar, er dei ikkje like grammatikaliserte. PK-ar med *drive* og *ta* som V1 viser alle teikn på både grammatikalisering og semantisk bleiking; *drive* tyder ikkje lenger 'å drive rundt' (intransitiv tyding) eller 'å drive med noko' (transitiv tyding), men vert utelukkande brukt for å gje konstruksjonen ei aspektuell tyding – mest typisk ei agentiv, habituell og av og til iterativ (gjentakande) tyding. *Ta* tyder ikkje lenger å 'ta noko' i ordet sin bokstavlege forstand, her vert *ta* i likskap med *drive* brukt aspektuelt. (For ei nærare utgreiing av *drive* og *ta*, sjå deira respektive kapittel.) Det er openbert at desse to verba har hjelpeverbeigenskapar, og dei er heilt klårt dei to mest grammatikaliserte V1-ane av PK-ane. Desse to verba vil difor representere ytterpunktet i eit grammatisk kontinuum der V1 i PK-ar er rangerte frå minst til mest grammatikalisert.

I motsett ende av kontinuumet finn ein kommunikasjonsverba. PK-ar som *ringje* og *bestille* (*pizza*) og *skrive* og *klage* viser ingen nemneverdig grad av V1-grammatikalisering eller semantisk bleiking; her ringjer nokon bokstavleg tala og bestiller noko. Desse vert rekna som PK-ar utelukkande på grunn av sin syntaktiske likskap med andre PK-ar. Bortsett frå strukturen har dei lite til felles med *drive* og *ta*-PK-ar. Dei er òg suksessive (skjer rett etter kvarandre), i motsetnad til *drive* og PK-ar med posisjonsverb, som er simultane. Deira suksessive oppbygning set dei i same handlingsmessige klasse som *ta*-PK-ar og PK-ar med rørsleverb.

Snakkar ein om rørsleverb, deler klassen seg i to når det gjeld handling. I PK-ar med *kome*, *dra*, *fare* og *køyre* som V1, har ein suksessive PK-ar – to åtskilde handlingar som skjer etter kvarandre, men som er bundne til kvarandre av eit årsaksforhold (A må skje før B kan skje). Her kan ein ikkje snakke om at V1 er semantisk bleikt, for ein utfører jo bokstavleg tala V1. PK-ar med *gå* som V1, derimot, demonstrerer *gå* sitt vide bruksområde. Dersom noko rørsleverb har hjelpeverbspotensial, er det *gå*. I PK-ar vert *gå* brukt både suksessivt og simultant (jf. ”PK-ar med rørsleverb”); ein kan både *gå* og kjøpe seg ein is (suksessivt), eller ein kan *gå* og furte (simultant). Medan det i suksessiv bruk er legitimt å tru at vedkomande faktisk *går* og kjøper seg noko (sia det å *gå* her er naudsynt for å få utført handlinga uttrykt i V2), er det i simultan bruk noko annleis; det er ikkje so sikkert at vedkomande faktisk *går* medan han furtar – det å *gå* er ikkje naudsynt for å få utført handlinga ’å furte’. Akkurat som ein har posisjonsverb som ikkje alltid treng å tolkast bokstavleg når V2 er posisjonsnøytralt, har ein her å gjere med eit rørsleverb som vert brukt med eit ”rørsle-nøytralt” V2. *Gå* har av den grunn dobbeltmedlemskap – som suksessivt og ikkje-bleikt og simultant og bleikt. Medan kommunikasjonsverba ligg i motsett ende av *drive* og *ta* på kontinuumet, ligg suksessive rørsleverb nærare kommunikasjonsverba – men simultant *gå* ligg nok nærare *drive* og *ta*.

MEST GRAMM.		MINST GRAMM.		
<i>drive, ta</i>	<i>gå</i> (sim.)	<i>gå</i> (suks.), rørsleverb	pos.verb	komm.verb

Figur 1: Omtrentleg plassering av dei ulike PK-verba på eit grammatisk kontinuum.

## 4.2 Hjelpeverb og deira kjenneteikn

For å halde fram med å prøve ut V1 i PK-ar som hjelpeverb, er det fyrst viktigast å få på plass kva som er meint med nemninga “hjelpeverb”. Trass i at nemninga er særst vanleg innafor lingvistikken, er det likevel på sin plass å liste opp eit sett utvitydige kjenneteikn på hjelpeverb og hjelpeverbkonstruksjonar. Anderson (2006) definerer hjelpeverbkonstruksjonar – eller HVk – (“auxiliary verb constructions”, AVC) som ”... mono-clausal form-function continua that include serial verb constructions, clause-chaining, and verb plus complement clause combination on the one hand and tense-aspect-mood affixes on the other.” (Anderson 2006: 4). HVk-ar kan altså vere alt frå rekkjeverbkonstruksjonar (òg kalla serialverbkonstruksjonar etter mønster av engelsk *serial verb constructions*, som er

konstruksjonar med to eller fleire verb etter kvarandre<sup>6</sup>), til setningsleddsamanbinding og til affiks som bestemmer tempus, aspekt og/eller modus. Akkurat som grammatikalisering som fenomen går over eit kontinuum (jf. Hopper/Traugott 2003) og ikkje er ein dikotomi (anten/eller-definisjon), gjeld det same HVk-ar. Deira ulike syntaktiske konstruksjonar gjer HVk-ar til ei mangearta gruppe.

Anderson peiker vidare på at eit hjelpeverb må vere iallfall ein tanke semantisk bleikt ("semantically bleached") og at det må vere grammatikalisert til å uttrykkje éin eller fleire verbkategoriar, "...most typical aspectual and modal categories..." (Anderson 2006: 4). Eit hjelpeverb er òg eit leksikalsk element som "...in combination with a lexical verb forms a monoclausal verb phrase with some degree of (lexical) bleaching that performs some more or less definable grammatical function..." (Anderson 2006: 5). HVk-ar er altso sedde på som éi syntaktisk eining med ei viss grad av bleiking som utfører ein meir eller mindre spesifikk grammatisk funksjon. Definisjonen til Anderson er etter mitt syn den mest presise når det gjeld å kjenne igjen HVk-ar.

NRG (1997) seier om hjelpeverb at dei har grammatisk tyding, dvs. at dei "fungerer på liknende måte som en bøyningssendelse, og at [de] angir visse grunnleggende grammatiske forhold [...] ved setningen." (NRG 1997: 516). NRG sin definisjon er med andre ord ikkje so ulik frå Anderson sin, bortsett frå at NRG ikkje listar opp semantisk bleiking som eit av kjenneteikna. NRG skil mellom temporale, passivdannande og modale hjelpeverb. Ifylgje NRG kan hjelpeverba i tillegg kjennast igjen på at dei ikkje kan gjentakast med pro-verbet *gjere*, og at dei tek eit verb som utfylling (anten i partisippform eller i infinitiv).

Desse kjenneteikna gjer PK-ar til eit noko problematisk fenomen å kategorisere. Er fyrsteverbet i PK-ar alltid semantisk bleikt til ei viss grad? Utfører alltid V1 ein meir eller mindre spesifikk grammatisk funksjon? Er det tale om éi syntaktisk eining? Kvifor er hjelpeverbstatusen til PK-ar sopass problematisk? NRG skriv at ettersom norsk har utvikla seg frå eit syntetisk (bøyingsrikt) til eit analytisk (bøyingsfattig) språk, har det skjedd ei omlegging av den syntaktiske strukturen. Ein del av denne omlegginga har vore utviklinga av hjelpeverb (jf. NRG 1997: 517), og denne omlegginga har ført til varierende grad av grammatikalisering av hjelpeverb; enkelte verb er "reine grammatiske ord, mens andre har en mer uklar status og skifter mellom å være leksikalske eller grammatiske ord." (NRG 1997: 517). På dette grunnlaget medgjev NRG at dei har utelate verb som uttrykkjer aspektuelle

<sup>6</sup> I enkelte norske dialektar, til dømes dialektane i indre Agder og Telemark, finn ein PK-ar *utan* konjunksjon (jf. NRG 1997: 535). På linje med modale hjelpeverb kan V1 ta utfyllingar utan konjunksjon: "Han **stod plumpa** nevestore steinar uti vatnet" (Vesaas 1957, sitert gjennom NRG 1997: 535). Her er det snakk om "ekte" rekkjeverbkonstruksjonar, ettersom ein har to verb etter kvarandre utan noka form for mellomledd. Slike konstruksjonar er med på å styrkje statusen PK-ar har som hjelpeverb.

forhold – der PK-ar er ei av desse gruppene av hjelpeverb. Med andre ord ser NRG ut til å halde PK-ar utafør dei eigentlege hjelpeverba på grunn av dette stadige skiftet PK-verb har mellom å vere leksikalske og grammatiske ord.

På grunnlag av Anderson og NRG sine observasjonar, listar eg her opp nokre kjenneteikn på hjelpeverb, dels universelle, dels spesifikke for norsk:

- 1) Semantisk bleiking – i større eller mindre grad. Hjelpeverbet åleine vil som regel ikkje ha noko semantisk eller leksikalsk innhald; det leksikalske er å finne i hovudverbet V2 medan det semantiske er å finne i sjølve konstruksjonen.
- 2) Grammatikalisering – at hjelpeverbet uttrykkjer eit grammatisk aspekt ved hovudverbet V2, som til dømes tempus, diatase (aktiv/passiv), modus eller aspekt. Det er ikkje uvanleg at hjelpeverbet uttrykkjer to eller fleire av desse grammatiske aspekta samstundes.
- 3) Hjelpeverbet tek eit verb som utfylling, mest typisk ei partisippform eller infinitiv. Døme er verbfrasen *skal lese i Eg skal lese til prøva*, der utfyllinga til hjelpeverbet *skal* er ei infinitivsform. I verbfrasen *har gått* er utfyllinga ei partisippform. I motsetnad til transitive hovudverb kan ikkje hjelpeverb ta nomenfrasar som utfylling.
- 4) Hjelpeverb vert som regel ikkje erstatta med pro-verbet *gjere*, men vil verte repeterte, medan hovudverb vert erstatta med *gjere*. (Verbet *få*, derimot, som NRG ser på som eit hjelpeverb (jf. NRG 1997: 517), ser ut til å vere eit nemneverdig unntak, sia det både kan erstattast med *gjere* og repeterast. Døme er setninga *Truls fekk ny jobb og det fekk (eller gjorde) Sara òg.*)
- 5) Hjelpeverb utgjer éi syntaktisk eining der det er tale om éi hending, til trass for at konstruksjonen inneheld to eller fleire verb.

Hjelpeverb, som namnet viser til, fungerer altso som ein *hjelpar* til hovudverbet ved å uttrykkje eit grammatisk forhold hovudverbet sjølv ikkje er i stand til å uttrykkje morfologisk. På den måten dannar hjelpeverbet og hovudverbet saman ein perifrastisk konstruksjon som uttrykkjer anten tid, diatase, modalitet eller aspekt (eller fleire av desse kategoriane samstundes). I norsk kan ein berre i eit avgrensa omfang markere morfologisk desse grammatiske kategoriane (sia moderne norsk i høg grad er eit analytisk språk). Dermed må ein markere kategoriane perifrastisk med ein hjelpeverbkonstruksjon.

For å gjenta definisjonen på ein HVk: ein HVk er ein konstruksjon som består av éi syntaktisk eining (med ei viss grad av semantisk bleiking) som utfører ein meir eller mindre spesifikk grammatisk funksjon i setninga. V1, som er hjelpeverbet i konstruksjonen, vil ta ein verbalfrase som utfylling i staden for ein nomenfrase.

#### 4.2.1 PK-ar og presens partisipp

Ettersom PK-ar er koordinasjonar på overflata, og er bundne saman av den sideordnande konjunksjonen *og*, skulle ein tru at dei to verba alltid vil ha same morfologiske form same kva tempus dei står i. Dette prinsippet gjeld for dei fleste formene:

**Presens:** *Han står og ventar*

**Preteritum:** *Han stod og venta*

**Perfektum partisipp:** *Han har stått og venta*

**Infinitiv:** *Han vil stå og vente*

I alle desse formene har dei to verba som utgjer PK-en same form, ettersom dei inngår i ein koordinasjon. Ser ein derimot på presens partisipp, ser ein noko underleg:

*Han stod og venta* → *Han vart ståande og vente*

Til trass for at dei to verba framleis utgjer ein koordinasjon på overflata, står dei likevel ikkje i same form. Medan V1pos som forventa står i presens partisipp, står V2 i infinitiv. Denne bruken av eksepsjonell (uventa) verbform gjer PK-ar i presens partisipp til ein markert konstruksjon – og er nok grunnen til at mange feilaktig skriv infinitivmerket *å* i staden for konjunksjonen *og* (*ståande å vente* i staden for *ståande og vente*). I utgangspunktet skulle ein forvente at dei to verba hadde same forma òg i presens partisipp, men PK-ar som står i denne infinitte verbforma er eit markert unntak.

#### 4.2.2 PK-ar og semantiske roller

Når det gjeld diatese, kva rolle verbet tildeler agens og patiens, ser ein at PK-ar skil seg ut frå vanlege koordinasjonar. I passivsetningar oppfører PK-ar seg atypisk i forhold til vanlege koordinasjonar. Her viser dei åtferd som er meir karakteristisk for typiske hjelpeverbkonstruksjonar. Det er til dømes berre V2 som undergår den verbale omdanninga ei passivsetning fører med seg, jf. fylgjande setning:

(a) *Mora sat og mata ungen*

(b) *Ungen sat og vart mata (av mora)*

(c) *\*Ungen vart seten og mata (av mora)*

Som ein ser her, er det berre *mate* som vert gjort om til den passive verbalforma *bli/vert*+perfektum partisipp. Dette er òg tilfelle med dei andre PK-typane, med unntak av *ta*, som, på grunn av at *ta* berre vert brukt ved agentive, viljestyrte handlingar, ikkje kan stå i

passiv (sjå òg kapitlet ”Ta og V”). Det at V1 ser ut til å skifte deltakar å knyte seg til (frå agens til patiens), ser ein òg i typiske hjelpeverbskonstruksjonar:

- (d) *Bonden vil mate grisane*
- (e) *Grisane vil verte mata (av bonden)*
- (f) *\*Grisane vert vilja mata (av bonden)*
- (g) *Bonden har mata grisane*
- (h) *Grisane har vorte mata (av bonden)*

I vanlege koordinasjonar ser ein ikkje dette skiftet av semantisk rolle for V1:

- (i) *Fiskaren reinska og sløgde fisken*
- (j) *Fisken vart reinska og sløgd (av fiskaren)*
- (k) *\*Fisken reinska og vart sløgd (av fiskaren)*

Kjenneteikna til den semantiske rolla agens er at agens er viljemessig involvert i handlinga, at han sansar eller erkjenner noko, at han utløyser ei hending eller ei endring av tilstanden hjå ein annan deltakar, og at han er i rørsle eller er den aktive parten i forhold til ein annan deltakar; agens er den aktive parten (jf. Theil Endresen m.fl. 2000: 64). Det som er karakteristisk for patiens, er at han gjennomgår endring av sin opphavlege tilstand, vert påverka av ein annan deltakar, og at han som oftast står stille i forhold til rørsle til ein annan deltakar; patiens er den passive parten (jf. Theil Endresen m.fl. 2000: 65).

Dei modale hjelpeverba skil seg frå dei fleste andre verb ved å ha lite leksikalsk innhald. I tillegg er det ofte ikkje eigentlege handlingar modale hjelpeverb uttrykkjer. Sjølv i si ugrammatikaliserte tyding (i tydinga ’å meistre noko’) er det vanskeleg å snakke om til dømes *kunne* som ei handling; det er til dømes ikkje ein aktivitet å *kunne* symje. Her er det berre ei evne eller ein ibuande eigenskap som er uttrykt, ikkje ei handling. Ei heller er det ei eigentleg handling å *måtte* noko, å *vilje* noko, å *skulle* noko eller å *burde* noko. At det ikkje er eigentlege handlingar det er snakk om, ser ein ved at ingen av dei modale hjelpeverba kan brukast i imperativ – ein kan ikkje be nokon om å *måtte* noko. Denne avgrensinga av bruksområde gjer at hjelpeverba er lite ”semantisk kvalifiserte” til å dele ut roller som agens og patiens. Når dei ikkje kan knyte seg til agens eller patiens, er deira einaste løysing å knyte seg til det leksikalske verbet – sjølv verbalhandlinga.

I setninga *Grisane vil verte mata* seier ikkje *vil* noko om kva korkje grisane (eller bonden i den aktive setninga) *vil*, men berre sannsynet for at handlinga uttrykt i V2 *vil* finne stad. Her ser ein med andre ord døme på korleis eit fullstendig grammatikalisert hjelpeverb opererer i ei setning. Som frittståande verb viser *vilje* derimot kva agens *vil*: *Grisane vil matast*, sjølv om ei slik setning òg kan tolkast som ei hjelpeverbssetning, spesielt ei setning som *Bonden vil*



*mate grisane* – er det her tale om sannsyn for at sjølve handlinga *mate* vil finne stad, eller tale om bonden sitt eige ynske om å mate grisane?

Det at *sitje/liggje/stå* kan opptre på same måte i passivsetningar, og difor ser ut til å knyte seg til V2, ikkje til agens eller patiens, er etter mitt syn evidens for at V1pos formelt sett bør sjåast på som hjelpeverb, på lik linje med dei modale hjelpeverba. I setninga *Grisane stod og vart mata* er det, etter modell av modale hjelpeverb, ikkje vesentleg om grisane *står, ligg* eller *sit*, men at sjølve handlinga *mate* går føre seg på referansetidspunktet – til skilnad frå setninga *Grisane vart mata*, som ber preg av at handlinga vert ferdig på referansetidspunktet. Ved å bruke V1pos får ein fram den aspektuelle distinksjonen som i engelsk er uttrykt gjennom fylgjande:

*The farmer feeds the pigs (every day)* → *Bonden matar grisane*

*The farmer is feeding the pigs (right now)* → *Bonden står og matar grisane*

*The pigs are fed (every day)* → *Grisane vert mata*

*The pigs are being fed (right now)* → *Grisane står og vert mata*

På den andre sida har V1pos eit avgrensa bruksområde. Det er ikkje alle patiensobjekt som like naturleg kan ta til seg V1pos, jamfør fylgjande døme:

(a) *Jarle sit/ligg/står og les avisa*

(b) *\*Avisa sit/ligg/står og vert lesen (av Jarle)*

(c) *Dagny sit og matar babyen*

(d) *Babyen sit og vert mata (av Dagny)*

Det som skil patiens i (b) frå patiens i (d), er at (b) er eit *sjellaust* objekt, eller ein gjenstand, (engelsk *inanimate object*), medan (d) har eit levande objekt (engelsk *animate object*) som patiens. Sia ei setning som *Avisa vil verte lesen (av Jarle)* er meir akseptabel (om enn ein tanke markert), kan dette tyde på at V1pos ikkje er so grammatikalisert som modale hjelpeverb. Ifylgje Kutevas grammatikaliseringsskjede (jf. eige kapittel), ligg modale hjelpeverb, som kan brukast både om levande objekt og gjenstandar, på steg 3 og 4, medan posisjonsverb, som på visse felt ikkje kan brukast om gjenstandar, ligg på steg 2, der objektet typisk er eit levande vesen. Det er til dømes ikkje noko problem for ein gris å sitje, stå eller liggje – det er verre for ei avis.

Det kan synast som ei sjølvmotseiing at V1pos ser ut til å vere nøytralt til den semantiske rolla til objektet det knyter seg til, men ikkje til graden av *animatheit* (eng. *animacy*) det har. Dette kan sjåast på som evidens for at V1pos knyter seg til agens (der det er nøytralt med omsyn til animatheit), og ikkje patiens (der det tilsynelatande berre vel levande objekt) – men det kan ikkje forklåre kvifor setning (d) er grammatisk medan (b) er ugrammatisk. Og, sist

men ikkje minst, dersom V1pos faktisk knyter seg til det syntaktiske subjektet, so vil heller ikkje det forklåre den grammatiske motsetnaden mellom (b) og (d).

Forklåringa kan liggje i sjølve naturen til gjenstandar. Det aviser, tre, bøker, hus og vegar har til felles, er at dei av natur manglar agentivitet; dei kan ikkje gjere noko som helst av di dei berre er gjenstandar, ikkje vesen med evne til å handle. Sia ei passivsetning nettopp understrekar *passivitet*, vil ei slik setning vere overflødig når det er snakk om inherent passive objekt. Om ein baby er aldri so passiv og hjelpelaus, er han likevel eit levande vesen med *potensial* til å utføre ei handling. Ei avis vil aldri kunne gjere noko som helst, ho har ikkje potensial til å utføre ei handling. Difor vil setning (b) opplevast som ugrammatisk eller i beste fall underleg. Det faktum at sjølv fullstendig bleikte og grammatikaliserste PK-V1 som *drive* og *ta* sjeldan kollokerer med uttrykk for gjenstandar, viser dette. Både *drive* og *ta* har ein dimensjon av agentivitet over seg:

- (a) *Laura driv og vatnar blomane*
- (b) *?Blomane driv og vert vatna (av Laura)*
- (c) *Jonas tok og slo plenen*
- (d) *\*Plenen tok og vart slegen (av Jonas)*

Posisjonsverba vert brukte for å understreke det durative og ofte statiske aspektet til ei handling – og ting som ikkje har potensial til å utføre handlingar, kan ergo ikkje brukast. Dette kan vere evidens for at det er gjenstanden som gjer setninga ugrammatisk og ikkje verba. Dette er på den andre sida ikkje ein fullstendig vasstett hypotese, jf. fylgjande setningar:

- (a) *Laura les avisa*
- (b) *Avisa vert lesen*
- (c) *Nils kjøpte tre flasker vin på polet*
- (d) *Tre flasker vin vart kjøpte på polet*
- (e) *Vi køyrde over Gaularfjellet i fjor sommar*
- (f) *?Gaularfjellet vart køyrt over i fjor sommar*
- (g) *Eg flytta til Bergen i 2002*
- (h) *?Bergen vart flytta til i 2002 (av meg)*
- (i) *Gaularfjellsvegen vart bygd nærast på dugnad i si tid*
- (j) *Bergen vart grunnlagt i vikingtida*

Medan (b) og (d) er markerte, men ikkje ugrammatiske, kan nok dei fleste lure litt på (f) og (h), som er setningar ein rett og slett korkje ser eller høyrer. (i) og (j) derimot, er heilt ordinære setningar. Byttar ein ut det sjellause objektet i (f) *Gaularfjellet* med eit levande

objekt *Magnar*, får ein den heilt akseptable setninga *Magnar vart køyrd over i fjor sommar* – dette provar at det tilsynelatande er patiens som gjer passivsetninga ugrammatisk. (h), på den andre sida, vil høyrast like underleg ut med eit levande objekt: *?Trude vart flytta til i 2002 (av meg)*. Medan Gaularfjellet ikkje vert påverka av eller endrar tilstand som fylgje av at nokon køyrer over det (og difor ikkje demonstrerer eigentlege patienskjenneteikn anna enn stillstand i forhold til annan deltakar), kan ein ikkje seie det same om *Magnar*. *Bergen* vert heller ikkje påverka eller endra av at nokon flyttar dit. *Trude*, derimot, kan verte påverka av at nokon flyttar til ho – likevel høyrast den setninga tvilsam ut. (i) og (j), der objektet i likskap med *Trude* gjennomgår endring av tilstand og vert påverka av ein annan deltakar, har ikkje denne pussige klangen. Grunnen til at *?Trude vart flytta til (av meg)* er markert, kan vere at det finst uttrykksmåtar som er langt vanlegare og langt mindre markerte. Dersom ein vil framheve den som agens flytta til, vil ein heller bruke ei setning à la *Trude fekk ein ny leigebuar*. (i) og (j) kan knapt formulerast annleis, spesielt (i), der agens er irrelevant eller ukjend.

Når det gjeld (primært intransitive verb) som ikkje skildrar eigentlege agentive handlingar, kan sjellause objekt opptre:

- (a) *Treet står og blomstrar i hagen*
- (b) *?Treet driv og blomstrar i hagen*
- (c) *\*Treet tok og blomstra i hagen*

Setningane (a)-(c) viser at posisjonsverba er nøytrale med omsyn til agentivitet eller om aktiviteten er viljestyrt eller ikkje. Denne observasjonen er svært viktig, ettersom han kan vere sjølv grunnen til at posisjonsverb er nytta i PK-ar i det heile. *Drive* kan i liten grad nyttast om ikkje-agentive handlingar – *ta* kan ikkje nyttast i det heile. Posisjonsverb, derimot, viser ingen restriksjonar på dette området. Dette må ikkje tolkast som at *drive* som V1 er eldre enn posisjonsverba er, eller at posisjonsverba har kome til som eit supplement til *drive* og *V*. Mest sannsynleg er det omvendt, dvs. at *drive* og *V* har kome til som ein middelveg mellom det klårt agentive *ta* og *V* og dei agentivitetsnøytrale posisjonsverba. Posisjonsverba viser i seg sjølv stor likskap med *vere*, noko eg har skriva om tidlegare i oppgåva.

### **4.3 Aksjonsart og aspekt**

Sentrale stikkord når det gjeld PK-ar og HVk-ar, er omgrepa aspekt og aksjonsart. Ifylgje NRG (1997) skildrar aksjonsart "...handlingas interne tidsforløp slik dette er fastlagt gjennom verbets eller verbfrasens semantikk" (NRG 1997: 637), altså ibuande leksikalske forhold ved

verbet. I motsetnad til aspekt, som er "...en måte å betrakte en handling eller en situasjons interne tidsforløp på..." (NRG 1997: 644), er aksjonsart ein objektiv måte å sjå på handlinga på. Skiljet mellom aksjonsart og aspekt er ikkje heilt uproblematisk, noko eg vil kome tilbake til i "Skilnaden mellom aspekt og aksjonsart".

NRG skil mellom fire dikotomiske (anten/eller) faktorar når det er snakk om handlinga sin aksjonsart: faktorane +/- durativ, +/- dynamisk, +/- telisk og +/- iterativ. Durativ aksjonsart vert brukt om verb som uttrykkjer ei handling med uavgrensa utstrekning i tid, i motsetnad til ikkje-durative, eller punktuelle handlingar (NRG bruker i tillegg termen "momentan" om ikkje-durative handlingar). Døme på durative verb er *arbeide, bu, elske, hate, liggje, sitje, stå, sove*. Punktuelle verb skil seg som sagt frå dynamiske ved at heile handlinga skjer på éin gong, momentant (jf. NRG 1997: 638); punktuelle verb kan difor ikkje seiast å ha korkje eit tidsforløp eller fasar ved handlinga. Døme på punktuelle verb er *finne, møte, kome, hoste, treffe, vinne*.

Dynamiske verbalhandlingar (underordna durative) er kjenneteikna ved at dei er ikkje-statiske (har fasar), og at dei krev "tilførsel av energi" (NRG 1997: 639) for å kunne skje. Det at dei har fasar, inneber òg at dei inneheld ei form for endring. Døme på dynamiske verbalhandlingar er *leike, arbeide, forsvinne, drukne*. Ikkje-dynamiske, eller statiske, verbalhandlingar krev ikkje tilførsel av energi, og det er her snakk om vedvarande eller (so godt som) permanente tilstandar; *bu, vete, eige, heite*. Her er alle fasane like – det er dermed ikkje snakk om noka eigentleg endring.

Durative verbalhandlingar som kan seiast å ha eit naturleg sluttunkt, eller førestilling om eitt, har telisk aksjonsart (etter *telos*, det greske ordet for 'mål', 'fullføring'). Teliske verbalhandlingar (*drukne, forsvinne, ete opp*) skil seg altså frå ateliske verbalhandlingar ved at dei har ein naturleg slutt, i motsetnad til ateliske, som i prinsippet kan halde fram i det uendelege (*leike, syngje, spele, telje, ete*). Ateliske og teliske verbalhandlingar kan i tillegg skiljast frå kvarandre ved bruk av utfyllingar. Til dømes er *ete* atelisk, medan *ete opp* er telisk. *Ete kake* er atelisk, medan *ete éi kake* er telisk. Preposisjonane *i* og *på* kan brukast for å vurdere om ei handling er telisk eller atelisk; dersom ein kan bruke *på*, er handlinga telisk – kan ein bruke *i*, er handlinga atelisk:

*Han åt opp eplet på fem minutt* (telisk)

*Han åt eple i fleire timar* (atelisk)

Durative verbalhandlingar som er ateliske, kan anten vere iterative eller ikkje-iterative. Denne aksjonsarten er kjenneteikna ved at iterative verb i seg sjølv uttrykkjer ei gjenteken handling (*blafre, flakse, hikste, vrikke*) og at desse verba difor ikkje treng å redupliserast slik

ikkje-iterative verb må (*hoppe og hoppe, jobbe og jobbe, syngje og syngje*). Teliske verb (*\*drukne og drukne*) og tilstandsverb (*\*bu og bu*) kan vanlegvis ikkje itererast (men der finst unntak: *Ho levde og levde, og vart snart den eldste i bygda*). PK-ar med *drive* som V1 kan ofte ha ei liknande iterativ tyding (jf. kapitlet om 'drive og'); *I skyttargravene dreiv soldatane og døydde i det uendelege*.

Aspekt er måten ein ser på det interne tidsforløpet til handlinga eller situasjonen på, og er soleis meir subjektivt enn aksjonsart. Ein kan velje å sjå på den interne utviklinga og utstrekninga i tid til situasjonen, det sokalla imperfektive aspektet – eller ein kan sjå på situasjonen som noko heilskapleg avslutta, det perfektive aspektet. Det imperfektive og perfektive aspektet vert ofte brukt kombinert i setningar, der det imperfektive fungerer som ein slags iscenesetjande introduksjon eller ei bakgrunnskildring for den perfektive handlinga som skjer like etterpå (eit "scenisk bakteppe"):

*Jon satt og skrev* (imperfektiv) *da Per kom inn* (perfektiv) (døme frå NRG 1997: 644).

Her vert det imperfektive aspektet uttrykt ved hjelp av ein simultan PK med eit posisjonsverb som V1, *sitje og skrive*, medan det perfektive aspektet vert uttrykt ved hjelp av det punktuelle verbet *kome*. Det imperfektive aspektet kan òg uttrykkjast på andre måtar, til dømes med 'halde på med', 'vere i ferd med': *Jon heldt på med å skrive* (imperfektiv) *då Per kom inn* (perfektiv).

Posisjonsverba og *drive* er alle durative, ateliske verb. Deira aksjonsart gjer at dei anten vel verb som har same aksjonsart, eller at dei overfører sin eigen aksjonsart til heile konstruksjonen (meir om dette seinare).

I engelsk og fransk vert imperfektivt aspekt uttrykt ved hjelp av høvesvis ein slags gerundiumskonstruksjon (*was writing*), i fransk vert det markert morfologisk (*écrivait*; sokalla imparfait, i motsetnad til perfektivt *écrivit*; sokalla passé simple<sup>7</sup>) (jf. NRG 1997: 645):

*While John was writing the letter* (imperfektivt), *Peter entered* (perfektivt)

*Pendant que Jean écrivait la lettre* (imperfektivt), *Pierre entra* (perfektivt)

NRG skildrar ulike typar av aspekt som alle har sin eigen perifrastiske konstruksjon – norsk markerer som kjent ikkje aspekt morfologisk på verb. Sokalla kursivt aspekt fokuserer på "en handling eller situasjon ustrakt i tid uten tanke på noen form for avgrensning" (NRG 1997: 646) – altso durative, ateliske verb. Døme på kursivt aspekt er:

*Barna sit og skriv.*

<sup>7</sup> Passé simple ('enkel fortid') er ei form ein stort sett berre finn i litteratur og i svært høgtideleg språk. I munnleg fransk er passé composé ('samansett fortid') klårt meir utbreidd, slik at ein heller vil få ei setning à la *Pendant que Jean écrivait la lettre, Pierre est entré*.

*Elevane dreiv og las til eksamen.*

Andre typar aspekt er kontinuativt aspekt, der ein fokuserer på framhaldet av ei allereie igangsett handling: *halde fram med å, verte buande*. Habituel aspekt fokuserer på ei handling som er bunden av vane, sed, skikk: *pleie å, bruke å*. NRG listar òg opp andre typar aspekt, men dei er ikkje relevante for oppgåva. Kursivt aspekt, derimot, omfattar PK-ar, nærare bestemt posisjonsverba pluss *drive*. I tillegg ber posisjonsverba og *drive* òg preg av å markere kontinuativt aspekt, medan *drive* i somme tilfelle òg kan markere habituel aspekt.

### 4.3.1 Skilnaden mellom aspekt og aksjonsart

Eit ikkje heilt ukontroversielt tema er skilnaden mellom det NRG og andre kallar aspekt og aksjonsart. Medan aksjonsart tek føre seg den objektive utstrekninga i tid ei handling har, dreiar aspekt seg om det meir subjektive ved handlinga. NRG snakkar om til dømes durativ, dynamisk og atelisk aksjonsart, og kursivt, resultativt og habituel aspekt. Ein kan sjølv sagt drøfte kva som er so subjektivt med at ei handling fører til eit resultat, og det er lett å tolke resultativ som aksjonsart heller enn aspekt. Til trass for at skiljet kan verke forvirrande og definisjonen noko upresis, vil eg insistere på at eit skilje utan tvil finst. Fylgjande representerer mi tolking av aspekt og aksjonsart, ei tolking som er gjennomgåande i denne oppgåva:

Alle verbhandlingar har aksjonsart som ibuande trekk. Verb som *bake, syngje, leike, spele, køyre* og ikkje minst *sitje/liggje/stå* skildrar durative handlingar, dvs. handlingar som har utstrekning i tid. Dei er i tillegg ateliske, i og med at handlinga dei skildrar i seg sjølv ikkje har eit naturleg slutt punkt. Slikt sett er aksjonsart eit objektivt trekk.

Det finst derimot måtar å endre aksjonsarten til ei verbhandling på, mellom anna ved hjelp av utfyllingar til verbet. Medan *bake* i seg sjølv er atelisk, er *bake ei kake* telisk, i og med at handlinga har eit naturleg slutt punkt, nemleg laginga av ei kake. So fort kaka er ferdig, er handlinga slutt. *Drikke opp* skil seg frå *drikke* ved å vere telisk - her er det ein verbalpartikkel som endrar aksjonsarten. Sameleis skildrar òg *syngje ein song* og *køyre til Sogn* teliske handlingar, i og med at handlinga har eit naturleg slutt punkt (synginga tek slutt når songen er ferdig, og køyringa er over når ein kjem til Sogn).

Det aspektuelle motstykket til aksjonsarten atelisk er sokalla kursivt aspekt. Her er det sjølv handlinga som er fokusert. Motstykket til telisk er då resultativt aspekt, som fokuserer på slutføringa av handlinga. Medan *bake kake* har aksjonsarten atelisk og kursivt aspekt, har

*bake ei kake* aksjonsarten telisk og resultativt aspekt. *Syngje songar* er atelisk/kursivt, *syngje ein song* er telisk/resultativt.

Kjeldematerialet i databasen min viser at alle PK-ar med V1pos kan tolkast å ha atelisk aksjonsart, uavhengig av om V2 i seg sjølv skildrar ei atelisk handling eller ikkje. Difor er det legitimt å tru at V1pos overfører sin eigen aksjonsart til PK-konstruksjonen. I tilfelle der V2 er atelisk frå før av, er det vanskeleg å seie om V1pos påverkar V2 dersom ein berre samanliknar aksjonsarten. Då kan ein faktisk kome fram til den konklusjonen at V1pos er overflødig, i og med at aksjonsarten allereie er atelisk. Ettersom dei fleste PK-ane i databasen allereie har ateliske V2, kan ein konkludere med at det i størstedelen av tilfella ikkje er bruk for PK-konstruksjonar i det heile.

Av denne grunnen meiner eg at ein òg må sjå på kva slags aspekt PK-en uttrykkjer, og samanlikne aspektet i PK-en med kva aspektet ville ha vore dersom berre V2 hadde vorte brukt i setninga. Sjå på fylgjande setningar:

- (1) *Han drakk Guinness* **atelisk/kursivt** (fokus på handlinga)
- (2) *Han sat og drakk Guinness* **atelisk/kursivt** (fokus på handlinga)
- (3) *Han drakk ein Guinness* **telisk/resultativt** (fokus på resultatet av handlinga)
- (4) *Han sat og drakk ein Guinness* **atelisk/kursivt** (fokus på handlinga)

Eg kan ikkje sjå at det er nokon skilnad mellom (1) og (2). Begge kan tolkast atelisk/kursivt. (3) og (4), derimot, viser ein klår skilnad, både aspektuelt og når det gjeld aksjonsart. (1) og (2) er ulike på den måten at (2) tilfører handlinga språkbrukaren si subjektive oppfatning av handlinga; drikkinga finn stad der og då medan språkbrukaren er til stades. Medan (1) kan tolkast både kursivt og habituelt (vanebunden handling), har ikkje (2) den same tvitydigheita i same grad som (1). På engelsk ville (1) ha vorte omsett til *He drank Guinness* medan (2) ville ha vore *He was drinking Guinness*. Setninga *Han drakk Guinness kvar torsdag ettermiddag* høyrer i mine øyre meir nøytral ut enn *Han sat og drakk Guinness kvar torsdag ettermiddag*.

Spørsmålet her er om aspekt tilfører handlinga noko nytt, eller om det fokuserer på eit allereie tilstadeverande trekk i handlinga. Slik eg tolkar motsetnaden mellom aksjonsart og aspekt, er aspekt noko som kjem i tillegg til aksjonsarten som eit supplement. Medan aksjonsart er til stades inherent i sjølve verba, er aspekt noko som fyrst oppstår i den fullstendige konstruksjonen. Når ein ser verba for seg sjølv, er det difor meningslaust å snakke om aspekt, akkurat som det er meningslaust å snakke om tempus og diatese. Fyrst når verbet opptrer i ein kontekst, kan kategoriane aspekt, tempus, modus og diatese brukast, for

desse kategoriane er i stor grad bestemt av konteksten og formuleringsvala språkbrukaren gjer.

Spørsmålet her er om aspekt legg til ny informasjon ved setninga eller om det rettar fokus mot ein allereie eksisterande dimensjon forteljaren ynskjer å leggje vekt på. Det er eit tolkingsspørsmål om V1pos bidreg til at verbalhandlinga vert fokusert i *Han ligg i senga og et eit eple*, eller om V1pos legg til ny aspektuell informasjon til handlinga, informasjon som ikkje var der til å byrje med.

#### 4.3.2 Verb som normalt ikkje inngår i PK-ar

Medan HVk-ar som uttrykkjer temporalitet ved V2 kan gå saman med nær alle slags verb, kan ikkje alle PK-klassar gå saman med alle verb. Posisjonsverba tilfører ei handling eit durativt, atelisk og statisk aspekt, og difor passar dei ikkje saman med til dømes punktuelle verb (dvs. verb som ikkje har noka utstrekning i tid) – ei setning som *\*Dei stod og møtte kvarandre* høyrer difor merkeleg ut. SAG (1999: 905, bd.4) har derimot setninga *Står han inte och somnar på sitt pass!*, der det punktuelle verbet *somna* faktisk vert brukt saman med eit V1pos.

*Ta* syner dei største restriksjonane på kva V2 det kollokerer med. Typisk vil *ta* berre kollokere med klårt agentive verb, ofte òg punktuelle; konstruksjonen viser til ei viljestyrt handling. Andre verb enn desse vil gjere konstruksjonen ugrammatisk, eller i beste fall underleg:

(1) *Dei tok og opna pub i Kalmarhuset*

(2) *\*Mannen tok og sovna (å sovne er ikkje ei viljestyrt handling)*

(3) *\*Han tok og vart slegen ned (å verte slegen ned er ikkje ei agentiv handling)*

Det finst på den andre sida verb som ikkje kan inngå i PK-ar i det heile. Dette dreiar seg som regel om verb som ikkje er å sjå på som eigentlege handlingar eller aktivitetar, som til dømes tilstandsverb. Tilstandsverb, eller det NRG kallar statiske, ikkje-dynamiske verb, skildrar heller eigenskapar ved agens enn faktiske handlingar. Slike verb vil typisk skildre eigenskapar og permanente eller mellombelse tilstandar hjå agens. I tillegg kan dei seiast å vere faselause:

(4) *\*Eg står og heiter Daniel!*

Å heite Daniel er ein eigenskap eller permanent tilstand ved agens. *Heite* kan altså ikkje seiast å skildre ei handling, jf. *\*Han heiter Daniel kvar torsdag*, *\*Han prøver å heite Daniel*,



*\*Han klarte ikkje å heite Daniel.* Det er heller ikkje snakk om fasar eller noka form for endring i det å heite Daniel.

(5) *\*Kvinna sat og elska sjokolade*

Riktignok er ikkje det å elske noko ein eigenskap agens har, men snarare ein tilstand. Å elske noko(n) vil ideelt (og kanskje romantisk) sett verte tolka som ein permanent tilstand.

(6) *\*Fritz dreiv og var frå Trondheim*

Å vere frå Trondheim er ein eigenskap. Humoristisk sett kan ein diskutere om det å vere frå ein bestemt plass er ein eigenskap eller ein tilstand.

(7) *\*Han tok og kunne flytande engelsk*

Å kunne (snakke) eit språk er ein eigenskap. Å lære seg eit språk, derimot, er ei handling.

Medan bruk av PK-ar saman med verb som skildrar eigenskapar eller permanente tilstandar sjeldan førekjem, opptrer mellombelse tilstandar derimot ofte i PK-ar, spesielt PK-ar med posisjonsverb:

(8) *Han sat og var sur*

(9) *?Han sat og var pianist*

(10) *\*Han sat og var engelsk*

Sur er noko ein er der og då i forhold til referansetidspunktet, medan pianist eller engelsk er noko ein er òg utafor referansetidspunktet – altså mellombels tilstand versus eigenskap.

Når sant skal seiast, opptrer i utgangspunktet tilstandsverb ikkje so ofte i PK-ar, truleg fordi at ein berre ved eigentlege handlingar kan snakke om eit handlingsforløp å leggje til eit aspekt eller ein aksjonsart ved (og PK-ar fungerer oftast som markørar av nettopp desse). Det herskar på den andre sida tvil om kva verb som skildrar tilstandar, kva verb som skildrar eigenskapar, og kva verb som skildrar handlingar. Inndelingar har ein tendens til å skje etter forteljaren si eiga oppfatting av sjølve semantikken til verbet. Til dømes kan det diskuteras om *sove* er ein mellombels tilstand eller ei handling (*sove* kan inngå i PK-ar), eller om *elske (noko)* er ein eigenskap, tilstand (mellombels/permanent) eller handling (*elske (noko)*) opptrer normalt ikkje i PK-ar). Teknisk sett kan alle permanente tilstandar, iallfall ut ifrå eit aspektuelt synspunkt, reknast som eigenskapar.

### **4.3.3 Hjelpeverb versus PK-ar**

(Sjå òg kapitlet ”Hjelpeverb og deira kjenneteikn”.) PK-ar deler ei rekkje syntaktiske eigenskapar med hjelpeverbskonstruksjonar (HVk-ar), føringar PK-ar ikkje deler med vanlege

koordinasjonar (VK-ar), noko eg vil demonstrere her. Desse testane konkluderer at PK-ar *syntaktisk sett* må sjåast på som hjelpeverbskonstruksjonar.

1) Subjekt-Hjelpeverb-inversjon:

Vanleg koordinasjon tillèt det inverterte subjektet å stå både etter V1 og etter V2, medan PK-ar og HVk-ar berre tillèt det å stå etter V1.

*Kan **du** snakke med ho? / Går **du** og snakkar med ho?* (simultan/suksessiv)

*Skal **du** hente ho? / Kjem **du** og hentar ho?* (suksessiv)

*Har **du** fiksa TV-en? / Sit/driv **du** og fiksar TV-en?* (simultan)

*Vil **du** opne vindaugget? / Tek **du** og opnar vindaugget?* (suksessiv)

Vanleg koordinasjon:

*Fanga **han** og sløygde fisken? / Fanga og sløygde **han** fisken?*

*\*Går og snakkar **du** med ho? / \*Tek og opnar **du** vindaugget?*

2) Plassering av ledd rundt og inni PK-en:

Modale hjelpeverb, som er den typen hjelpeverb som ligg i den mest grammatikaliserte delen av hjelpeverbskontinuumet (*ha* og *vere* er mest grammatikaliserte), tillèt stort sett berre subjekt og setningsadverbial å kome mellom V1 og V2, jf.:

*Kan **du** kome?* (subjekt)

*Du skal **ikkje** sove bort sommarnatta* (setningsadverbial)

Ifylgje Hopper/Traugott (2003: 207) er denne manglande evna til å late ledd kome mellom V1 og V2, evidens for at hjelpeverbet og hovudverbet er syntaktisk knytte til kvarandre. Dette kan òg overførast til norsk. Dersom ein ser vekk i frå subjektsinversjonsregelen i norsk, går berre setningsadverbial mellom V1 og V2 ved modale hjelpeverbskonstruksjonar. På grunn av subjektsinversjonsregelen, kan derimot òg subjektet fylgje rett etter V1. Andre ledd enn subjektet og setningsadverbialalet kan normalt ikkje gå mellom, jf.:

*\*Eg kan **deg** sjå* (direkte objekt)

*\*Vi skal **på fjellet** fare* (stadadverbial)

Interessant nok var desse to setningane grammatisk korrekte i eldre tider, noko som kan tyde på at det syntaktiske bandet mellom V1 og V2 då var lausare enn det er i dag; om slike konstruksjonar ikkje alltid er å sjå på som ugrammatiske, kan dei fungere som eit stilistisk verkemiddel for å gje setningar eit gamalmodig preg. Ein annan interessant observasjon, er at tidsadverbial ser ut til å vere meir akseptabelt enn pronomen og stadadverbial mellom V1 og V2; setninga '*Vi skal **i dag** snakke om opprusting av riksveg 609 Askvoll-Førde*' er

grammatisk, og korkje umarkert eller gamalmodig på nokon måte. Det ser òg ut til å vere ein tendens til at slik *interverbal* adverbialplassering er vanlegare i setningar med mange ledd, enn i setningar med få ledd. Dette fører til at setningar som ”*Vi skal i dag fare*” ikkje er so vanlege som ”*Vi skal i dag fare til Bulandet på havfiske*”. Det kan likevel observerast at det normalt ikkje står noko ledd mellom V1 og V2.

Eg vil her illustrere kva for slags typar ledd som kan førekome på dei ulike posisjonane i setninga. Eg vil ta føre meg posisjoneringsmoglegheitene i PK-ar med posisjonsverb (her forkorta PKpos), vanlege koordinasjonar (VK) og hjelpeverbkonstruksjonar (HVK). Dei ulike typane av ledd er subjekt, direkte objekt, tidsadverbial, stadadverbial, setningsadverbial og måtesadverbial:

Føre V1:

PKpos:

S(subjekt): *Mannen sit og skriv*

Direkte objekt (DO): *Middag sit vi og et*

T(idsadverbial): *I dag sat dei og prata saman*

St(adadverbial): *På loftet står skia mine og samlar støv*

Setningsadverbial (SA): *Alltid sit du og et!*)

M(åtesadverbial): *Utan store fakker sit dei og et*

VK:

S: *Vikingane åt og drakk*

DO: *Mjød brygga og drakk vikingane*

T: *På 700-talet røva og plyndra dei England*

St: *Der borte flyktar og rømmer dei*

SA: *Alltid/aldri selde dei timeglas*

M: *Utan nåde drap og brende dei*

HVK:

S: *Jenta kan danse*

DO: *Mat kan du få*

T: *I dag skal vi reise*

St: *På garden kan du sove*

SA: *Ikkje kan du lese, ikkje kan du skrive*

M: *Korleis kan du tru noko slikt?*

Mellom V1 og V2:

PKpos:

S: No sit **de** og et

DO: \**Dei sit **middag** og et*

T: *Dei sat **i går** og åt betasuppe*

St: *Dei sat **på kjøkenet** og åt*

SA: *Vi sat **ikkje** og åt*

M: \**Vi sat **svært langsamt** og åt*

VK:

S: \**Åt **vikingane** og drakk?*

DO: \**Hirda fanga **seidmannen** og overfall*

T: \**Dei plyndra **på 700-talet** og røva England*

St: \**Dei flyktar **der borte** og rømmer*

SA: \**Dei selde **ikkje** og kjøpte timeglas*

M: \**Dei drap **utan nåde** og brende*

HVK:

S: *Skal **vi** danse?*

DO: \**Vi må **bosset** kaste*

T: *Vi skal **i dag** reise til Spania*

St: \**Du kan **på garden** sove*

SA: *Du kan **ikkje** vinne*

M: \**Tjuvane skal **utan dom** fengslast*

Etter V2:

PKpos:

S: \**Sit og et **mannen**?*

DO: *Vi sit og et **middag***

T: *Du sat og skreiv **i går***

St: *Du sat og skreiv **på rommet ditt***

SA: \**Dei sat og prata **ikkje***

M: *Dei sat og prata **høglytt***

VK:

S: *Åt og drakk **vikingane**?*

DO: *Vikingane brygga og drakk **mjød***

T: *Dei røva og plyndra **på 700-talet***

St: *Dei flyktar og rømmer **der borte***  
 SA: *Dei selde og kjøpte **ikkje** timeglas*  
 M: *Dei drap og brende **utan nåde***  
 HVK:  
 S: *\*Kan danse **jenta***  
 DO: *Du kan få **mat***  
 T: *Vi skal reise **i dag***  
 St: *Du kan sove **på garden***  
 SA: *\*Han kan lese **ikkje***  
 M: *Vi skal ete **sakte***

	V1	V1 V2	V2
PKpos	S, DO, T, St, SA, M	S, T, St, SA	DO, T, St, M
VK	S, DO, T, St, SA, M		S, DO, T, St, SA, M
HVK	S, DO, T, St, SA, M	S, T, SA	DO, T, St, M

Tabell 1: Oversikt over mogleg leddplassering i PK-ar med posisjonsverb, vanlege koordinasjonar og (modale) hjelpeverbkonstruksjonar.

Når det gjeld kva ledd som kan gå mellom V1 og V2 i PK-ar, demonstrerer *drive* ein interessant eigenskap, nemleg at det syntaktiske bandet mellom *drive* og V2 verkar sterkare enn det mellom posisjonsverb og V2:

*Skia står **i kjellaren** og samlar støv / Skia står **ikkje** og samlar støv*

Men *\*Han driv **i kjellaren** og rotar rundt / Han driv **ikkje** og rotar rundt*

*Drive* ser her ut til å ha dei same syntaktiske og semantiske restriksjonane som modale hjelpeverbskonstruksjonar har. Etersom *drive* (og *ta*) er meir grammatikaliserte og meir bleikte enn posisjonsverba, gjev det meining at dei to verba har fleire restriksjonar òg. Dette er anten evidens for at posisjonsverba er mindre grammatikaliserte og mindre bleikte enn *drive* og *ta*, eller det faktum at det er meir naturleg for posisjonsverb enn for *drive* å verte kombinerte med eit stadadverbial. Posisjon og stad er heilt klårt nært knytte til kvarandre.

### 3) Erstatting med pro-verb

Modale hjelpeverb vert ikkje erstatta av pro-verbet *gjere* ved deiktisk eller anaforisk referanse, men det vert PK-verb:

*John **skal** reise til Syden, og det **skal** Sara òg*

*John **driv** og pakkar, og det **gjer** Sara òg*

#### 4) Verbalt sjølvstende

Hjelpeverb fungerer ikkje som sjølvstendige verb, og det gjer heller ikkje V1 i PK-ar. Dersom hjelpeverb står som sjølvstendige verb, er det anten tale om den eigentlege tydinga til verbet (til dømes er den eigentlege tydinga til *vilje* 'å ynskje, ha lyst til'), eller deiktisk eller anaforisk referanse (til dømes ved å referere til ei handling (*Eg vil det* ← *Eg vil fare på sjøen*), ein stad (*Eg vil dit* ← *Eg vil til England*) eller eit objekt (*Eg kan det* ← *Eg kan fransk*) som allereie er nemnt). Dette er òg tilfelle ved hjelpeverbskonstruksjonar som krev å føre infinitiv:

*Ho prøvde å ta kjolen*

→ *\*Ho prøvde kjolen* (endra tyding)

→ *Ho tok kjolen*

I svar på spørsmål kan V1 i PK-ar forsvinne. Berre V2, som har leksikalsk fokus, vert gjengjeve:

*Kva rekning dreiv John og betalte på?*

→ *Han betalte på husleiga*

→ *\*Han dreiv husleiga*

*Kor sat Jan og las?*

→ *Han las i stova*

→ *\*Han sat i stova*

*Kva tok Janne og gav blaffen i?*

→ *Ho gav blaffen i skulearbeidet*

→ *\*Ho tok skulearbeidet*

*Kor lenge har du sete og venta?*

→ *Eg har venta i tre timar*

→ *\*Eg har sete i tre timar*

Dette viser at V2 er fokus i spørsmålet, og at V1 er leksikalsk ubetydeleg. I svaret må V1 anten opptre saman med V2, eller ikkje opptre i det heile. Dette er eit trekk V1 i PK-ar ser ut til å dele med V1 i hjelpeverbkonstruksjonar:

*Kor mykje kan du betale?*

→ *Eg kan betale 200 kroner*

→ *\*Eg kan 200 kroner*

Setninga *Eg betaler 200 kroner* viser at 'betale' er det leksikalske verbet i setninga, i og med at det verbet kan stå åleine i setninga. Ein ser òg at tydinga til setninga er noko endra –

det er skilnad mellom *Eg kan betale 200 kroner* (som uttrykkjer kva agens er i stand til) og *Eg betaler 200 kroner* (som uttrykkjer kva agens faktisk gjer).

### 5) Passiv

Hjelpesverbet er til stade i ei aktiv setning, men forsvinn i passiv:

*Elevane kunne snakke fransk svært godt* → \**Det vart kunna snakke fransk svært godt* → *Det vart snakka fransk svært godt*

*Elevane sat og gjorde fransklekser* → \**Det vart sete og gjort fransklekser*

*Ho ville passe på ungen* → \**Ungen vart vilja passa på*

*Ho sat og passa på ungen* → \**Ungen vart seten og passa på*

*Mannen gjekk og slo på veska* → \**Veska vart gått og slegen på*

At hjelpesverbet forsvinn i passiv, kan kome av at hjelpesverbet er knytt primært til agens, medan hovudverbet skildrar handlinga sjølv, som kan involvere andre ledd enn berre agens. Sia agens som kjent vert nedtona i passiv, vil òg eigenskapane til agens (til dømes posisjonen til agens eller agens si evne til å utføre handlinga) verte eliminerte. Som ein naturleg konsekvens av at agens forsvinn, vil då òg verbet som berre er knytt til agens forsvinne.

### 6) Trykk

I vanlege koordinasjonar (VK-ar) er det V2 som ber primærtrykket ved nøytral, umarkert bruk av konstruksjonen:

*Kan du 'danse?*

*Eg skal 'gjere det*

*Ho ,byrja å 'grine*

Når trykket er på V1, er det som oftast emfatisk trykk. Det kan òg vere eigenskapar med V1 som gjer at forteljaren vel å leggje trykk på det:

*Du 'skal ,kome!* (emfatisk)

*Ho 'slutta å ,grine!* (markert)

Dette er òg tilfellet i PK-ar:

*Dei ,låg og 'sov* (umarkert) versus *Dei 'stod og ,sov!* (markert)

Sia sove er noko ein gjer liggjande, er det å stå og sove heilt klårt ei markert handling.

Evidens for V1 som HV i PK-ar:

- 1) V1 ber ikkje leksikalsk fokus. Det gjer heller ikkje HV-V1. Ut ifrå dette ser ikkje V1 ut til å fungere som eit sjølvstendig verb i PK-ar, noko HV-V1 heller ikkje gjer.

- 2) V1 viser i enkelte (men ikkje alle) tilfelle teikn på bleiking; enkelte V1 i PK-ar (*drive, ta*) viser fullstendig grad av bleiking. Dette er eitt av kjenneteikna på hjelpeverb (jf. kapitlet "Hjelpeverb og deira kjenneteikn").
- 3) Når det gjeld plassering av ledd, viser PK-ar generelt større likskap med HV-ar enn med VK-ar (jf. skjema 1).
- 4) V1 ber normalt ikkje primærtrykk, og det gjer heller ikkje V1 i HV-ar.
- 5) Akkurat som HV-ar, finst det berre eit avgrensa sett av verb som kan brukast i PK-ar.
- 6) V1 ser ut til å uttrykkje ein aspektuell dimensjon til V2; jamfør V1 i HV-ar, som uttrykkjer ein temporal dimensjon til V2. Med andre ord utfører V1 ein grammatisk funksjon i setninga, ein av definisjonane på hjelpeverb.

Evidens mot V1 som HV i PK-ar:

- 1) HV-V1 kan brukast på nær alle verbtypar, det kan ikkje PK-V1. Forklaringa på dette er at det finst verb som manglar visse aspektuelle trekk V1 i PK-ar uttrykkjer, det vere seg +/- dynamisk, +/- punktuell. Det finst derimot ingen verb som manglar tempusbøying. HV-V1 uttrykkjer ein universell eigenskap, PK-V1 uttrykkjer ein verbspesifikk eigenskap.
- 2) Posisjonsverba vert ikkje konsekvent brukt som bleikte utgåver i PK-ar. Og det vert heller ikkje HV-V1. Sjølv modale hjelpeverb, nokre av dei mest grammatikaliserte hjelpeverba, kan i somme tilfelle opptre med si ubleikte, ugrammatikaliserte tyding. Brukt emfatisk tek til dømes *vilje* og *kunne* si ubleikte tyding (høvesvis 'ynskje' og 'vere i stand til, beherske'). Umarkert tek dei bleikt tyding.
- 3) Hjelpeverb vert ikkje erstatta med pro- verbet "gjere", men det vert V1 i PK-ar. HV-ar som krev å føre infinitiv kan òg verte erstatta med *gjere*, jf.: *Ho klarte å opne vindauget, og det klarte/gjorde han òg*. Modale hjelpeverb er for øvrig meir grammatikaliserte enn PK-hjelpeverb.

Er PK-ar å sjå på som rekkjeverbkonstruksjonar (jf. kapitlet "Hjelpeverb og deira kjenneteikn")? Ettersom det finst norske dialektar med PK-ar *utan* konjunksjon, burde det vere eit teikn på at konjunksjonen er til stades i PK-ar berre av formelle årsaker – dei to verba er like, og i norsk vert like ledd bundne saman av *og*. Ettersom *og* typisk fungerer som ei likestillande syntaktisk eining, vil då PK-ar verte oppfatta som koordinerte ledd på linje med vanlege koordinasjonar. Ettersom PK-ar ikkje er vanlege koordinasjonar, viser eksistensen av konjunksjonslause PK-ar at dei har rekkjeverdeigenskapar – og rekkjeverb vert av Anderson



vert rekna til hjelpeverbkonstruksjonar. Som eg skriv om i neste kapittel, kan ein ikkje derimot rekne *alle* PK-ar for hjelpeverbkonstruksjonar, iallfall ikkje grammatisk sett.

## 5. Pseudokoordinasjon med posisjonsverb

I dette kapitlet vil eg handsame PK-ar med *sitje/liggje/stå*. Eg vil snakke om dei tre posisjonsverba i seg sjølv og at dei etter mi meining har eit stort grammatikaliseringspotensiale. Eg vil deretter trekkje fram det eg meiner er evidens for at desse verba har hjelpeverbeigenskapar.

### 5.1 Dei tre posisjonsverba i seg sjølv

*Sitje/liggje/stå* har, i likskap med *drive* og *ta*, eit nokso vidt bruksområde. Desse tre posisjonsverba er, saman med *vere* og *ha*, mellom dei mest høgfrekvente verba i det norske språket. Det finst heller ingen andre verb enn desse tre som kan brukast for å presisere posisjonen til eit objekt (*vere* berre understrekar at eit objekt oppheld seg på ein stad, ikkje kva posisjon det er i; rørsleverba presiserer berre på kva måte eit objekt er i rørsle på; mange andre verb skildrar berre eigenskapane og handlingane til objektet). Deira høgfrekvente bruk og vide bruksområde gjer at dei har eit stort grammatikaliseringspotensial, og ikkje minst potensial for semantisk bleiking, noko som gjer dei til utmerka hjelpeverbskandidatar.

Får eit ord mange nok tydingar, kan det lett utvikle seg til å misse delar av den opphavlege tydinga. I dei romanske språka fransk og spansk ser ein eit interessant døme på fullstendig grammatikalisering og bleiking av eit verb som tidlegare var eit posisjonsverb. Det latinske verbet *stare* tyda i si tid 'å stå'. I spansk, der dette verbet heiter *estar*, har det gått over til å fungere som eit alternativ til verbet *ser* ('å vere') – no tyder begge verba 'vere', men *estar* vert brukt om sokalla mellombelse tilstandar hjå subjektet (jf. Kuteva 1999: 206). I gamalfransk hadde ein verba *estre* og *ester*, der *estre* kom av latin *esse* og tyda "vere", medan *ester* kom frå latin *stare* (jf. spansk *estar*). I moderne fransk har desse to verba falle saman til *être*, som tyder 'vere' (jf. *Trésor de la Langue Française* 1980: 292). I motsetnad til spansk, som i munnleg språk har suksessive PK-ar (jf. Jørgensen 2000), ser fransk ut til å mangle PK-ar fullstendig. Fransk har då òg morfologisk markering av kontinuativt, durativt aspekt.

Fransk og spansk har heller ikkje eigne sjølvstendige verb for *sitje/liggje/stå*, men bruker *vere* pluss anten ein perfektum partisipp-frase, ein adjektivfrase eller ein preposisjonsfrase. På fransk heiter sitje *être assis* 'vere i ein tilstand av å ha sett seg ned', stå *être debout* 'vere

oppstaden, vere på beina' og liggje *être couché* 'vere lagd'. På spansk heiter sitje *estar sentado* 'vere sett ned', stå *estar de pie* 'vere på beina' og liggje *estar acostado* 'vere sengelagd' eller *estar tendido* 'vere utstrekt'. Dei franske og spanske ekvivalentane til det latinske verbet *stare* har altso lite å gjere med å stå, ettersom det både i fransk og spansk har vorte utvikla alternative uttrykksmåtar med *être/estar*+utfylling.

Denne romanske semantiske samansmeltinga av *stå* og *vere* er eit typisk døme på at verb kan få sopass lik semantikk at dei overtek kvarandre si tyding. Denne semantiske samansmeltinga er mellom anna òg å finne i germanske språk. Både i norsk og engelsk har høvesvis *stå* og *stand* eit svært vidt bruksområde – og på enkelte område overlappar verbet funksjonane til *vere*; både på norsk og engelsk kan ein fint erstatte alle tre posisjonsverba med *vere* utan at det semantiske innhaldet i den øvrige setninga vert endra:

*Boka ligg på bordet* → *Boka er på bordet*

*The book lies/is lying on the table* → *The book is on the table*

Posisjonsverba skil seg altso frå dei fleste andre verb ved å kunne "vikariere" for *vere*, som nok er eit av verba med aller størst bruksområde – deriblant posisjonering og lokalisering. *Vere* kan sjølv inngå som V1 i PK-ar, og kan i tillegg fungere som reint hjelpeverb i perfektumkonstruksjonar. *Vere* har i dag eit so vidt bruksområde at det truleg er uråd å spore tilbake kva som er verbet si opphavlege leksikalske tyding<sup>8</sup> – i motsetnad til posisjonsverba, der den opphavlege tydinga framleis er openberr. Det som gjer sporinga av den opphavlege bruken til verb som *vere* (og til ein viss grad *ha*) vanskeleg, er den relativt store graden av grammatikalisering og semantisk bleiking som har skjedd.

*Ta* har, ifylgje Norsk språkråd si internettordbok (<http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>), ti bruksområde på bokmål/8 på nynorsk, og dermed eit bruksområde som kan samanliknast med *vere* (som har 12 på bokmål/10 på nynorsk), *ha* (som har 8 på bokmål/8 på nynorsk) og posisjonsverba (*sitje* har 7/7, *liggje* har 5/6, *stå* har 7/7). *Drive* har sju bruksområde på bokmål/11 på nynorsk. Det er med andre ord ein klår samanheng medan eit verb sitt vide bruksområde og grammatikaliseringspotensialet det har. (Når sant skal seiast, er det vanskeleg å telje tydingsvariantar av det og det verbet. Her er det gjort berre for å gje eit omtrentleg bilete av bruksområdet, som er stort i forhold til mange verb.) Korkje *drive* eller *ta* kan derimot brukast som erstatning for *vere* slik som posisjonsverba.

<sup>8</sup> Den opphavlege tydinga til *vere* kan vere 'eksistere, finnast', i samsvar med avleiingar som *vesen* (av norrønt *vera*, som i eldre norrønt var skriva *vesa*) og den engelske ekvivalenten *entity* (av latin *esse*), som begge tyder 'noko som er, eksisterer'. Verbet *finnast* kan i visse tilfelle òg brukast i staden for *vere*, og på engelsk vil ein ofte bruke *there is* der norsk vil bruke *det/der finst*.

Posisjonsverba har, truleg som ei fylgje av sin høge bruksfrekvens, teke vare på si opphavleg sterke eller uregelbundne bøyning (sia alle germanske verb opphavleg var sterke og hadde bøyingsmønster baserte på avlydsrekkejer) – eit trekk dei deler med alle verb i PK-ar bortsett frå enkelte av kommunikasjonsverba (*ringje* er til dømes eit svakt verb, medan *skrive* er eit sterkt). Der dei fleste verb ved analogi går over til å verte svake, vil sterke eller uregelrette verb halde på det opphavlege bøyingsskjemaet nettopp fordi dei vert brukte so ofte.

*Stå* skil seg i tillegg frå *sitje* og *liggje* ved å 1) vere ei kortform av det opphavlege verbet *standa*, og 2) ved å mangle ein transitiv ekvivalent der *sitje* har *setje* og *liggje* har *leggje*. Verbet *stille/stelle* kan på den andre sida sjåast på som ein suppletiv transitiv kandidat til *stå*, iallfall semantisk sett (*stille* tyder blant anna 'få til å stå', og stiller seg då i klasse med *setje* 'få til å sitje' og *leggje* 'få til å liggje'). *Setje* kan òg sjåast på som ein transitiv ekvivalent til både *sitje* og *stå*.

*Sitje/liggje/stå* kan kvar for seg brukast i konstruksjonar der dei to andre vil vere ugrammatiske, til dømes ved enkelte idiomatiske uttrykk:

(a) Det **står/\*sit/\*ligg** i avisa at de skal gifte dykk på laurdag!

(b) Korleis **står/\*sit/\*ligg** det til? (jf. spansk *Cómo estás?*, der *estás* er tredje person singularis av *estar*, som opphavleg tyda "stå", jf. ovafor).

(c) Det **står/\*sit/\*ligg** skrive i Lukasevangeliet, kapittel to, vers sju...

(d) **Stå/\*sit/\*ligg** no på for fotballaget Sogndal!

(e) Vi **står/\*sit/\*ligg** opp kvar morgon klokka sju.

(f) Alt **\*står/\*sit/\*ligg** til rette for ein god kamp.

(g) Forkjølinga **\*stod/sat/\*låg** lenge i kroppen.

Her kan det verke som at dei tre posisjonsverba vert brukt om ein annan tilsynelatande usystematisk. Denne frie variasjonen kan vere teikn på at dei tre verba eigentleg overlappar kvarandre sin semantikk på enkelte bruksområde. Sjølv om det er tilsynelatande fri variasjon i dei enkelte uttrykka, er det likevel berre eitt av posisjonsverba det er riktig å bruke i eitt bestemt uttrykk.

Tilbake til *stå*, er det for øvrig eit interessant faktum at det er akkurat *stå* som er valt som hjelpeverb i spansk (og fransk) – og at det tilfeldigvis er det av posisjonsverba som er fonologisk forkorta. Som nemnt har dei spanske og franske ekvivalentane til *sitje* og *liggje* for lengst forsvunne i historia sitt mørker, berre den grammatikaliserte og semantisk forskovne utgåva av *stå* er igjen.

Dei tre posisjonsverba er alle durative, statiske, ateliske verb (jf. ”Aspekt og aksjonsart”), noko som inneber at dei ikkje har nokon eigentlege fasar (i motsetnad til durative dynamiske verb), eller eit naturleg slutt punkt (i motsetnad til teliske verb). Dei krev ikkje det NRG kallar ”tilførsel av energi” for å kunne starte eller halde fram, og deira ateliske vesen kan utprøvast ved i/på-testen:

*Dei sat/stod/låg i fleire timar.*

Som nemnt tidlegare (”Aspekt og aksjonsart”) er bruken av preposisjonen *i* evidens for at verbet er atelisk, i motsetnad til bruk av *på*, som vert brukt ved verb som skildrar teliske handlingar:

*Dei åt opp kakene på under ein halvtime vs. Dei åt kaker i ein halvtime.*

Sia dei tre verba har durativitet og atelisk aksjonsart, vil dei typisk verte nytta med eit hovudverb som har dei same eller liknande eigenskapar, og PK-en samanlagt vil då skildre eit durativt, kontinuativt aspekt. Det førekjem òg at posisjonsverba opptrer saman med verb eller verb pluss utfylling med andre ibuande aspektuelle eigenskapar, til dømes *ete opp, ete alle kakene, bake brød, ta oppvasken*. Skilnaden mellom setningane med *sitje/liggje/stå* som V1 og setningane utan eit av desse verba, vert då nettopp det durative, kontinuative aspektet:

(a) *Dei åt opp alle kakene* (og vart ferdige).

(b) *Dei sat og åt opp alle kakene* (og heldt framleis på på referansetidspunktet).

(c) *Johanna bakte brød* (og vart ferdig).

(d) *Johanna stod og bakte brød* (og heldt framleis på på referansetidspunktet).

I afrikaans (jf. kapitlet ”PK-ar med rørsleverb”) ser det ut til at posisjonsverba *sit, staan* og *lê* (høvesvis *sitje, stå* og *liggje*) i likskap med norsk kan tilføre konstruksjonen ei durativ, kontinuativ tolking (jf. de Vos 124):

*Sit en lees sy die boek?* = ”Sit ho og les boka?” eller ”Held ho på å lese boka?”

*Kom staan en les hy die boeke?* = ”Kjem han og les bøkene?” eller ”Kjem han til å lese bøkene?”

I spesielt den andre setninga ser ein døme på at *staan* har undergått grammatikalisering og har gått over til å fungere utelukkande aspektuelt – for det fyrste er ikkje lesing ein aktivitet ein typisk gjer *ståande*, og for det andre ser det ut til at *staan en les* utgjer éi syntaktisk eining.

Grammatikalisering går føre seg over fleire steg. (Kuteva 1999: 206) presenterer ei grammatikaliseringsskjede der *sitje/liggje/stå* har vorte utvida frå å berre uttrykkje leksikalsk den fysiske posisjonen til menneskekroppen, til òg å kunne brukast om posisjonen til gjenstandar. Sjølv om Kuteva bruker denne kjeda primært om bulgarsk (som ifylgje Kuteva har PK-ar – ho spesifiserer derimot ikkje om språket har PK-ar med posisjonsverb som V1),

kan stega i kjeda overførast ikkje berre til fastlandsnordiske språk, men òg for dei språk som har ein utvida bruk av dei tre posisjonsverba, anten alle tre eller berre eitt eller to av dei.

I fyrste steg er V1 brukt for menneskelege vesen for å presisere plasseringa av menneskekroppen i rommet medan handlinga uttrykt gjennom V2 vert utført. Her er det altså snakk om to setningar der det går føre seg to handlingar samstundes. Her er subjektet felles referent – eller koreferent – for dei to handlingane, og dei vert dermed knytte saman i ein paratakse. Sagt på ein annan måte er det subjektet som bind saman dei to verba, subjektet er agens for begge to.

I andre steget er V1+og+V2 utvida til òg å uttrykkje den ”kanoniske” posisjonen til det fysiske objektet i rommet, altså den posisjonen objektet mest typisk har. Dette er fyrste steget på veg mot ein hjelpeverbskonstruksjon. Konstruksjonen har i denne konteksten gått saman til éi setning, og posisjonsverba har i den konteksten typisk mist størstedelen av si opphavlege leksikalske tyding (dei har vorte semantisk bleikte). Subjektet er mest typisk eit levande vesen. Konstruksjonen kan derimot framleis tolkast både som éi eller to handlingar. I tredje steget har konstruksjonen gått over til å utelukkande utgjere éi handling, og konstruksjonen har eit klårt aspektuelt preg. I fjerde steget har ein oppnådd fullstendig grammatikalisering/bleiking: konstruksjonen kan brukast både om levande og ikkje-levande objekt, og V1 er heilt klårt eit hjelpeverb til eit hovudverb. Kuteva nemner at dei språk som tildeler vesen og gjenstandar *sitjande*, *ståande* og *liggjande* positurar, òg har ein tendens til å bruke desse posisjonsverba som hjelpeverb:

*...the tendency for a language to encode the spatial position of an entity in terms of the notions of sitting, or standing, or lying elevates the corresponding verb structures to the status of basic, most common verb expressions and thus makes them appropriate source structures in auxiliation. (Kuteva 1999: 191).*

Ut ifrå desse fire stega i grammatikaliseringkjeden kan ein rekne med at visse handlingar vil verte oppfatta som utført *sitjande*, *liggjande* eller *ståande*. Eit verb som til dømes *sove* vil mange oppfatte som ein aktivitet som vert utført medan objektet *ligg*, fordi *sove* som oftast opptre i lag med *liggje* (forholdet er her ”kanonisk”, eller mest typisk). PK-en *liggje og sove* vil difor liggje på steg 1 i kjeden, ettersom V1 her har som oppgåve å presisere posisjonen objektet er i medan det utfører handlinga. Agens er òg aller oftast eit menneske (ein kan vanskeleg førestelle seg at til dømes *bøker* ligg og søv).

Dersom *sove* derimot tek verbet *drive* som sitt V1, vil ein få to handlingar som det i utgangspunktet ville ha vore markert å utføre samstundes, med mindre agens gjorde ting i

søvne. Dersom ein får to opphavleg ”usynkroniserbare” handlingar i ein slik koordinasjon med eit felles subjekt, kan dette tyde på at V1 har mista si opphavlege leksikalske tyding. Dermed har konstruksjonen *drive og sove* (halde på med å sove), til skilnad frå *liggje og sove* (halde på med å sove/sove liggjande), gått heilt til steg 4 og teke status som ein aspektuell HVk. Det same ser ut til å vere tilfellet med den danske konstruksjonen *ligge og køre*, der ein har to handlingar som det ville ha vore fatalt å utføre samstundes – ligg ein medan ein køyrer, vil ein ikkje vere i stand til å sjå kor ein køyrer; ein vil truleg heller ikkje rekke opp til rattet. Ergo kan ein konkludere med at konstruksjonen *liggje og køyre* er snakk om ein aspektuell konstruksjon på lik linje med *drive og sove*.

### 5.3.1 Markerte og umarkerte simultane handlingar

Med *simultane handlingar* meiner eg her handlingar som er gjorde samstundes av same agens. Kuteva (1999) hevdar at bruken av posisjonsverba *sitje/liggje/stå* som aspektmarkørar, samsvarer med deira bruk som ”unmarked/canonical encodings of spatial position of objects” (Kuteva 1999: 191). Ho meiner òg at tendensen eit språk har til å tolke eit objekt eller vesen som inherent og umarkert *sitjande, liggjande* eller *ståande* gjer at dei tilsvarande verbstrukturane då vel anten *sitje, liggje* eller *stå* som sitt *skreddarsydd* V1 (jf.Kuteva 1999: 191). Ho skriv vidare at dei språka som nyttar ein *sitje/liggje/stå*-aspektstruktur òg nyttar dei same verba som umarkerte posisjonsmarkørar til fysiske objekt i rommet (jf.Kuteva 1999: 197). Sagt på ein enklare måte er dei tre posisjonsverba å sjå på som *posisjonspresiserande* verb som på grunn av bleiking har vorte posisjonsnøytrale, og som dermed altså til sjuande og sist har gått over til å fungere aspektuelt i staden for leksikalsk.

Verba *sitje/liggje/stå* er i tillegg spesielle ved at dei har eit svært stort bruksområde og svært stor bruksfrekvens:

...using 'sit'/'stand'/'lie' with physical objects is a canonical way of encoding their position in space. Canonical encodings are meant here to be those that are the most frequently encountered in everyday language and are more salient [*framtrødande, mi oms.*] than others. (Kuteva 1999: 201).

Dess meir eit verb vert brukt i samband med eit objekt, dess større er altså sjansen for at verbet i samband med objektet vert posisjonsnøytralt, sjølv om verbet i teorien uttrykkjer posisjonen til objektet. Det er, ifylgje Kuteva, dei tre posisjonsverba sin høge bruksfrekvens

som har gjort dei so allsidige. Medan dei opphavleg berre har vorte brukte om levande vesen og for å presisere kva for ein posisjon ein kropp er i, vert dei no òg nytta om ikkje-levande objekt som til dømes vasar, stolar og bøker: ”To the speakers [...] it may seem only natural that a vase typically ”stands” [...] or that a book typically ”lies”...” (Kuteva 1999: 199). Her vil eit objekt som har ei horisontal plassering i rommet verte oppfatta som *liggjande*, eit objekt som har ei vertikal plassering verte oppfatta som *ståande*, medan eitt som har ein posisjon midt imellom, er *sitjande*. Når brukarane av eit språk fyrst oppfattar objekt som *sitjande*, *liggjande* eller *ståande*, er det òg lett å overføre dei same posisjonsverba til sjølve handlingane, der desse posisjonsverba då vil opptre som grammatiske vedhengsverb til sjølve det handlingsskildrande hovudverbet.

### 5.3.2 Evidens for posisjonsverba som hjelpeverb

Som eg har nemnt tidlegare er ikkje alle PK-ar hjelpeverbkonstruksjonar. PK-ar med *drive* og *ta* er heilt klårt HVk-ar, medan kommunikasjonsverb heilt klårt *ikkje* er det. Semantisk bleiking er det mest framtrèdande kjenneteiknet når det gjeld *drive* og *ta*, medan det same i mindre grad kan seiast om posisjonsverba – dei ser ikkje ut til å vere semantisk bleikte i på langt nær same grad som *drive* og *ta*. Det er likevel visse subtile teikn på byrjande grammatikalisering som har byrja å slå igjennom i PK-ar med posisjonsverb. Følgjande punkt fungerer etter mitt syn som evidens for at V1pos i PK-ar bør sjåast på som semantisk bleikte til ei viss grad:

1) Posisjonsirrelevans: Når posisjonsverb vert brukte ved aktivitetar der posisjonen til agens er uvesentleg:

*Lars sat og rekna ut kva festen skulle koste* (døme henta frå SAG 1999: 904–905; mi omsetjing).

Lars kan ha sete, men det å *sitje* er ikkje relevant for handlinga ’rekne ut’, som kan utførast både ståande og liggjande. Altso kan *sitje* her verte brukt som ein aspektmarkør snarare enn ein posisjonsmarkør. Dersom berre ’rekne ut’ er brukt, kan det gje inntrykk av at Lars rekna ut noko, men no er ferdig. ’Sitje og rekne ut’ impliserer at han ikkje vart ferdig med handlinga, dvs. at ’rekne ut’ her ved hjelp av ’sitje’ får aksjonsarten/aspektet atelisk/kursivt. Dette kan vere evidens for V1-bleiking, om enn veldig svak grad av bleiking. Det kan her sjølvstøtt diskutertast om ’rekne ut’ faktisk er ei posisjonsnøytral handling. Eittersom ein reknar ut noko skriftleg, vil handlinga kollokerast med *sitje*, eittersom ein som oftast *sit* når ein skriv (å skrive

gjer ein som regel på eit bord, og dei fleste bord er laga for å *sitje* ved, ikkje *stå* eller *liggje* ved). Hovudrekning, derimot, kan ein gjere både ståande, sitjande og liggjande. Ei setning som *Lars sat og funderte på kva han skulle ha på seg på festen* vil derimot vere eit betre døme på bruk av posisjonsverb trass eit posisjonsnøytralt V2 (her: *fundere (på)*).

*Sitje/liggje/stå* kan mellom anna òg brukast for å uttrykkje mangel på handling frå agens si side – dette ser ein spesielt ved PK-ar der V2 i seg sjølv er durativt eller statisk frå før av, til dømes ved setningar som: *Han berre stod og såg på medan kommunen kom og reiv ned barndomsheimen*. Spørsmålet her er om det er adverbet 'berre' som gjev PK-en denne funksjonen. Eit godt døme på posisjonsverb som uttrykk for manglande aktivitet *utan* noko adverb, er den idiomatiske og til dels dialektale PK-en *sitje og trykkje*, som tyder å *sitje* (eller *liggje* og *stå* òg, for den saks skuld) utan å gjere på noko. Å ikkje gjere på noko er, om ikkje anna, fullstendig irrelevant i høve til kva for ein posisjon ein er i – ei heller er det noko fokusadverb der til å modifisere tydinga.

2) Synkroniseringsproblem: Når posisjonsverba vert brukte ved aktivitetar der posisjon og handling ikkje kan utførast samstundes: *Bussjåføren låg og køyrde på motorvegen*. Denne konstruksjonen er i bruk på dansk, og ifylgje SAG og på svensk (*Han låg och buskörde*<sup>9</sup>). Her er det heilt utelukka at sjåføren faktisk ligg, sia ein ikkje kan liggje og køyre bil samstundes. Her har ein med andre ord med eit fullstendig semantisk bleikt V1 å gjere, som utelukkande uttrykkjer det durative og statiske aspektet til V2.

3) Utføring av grammatisk funksjon: Når posisjonsverba påviseleg endrar aksjonsarten og aspektet til PK-ar. Dersom eit punktuelt eller atelisk verb (med eller utan utfylling) opptre saman med V1pos, er det rimeleg å tru at V1pos har påverka aksjonsarten og aspektet til V2. Heile konstruksjonen har då typisk fått atelisk aksjonsart og kursivt aspekt. Her er det legitimt å hevde at det ikkje er posisjonen forteljaren fokuserer på, men sjølve den uavgrensa handlinga uttrykt gjennom det leksikalske V2. På det grunnlaget kan ein argumentere for at V1pos har hjelpeverbseigenskapar.

### 5.3.3 Sitje, stå eller liggje og sove?

Som tidlegare nemnt deler Jørgensen (2000) inn PK-ar etter om dei er *simultane* (skjer samstundes) eller *suksessive* (skjer etter kvarandre). Etersom alle PK-ar med posisjonsverb som V1 er *simultane*, spelar det ei vesentleg rolle kva for type verb V1 opptre saman med.

<sup>9</sup> Når det gjeld det svenske tilfellet, er spørsmålet om det er bussjåføren eller passasjerer som køyrde buss. Det er ikkje utenkjeleg at ein passasjer kan *liggje* under ein busstur. Det er likevel eit faktum at langt frå alle bussar kan liggjast i.



Dette vert kalla kollokasjon, eit latinsk omgrep som er danna av *co-* 'med' og *locus* 'stad'. Som døma nedafor viser, er det ikkje tilfeldig kva for type verb *sitje/liggje/stå* kollokerer med (opptrer saman med). Eg vil her kome med døme på verbtypar der kroppsposisjonen er irrelevant, og verbtypar der posisjonsverbet kollokerer med eit V2 der kroppsposisjonen gjer at handlinga vanskeleg kan utførast. Til slutt vil eg snakke om aksjonsart/aspekt i forhold til verbalkollokasjon.

Dei fleste leksikalske verb vil typisk kollokere med eitt av dei tre posisjonsverba. Kva posisjonsverb som opptrer i PK-en er ofte styrt av den kanoniske posisjonen til agens medan handlinga vert utført. Til dømes finn ein ofte *skrive* saman med *sitje* i konstruksjonen *sitje og skrive*. *Sove* vil primært kollokere med *liggje*, sekundært *sitje*, medan ein sjeldan vil sjå konstruksjonar som *stå og sove*. PK-ane *liggje og arbeide* og *stå og elske* er nok langt sjeldnare enn *sitje og arbeide* og *liggje og elske*. Med andre ord er det ein samanheng mellom eit leksikalsk verb si semantiske tyding og kva av dei tre posisjonsverba det kollokerer med. Aktivitetar som mest typisk vert utført sitjande, vil naturleg nok kollokere med *sitje*. Aktivitetar som vert utført liggjande eller ståande vil då velje høvesvis *liggje* og *stå* som sitt V1. Det er altså ideelt sett ein klår samanheng mellom posisjonen til menneskekroppen og kva posisjonsverb som opptrer.

Det finst på den andre sida verb som ikkje krev ein bestemt posisjon av menneskekroppen, verb som eg kallar posisjonsnøytrale verb. Døme på denne typen verb er sanseverb som *sjå, høyre, lukte, føle*. Verb som *snakke, prate, rope, gråte, le, tenkje, drøyme* er òg stort sett nøytrale når det gjeld posisjon (ein kan diskutere om *drøyme* krev at agens *ligg* medan handlinga vert utført; som oftast krev ikkje verb som skildrar tankeverksemd ein bestemt kroppsposisjon). Det faktum at desse posisjonsnøytrale verba likevel vel eit av dei tre posisjonsverba, kan kome av at posisjonsnøytrale verb treng eit PK-V1 for å kunne ikle eit kontinuativt, durativt aspekt. Sia *drive* og *ta* ikkje alltid kan brukast (jf. nedafor), må verbet kollokere med eit posisjonsverb. Det ser ut til å vere heilt tilfeldig kva for eitt av *sitje/liggje/stå* det posisjonsnøytrale kollokerer med, men mest typisk vil ein finne *sitje*, ettersom det er sett på som det posisjonsmessig nøytrale av posisjonsverba (eit sitjande objekt er verken ståande (vertikalt) eller liggjande (horisontalt)).

Ein sjeldan gong vil ein møte PK-ar der V2 kollokerer med eit posisjonsmessig kontraintuitivt V1, som i den danske konstruksjonen *ligge og køre*, eller konstruksjonen *ligge og løpe* (her skrive på bokmål ettersom verbet *løpe* ikkje er brukt på nynorsk) som visstnok finst i Stavanger-dialekten. Desse handlingane, som det er upraktisk eller umogleg å utføre

samstundes, kan vere sterk evidens for at V1 er semantisk bleikt, noko som gjer at slike konstruksjonar utvilsamt er å sjå på som hjelpeverbkonstruksjonar.

Som oftast vil det semantiske innhaldet til V2 og posisjonen V1 uttrykkjer stemme overeins med kvarandre, noko som gjer det til ei utfordring å vurdere grada av V1-bleiking. Som eg vil presisere nedafor er det ikkje alltid eit absolutt krav at V1 *må* vere bleikt for at konstruksjonen skal kunne kallast ein hjelpeverbkonstruksjon.

### 5.3.4 Posisjonsnøytrale verb

Desse verbtypene har det til felles at det ikkje er vesentleg kva for posisjon menneskekroppen er i medan handlinga dei uttrykkjer vert utført. Handlingane kan med andre ord utførast både *sitjande* og *ståande*, so vel som *liggjande*. Dette gjer slike V2 til posisjonsnøytrale verb.

Tankegangen min er at sjølv om til dømes *sitje* er brukt som V1, treng ikkje det tyde at personen nødvendigvis er i den posisjonen medan handlinga vert utført – V1pos er snarare brukt som aspektmarkør enn som posisjonsmarkør. Noko slikt gjer det etter mitt syn rimeleg å tru at V1pos fungerer som hjelpeverb til hovudverbet V2, i og med at V1pos tilfører V2 ein aspektuell dimensjon V2 i seg sjølv ikkje er i stand til å uttrykkje. Ettersom desse verba utgjer ein stor del av det empiriske materialet og elles er ei stor og mangearta gruppe, har eg valt å dele posisjonsnøytrale verb opp i tre grupper som eg meiner er utfyllande:

#### *Vokaliseringsverb:*

Termen *vokaliseringsverb* er nytta, ettersom termen *kommunikasjonsverb* allereie er nytta om PK-verb som *ringje* og *V*, *skrive* og *V*. Denne typen verb refererer til menneskelege verbale ytringsmåtar, slik som *prate*, *snakke*, *kremte*, *skravle*, *rope*, *brøle*, *skrike* osv. Denne typen omfattar òg ikkje-språklege menneskelege vokaliseringsaktivitetar som ikkje nødvendigvis berre viser til stemmebruk i seg sjølv, til dømes *grine*, *gråte*, *le*, *flire*, *hikste*, *hoste*, *nyse*, *brumme*, *kremte* osv.

#### *Sanseverb:*

Denne typen omfattar dei fem basale sanseverba *sjå*, *høyre*, *føle/kjenne*, *lukte* og *smake*, i tillegg til å vere eit paraplyomgrep for sanse-, kjensle- og opplevingsverb som gruppe. Herunder fell alle verb-”handlingar” subjektet ikkje kan seiast å ha nokon direkte kontroll over, slik som *oppleve*, *drøyme*, *lide*, *sove*, *vemjast*, *skjemmast*, *pinast*, *undrast* og liknande.

Det kan her diskuteras om *bli/verte* høyrer til under denne gruppa – eg meiner sjølv det er rimeleg sikkert at konstruksjonar à la ”Han stod og vart sur” skal sjåast på som PK-ar, sjølv om dei på grunn av *bli/verte*-konstruksjonar sin punktuelle aksjonsart nok er å sjå på som markerte PK-konstruksjonar. Same om ein reknar *bli/verte* med til sanseverb, er det uvesentleg kva for posisjon ein er i medan verbhandlinga finn stad. Difor har eg valt å ta *bli/verte* med i denne typen posisjonsnøytrale verb (ein har som regel ingen kontroll over kva ein *vert*).

#### *Handlingsverb:*

Denne termen nyttar eg om alle verb som skildrar meir eller mindre agentive, ikkje-verbale handlingar som agens kan seiast å ha ein viss kontroll over. Verba omfattar handlingar som *arbeide, bite, bore, byggje, børste, dampe, dekkje, drikke, ete, eksperimentere, famle, feire, fekte, flytte, førebu, vedta* og liknande. Kort sagt fell alle verb som ikkje er vokaliseringsverb eller sanse- og kjensleverb i denne kategorien.

### **5.3.5 PK-ar med markert kollokasjonsforhold**

I mangel av eit betre omgrep har eg valt å bruke dette omgrepet om PK-ar der eit posisjonsrelevant V2 kollokerer med eit anna posisjonsverb enn det ein skulle forvente utifrå tydinga til V2. Dette dreiar seg altso om V2 der det er relevant kva for posisjon menneskekroppen er i medan handlinga vert utford. Det å køyre bil er til dømes ei handling som normalt berre kan utførast *sitjande*. Konstruksjonar som *liggje og køyre* vil då vere døme på PK-ar med tvilsamt kollokasjonsforhold – ein kan teknisk sett ikkje *liggje* medan ein køyrer, ettersom ein då ikkje vil sjå kor ein køyrer. Sameleis vil ”stå og køyre” – iallfall dersom det er snakk om bil – òg innby til kollokasjonsproblem. Eit anna døme er *ligge og løpe* (her skriv på bokmål), som visstnok skal finnast i Stavanger-dialekten – her er det i tillegg den umoglege koplinga mellom eit statisk *ligge* og eit dynamisk *løpe*. I mine nesten 6000 setningsdøme med PK-ar har eg ikkje funne belegg for slike døme i det heile – men supplerande søk på til dømes Google viser at iallfall *liggje og køyre* finst – konstruksjonen er derimot mest vanleg i dansk, sjølv om eg òg har funne døme frå norskspråklege nettsider. *Ligge og løpe* har eg derimot ikkje funne skriftleg belegg for i det heile.

Trass i sin sjeldne førekomst i skrift, og sitt nesten totale fråvær frå tekstkorpuset, er desse konstruksjonane kanskje dei viktigaste døma på bleiking av V1pos – ein kan rett og slett ikkje gå ut ifrå at *liggje* i *liggje og køyre* lenger tyder *liggje*. Altso har det skjedd fullstendig

bleiking av posisjonsverbet. Akkurat som med bruk av eit bestemt posisjonsverb i tilfelle der posisjonen er irrelevant for handlinga, kan ein her med største visse snakke om V1pos som ein aspektmarkør snarare enn ein posisjonsmarkør.

### 5.3.6 Verbalkollokasjon og aksjonsart/aspekt og semantikk

(For ei nærare utgreiing om skilnaden mellom aksjonsart og aspekt, sjå kapitlet "Skilnaden mellom aspekt og aksjonsart".)

Kjeldematerialet i tekstkorpusdatabasen min viser at det er svært mange døme på at aksjonsart/aspekt til V1 stemmer overeins med den til V2. Nær sagt alle PK-ane har aksjonsart/aspekt atelisk/kursivt, uavhengig av om V2 i seg sjølv har det eller ikkje. Både når det gjeld aksjonsart og aspekt ser ein ein subtil tendens. Posisjonsverba har det til felles at dei har kursivt aspekt. Etersom PK-ane som konstruksjon har same aspekt som V1pos, er det svært sannsynleg at V1pos påverkar aksjonsart/aspekt til V2 i tilfella der aksjonsart/aspekt ikkje er identisk frå før av i dei to verba.

Kjeldematerialet viser derimot òg at i størstedelen av setningsdøma har dei to verba allereie same aksjonsart/aspekt – difor kan ein der ikkje so lett snakke om at V1pos påverkar aksjonsart/aspekt. Der kunne det vore nærliggjande å tru at V1pos helst berre kollokerer med V2 med same aksjonsart/aspekt. Det hadde eg òg konkludert hadde det ikkje vore for dei fleire titals unntaka i kjeldematerialet. Sjølv om desse unntaka berre utgjer ein liten del av materialet, er dei likevel for mange til å fullstendig sjå vekk ifrå.

Det som òg kjem fram i materialet, er at V1pos i mange tilfelle påverkar sjølve aksjonsarten til V2. Det finst fleire døme i materialet på opphavleg punktuelle V2 som i PK-ar har fått atelisk aksjonsart. Der er det òg utelukka at andre faktorar i konstruksjonen har verka inn, til dømes utfyllingar til V2. Det finst til og med døme på at tilstandsverb er brukte som V2 i PK-ar, til dømes setningar à la "Han stod og var Ivar" og dei meir vanlege "Han stod og var småsur". Det at punktuelle verb (som ikkje har utstrekning i tid) kan opptre saman med durative verb (som har utstrekning i tid), og det at tilstandsverb (som er statiske) kan opptre med posisjonsverb (som er dynamiske), viser at det er V1pos som bestemmer aksjonsart og aspekt i PK-en. Merkeleg nok kan dette tyde på at V2 tilsynelatande ikkje er avgjerande for kva slags V1 det kollokerer med i PK-ar.

Denne konklusjonen ser ut til å gå imot det som er tilfelle i PK-typene *drive* og *V* og *ta* og *V*, der agentiviteten til V2 bestemmer om det kan kollokerast med *drive* eller *ta*. Til dømes kan

ikkje verb som manglar agentivitet, brukast med *ta*; \**Det tok og regna* er til dømes ugrammatisk, sameleis er \**Lyset tok og slokna*. Her må ein derimot sjå på skilnaden mellom grammatiske og semantiske føringar. Medan aksjonsart/aspekt er eit grammatisk fenomen, er agentivitet i stor grad eit semantisk eitt. Sjølv om setninga \**Han tok og vart slegen ned* inneheld to verb med same aksjonsart og aspekt (*ta* og *verte*), gjer semantiske føringar at konstruksjonen er ugrammatisk. Bruker ein *ta* og *V*, impliserer ein at handlinga er viljestyrt av agens, og å *verte slegen ned* er ikkje ei viljestyrt handling. Dette tyder på at forholdet mellom dei to verba i PK-ar er todelt; V1 bestemmer aksjonsart og aspekt i konstruksjonen, medan V2 bestemmer semantikken.

Medan eg i den fyrste delen av oppgåva tok føre meg dei ulike teoriane som ligg bak bruken av PK-ar i nordiske språk, vil eg i kapittel 6 presentere mine eigne empiriske undersøkingar. Eg har nytta meg av Oslokorpuset, eit av dei største korpusa av norskspråklege tekstar, og det korpuset eg har vorte tilrådd å bruke. Eg har opparbeidd meg eit kjeldemateriale på godt og vel 6000 setningar, eit materiale der *sitje*, *liggje* og *stå* er om lag likt representerte so langt dette lèt seg gjere. Både bokmål- og nynorsksetningar er tekne med. Her vil eg finne ut 1) kva subjekt dei tre posisjonsverba har, 2) kva verb dei tre posisjonsverba kollokerer med (altså kva for verb dei opptrer i PK saman med), og 3) om V1pos påverkar aksjonsarten og aspektet til V2. Ved hjelp av 1) vil eg finne ut om V1pos er utvida til òg å *verte* brukt om andre subjekt enn menneske, noko som i so tilfelle er evidens for semantisk bleiking. Ved hjelp av 2) vil eg finne ut om det er ein samanheng mellom kva av dei tre posisjonsverba som kollokerer med V2, og kva som er den typiske posisjonen for eit gjeve V2 å *verte* utført i. Ved hjelp av 3) vil eg finne ut om det stemmer at det er V1pos som bestemmer aksjonsart og aspekt til konstruksjonen – i so fall er dette evidens for at V1pos fungerer som hjelpeverb i PK-ar.

## 6. Posisjonsverb-PK: empirisk undersøking

### 6.1 Materiale og metode

For å få empirisk belegg til denne mest sentrale delen av undersøkinga, har eg bygt opp ein database i Excel over PK-setningsdøme henta frå Oslokorpuset. Døma er pseudokoordinasjonar der *sitje*, *liggje* og *stå* er V1. Eg har søkt etter *sitje/liggje/stå* som grunnform, i kategorien Verb og late det vere maksimalt 3 ord mellom verbet og ”og”, men

ingen ord mellom ”og” og V2 (som her er representert av eit blankt felt, men med Grunnform og kategorien Verb presisert). Eg har sett eit øvre tak på 1500 tilfeldig valde førekomstar per posisjonsverb. I praksis er derimot ikkje 1500 døme per verb på bruk av PK-ar; *ligge og V* (bokmål) har til dømes berre 984 førekomstar totalt i korpuset, og av desse er vel 596 av dei PK-ar. *Stå og V* har 1126 setningar med PK-ar, i tillegg til vel 50 døme der det er usikkert om ein har med ein PK å gjere. *Sitte og V* har totalt 1490 førekomstar, der rundt 1352 av dei er PK-ar, i tillegg til vel 40 tvilstilfelle. Totalt har eg altso 3074 bokmålssetningsdøme på bruk av posisjonsverb i PK-ar. I nynorsk har eg rundt 880 førekomstar av *liggje og V*, der rundt 830 er PK-ar. *Sitje og V* har eg rundt 1000 av, der rundt 976 er PK-ar. *Stå og V* har eg rundt 1000 av, der rundt 897 utgjer PK-ar. Totalt har eg altso rundt 2703 nynorsksetningsdøme på bruk av posisjonsverb i PK-ar. Dette bringer det totale talet PK-døme opp i rundt 5777 setningar. Med i underkant av 6000 setningar har eg altso eit rikhaldig materiale å hente stoff frå.

Føremålet med denne databasen er å finne ut 1) kva type subjekt dei tre posisjonsverba opptrer saman med, 2) kva verb dei tre posisjonsverba kollokerer med, 3) om V1pos påverkar aksjonsarten og aspektet til V2. Ved hjelp av (1) vil eg finne ut om det har skjedd ei utviding av den semantiske tydinga til posisjonverbet. Dersom V1pos kollokerer med andre subjekt enn menneskelege, er dette evidens for at det har skjedd ei semantisk utviding av verbet, noko som er teikn på byrjande semantisk bleiking og grammatikalisering. Ved hjelp av (2) vil eg finne ut om V1pos kollokerer med verb som uttrykkjer handlingar som er posisjonsnøytrale eller som saman med V2 gjer den simultane handlinga markert (jf. førre kapittel). Førekomsten av slike tilfelle av posisjonsnøytralitet og markert, simultan utføring vil vere evidens for at det har skjedd ei grammatikalisering av V1pos. Ved hjelp av (3) vil eg finne ut om V1pos er med på å tilføre PK-en grammatisk tilleggsinformasjon, noko som i so tilfelle vil vere evidens for at V1pos utfører oppgåver ein typisk finn hjå hjelpeverb (jf. kapitlet ”Hjelpeverb og deira kjenneteikn”).

Kutevas grammatikaliseringsskjede (jamfør kapitlet ”Dei tre posisjonsverba i seg sjølv”) seier kort fortalt at posisjonsverb opphavleg er nytta berre om posisjonen til menneskekroppen (steg 1). Steg 2 inneber at verbet vert utvida til òg å kunne brukast om ikkje-menneskelege levande vesen. I steg 3 kan verbet i tillegg brukast om konkrete fysiske ting, sokalla ”sjellause”<sup>10</sup> gjenstandar (engelsk *inanimate objects*). Steg 4 nemner ikkje Kuteva eksplisitt kva status subjektet har (berre kva status PK-en har), men eg introduserer her abstrakte, ”uhandgripelege” ting og omgrep som steg 4-subjekt. Døme på slike abstrakt er

---

<sup>10</sup> På norsk finst det rett og slett ikkje eit dekkjande nok ord for *inanimate*. Den direkte omsetjinga ”sjellaus” høyrer meir ut som eit skjellsord enn eit vitenskapleg omgrep, men er her valt som ein uoffisiell term.

*lys, fridom, Noreg, fornuft, solstråle*. Abstrakta har det til felles at dei ikkje har noka fysisk form, noko som gjer at dei ikkje kan *sitje, liggje* eller *stå*. Eg har valt å plassere det syntaktiske subjektet ”det” i steg 4 når ”det” er einaste subjektet i setninga (”*Det* står skrive...”, men ikkje ”*Det* sat ei dame og strikka”, der jo ”ei dame” er det semantiske subjektet).

Denne kjeda gjer at posisjonsverba må tolkast mindre og mindre bokstavleg dess høgre opp ein kjem i kjeda. Medan menneske i teorien kan både *sitje, liggje* og *stå*, er det ikkje alle ikkje-menneskelege vesen som kan det; ein kan ikkje seie at til dømes ein torsk kan *stå* eller *sitje*, so det at V1pos likevel førekjem med ein torsk som subjekt, gjer at V1pos ikkje kan takast bokstavleg (ein fisk har ikkje føter og kan difor ikkje *stå*; kroppsbygninga gjer òg at han ikkje kan *sitje*). Når det er snakk om tre og plantar, som jo er levande, men samstundes ”sjellause”, har eg valt å karakterisere dei som gjenstandar – altso høyrer dei til steg 3. Akkurat som daude gjenstandar (som bøker, hus, spiker, vindauge og båtar) kan ein ikkje seie at tre og plantar bokstavleg tala *står, sit* eller *ligg*. I mitt steg 4 er det absolutt ikkje tale om at subjektet *sit, ligg* eller *står* anna enn i overført tyding.

Når det gjeld aksjonsart, altso handlinga sitt interne tidsforløp fastlagt gjennom verbet eller verbalfrasen sin semantikk (jamfør NRG 1997: 637), skulle ein forvente at alle PK-ar med posisjonsverb er ateliske, altso utan eit naturleg sluttunkt. Denne konklusjonen kan trekkjast på generelt grunnlag ut ifrå det fakum at *sitje/liggje/stå* i seg sjølv er ateliske, og at dei difor anten opptre i lag med verb med same aksjonsart, eller påverkar aksjonsarten til sjølve verbalhandlinga uttrykt i PK-en. I dei fleste tilfelle vil V2 i seg sjølv ha same aksjonsart som V1pos. Bakdelen med dette er at ein då ikkje vil vete om V1pos påverkar aksjonsarten til PK-en. Det er tilfelle der V2 er telisk eller punktuelt som er interessante, for då kan ein lett trekkje konklusjonen at V1pos har overført sin eigen aksjonsart til sjølve PK-en.

Ein skulle her tru at PK-en er redundant i PK-ar der både PK og V2 er ateliske – for kva nytte har PK-en dersom handlinga allereie er atelisk? Dette trekkjer etter mitt syn fram sjølve skilnaden mellom aksjonsarten og aspektet til handlinga. Medan aksjonsarten er inherent i verbet, er aspektet eit subjektivt trekk ved verbet pluss eventuelle utfyllingar. Verbet *bake* skildrar i utgangspunktet ei inherent atelisk handling. Ettersom aspekt kan seiast å vere eit ad hoc-fenomen (noko som gjeld der og då for kvart enkelt tilfelle), må situasjonen presiserast for at ein skal kunne vurdere aspektet. *Ho bakte* er ein konstruksjon med kursivt aspekt (ei handling eller situasjon ustrekt i tid utan tanke på avgrensing, jf. NRG 1997: 646). *Ho bakte ei kake* har derimot resultativt aspekt (sia konstruksjonen fokuserer på resultatet av ei handling, jf. NRG: 647).

Konstruksjonen *Ho stod og bakte ei kake* fokuserer derimot på den uavgrensa ustrekninga handlinga har i tid, i motsetnad til *Ho bakte ei kake* – altså er fokus retta på sjølve handlinga, ikkje resultatet av ho. På generelt grunnlag kan ein difor seie at *sitje/liggje/stå* har som funksjon å tilføre verbalhandlinga eit kursivt aspekt, og at PK-ar difor fungerer som handlingsfokuserande hjelpeverb. I konstruksjonar som *Ho stod og bakte kake(r)* skulle ein tru det var PK-redundans – *Ho bakte kake(r)* fokuserer jo allereie på sjølve den uavgrensa handlinga. Her er det mest sannsynleg at PK-en er med på å gje konstruksjonen eit habituelst aspekt (fokus på den vanebundne gjentakninga av ei handling, jf. NRG: 646), sjølv om denne typen aspekt typisk vert uttrykt gjennom utfyllingar til verbet; *Ho bakte kake kvar dag* versus *Ho stod og bakte kake (kvar dag)*.

Tilstandsverb, eller det NRG kallar ikkje-dynamiske eller statiske verb, opptrer vanlegvis ikkje i PK-ar. Sjølv om dei alltid er ateliske (og ateliske verb opptrer i PK-ar), skildrar dei som regel ein vedvarande tilstand eller eigenskap ved subjektet, ikkje ei eigentleg handling. Ei setning som *\*Han stod og var formann i burettslaget* skulle ein då ikkje forvente å finne. Ei setning som *Han stod og var grav alvorleg* er derimot meir akseptabel. Dette kan kome av at det å vere alvorleg er ein mellombels tilstand som krev tilførsel av energi (og som difor er dynamisk), medan det å vere formann i teorien kan vere ein permanent eigenskap, nett som det å til dømes vere trønder (som ikkje krev tilførsel av energi og difor er ikkje-dynamisk). På bakgrunn av dette kan ein seie at posisjonsverb-PK-ar generelt skildrar ateliske, dynamiske handlingar.

Punktuelle verb skal ein normalt heller ikkje forvente å finne i PK-ar. NRG (1997: 638) dreg konklusjonen at punktuelle verb manglar tidsforløp av di heile handlinga vert realisert på éin gong. Ei setning som *\*Dei stod og møtte kvarandre* skulle ein då ikkje forvente å finne. Ei setning som *Ho stod og møtte veljarane* er derimot meir akseptabel. Dette kan kome av at det å møte fleire personar (i motsetnad til berre ein eller få) gjev handlinga iterativ, gjentakande aksjonsart. Ei setning som ”*Ho stod og møtte veljarane*” kan i tillegg ha anten kursivt eller habituelst aspekt. Ei telisk handling som i utgangspunktet har resultativt aspekt, går over til å ha kursivt aspekt (fokus går frå resultatet av møtet – veljarane – til sjølve handlinga – det at ho møtte nokon over eit uavgrensa tidsrom). Ei setning som *Han låg og døydde* førekjem derimot òg. Å døy vert vanlegvis sett på som noko punktult, med mindre det er snakk om sjølve det å vere døyande. *Han låg og døydde* kan då tolkast som *Han var døyande* eller *Han var i ferd med å døy*. V1pos har med andre ord påverka aksjonsarten til PK-en. Det at V1pos er i stand til å gjere dette, er evidens for at V1pos fungerer som hjelpeverb i PK-ar.



## 6.2 *Subjektstypar ved posisjonsverb*

Til denne undersøkinga nyttar eg Oslo-korpuset, eit tekstkorpus som inneheld fleire millionar ord, og som dermed utgjer eit av dei største samlingane med statisk materiale her i landet. Materialet i tekstkorpuset er basert på diverse aviser, romanar og andre tekstar, og har både eit bokmål- og eit nynorskkorpus. Føremonane med eit tekstkorpus framfor Internettsøk er mange. Blant anna kan ein sjølv bestemme kva syntaktisk kategori det skal søkjast etter, kor mange ord det skal vere mellom orda i søkjeskjemaet – og ein kan til og med plukke ut eit sjølvbestemt tal tilfeldig utvalde førekomstar. Dette gjer søk i tekstkorpus meir tidssparande og effektivt enn eit ordinært Internettsøk.

Denne undersøkinga handlar fyrst om dei tre posisjonsverba i seg sjølv, brukt som einaste verb i ein konstruksjon. Deretter vil eg undersøkje val av subjekt når posisjonsverbet inngår som V1 i ein PK.

Eg vil som sagt fyrst finne ut kva type subjekt dei vel, om dei vel menneske, dyr eller ting. Til å byrje med tok eg 16.november 2009 tre søk med høvesvis *sitje*, *liggje* og *stå* som ord i midtfeltet. Eg lét felte til venstre og høgre bere den syntaktiske kategorien substantiv, for på den måten å få med setningar både med vanleg SVO-rekkjefylgje og dei med inversjon av subjekt og verbal. Eg lét det vere maksimum tre ord mellom kvart av dei tre ledda. I samsvar med Kutevas grammatikaliseringsskjede og det stadig utvida bruksområdet til posisjonsverba, laga eg fire steg.

I steg 1 vert posisjonsverbet berre brukt for å presisere posisjonen til menneskekroppen. Verbet vert ikkje brukt om ikkje-menneskelege levande vesen (til dømes dyr, insekt, fuglar, fisk), konkrete gjenstandar (bøker, bygningar, byar, område, land, apparat, maskiner) eller abstrakte omgrep (bot, politi, kommunestyre, gruppe, naud, ord, kvalitet, forvaltningseining, daude, røyndom, musikk, utbrot). Med dette innfører eg mine eigne dikotomiske trekk [+/-menn(eske)], [+/-dyr], [+/-ting] og [+/-abstrakt]. Steg 1 har altso trekka [+menn, -dyr, -ting, -abstrakt].

I steg 2 vert posisjonsverbet utvida til òg å brukast om ikkje-menneskelege levande vesen. Når til dømes kattar, hundar og grisar vert karakteriserte som *sitjande*, *liggjande* eller *ståande*, er dette evidens for at verbet har utvida seg frå å berre referere til menneskekroppen sine posisjonar til òg å gjelde ikkje-menneskelege vesen sine posisjonar. Steg 2 har trekka [+menn, +dyr, -ting, -abstrakt].

I steg 3 vert posisjonsverbet i tillegg brukt om ikkje-levande einingar, konkrete gjenstandar. Når til dømes bøker, katedralar, byar og land vert sagt å *liggje* ein stad, har ein evidens for at iallfall *liggje* har utvida bruksområdet sitt. Men kan ein seie det same om dei to andre posisjonsverba *sitje* og *stå*? Steg 3 har trekka [+menn, +dyr, +ting, –abstrakt].

Det fjerde og siste steget er det eg kallar den ultimate grada av utvida bruksområde. Her vert ikkje berre posisjonsverbet brukt om menneske, dyr og konkrete einingar, men òg om abstrakte einingar og omgrep, einingar som berre i varierende grad har fysisk eksistens. Denne kategorien, som nok er den mest samansette av dei, strekkjer seg frå semi-abstrakte storleikar som til dømes *politi*, *kommunestyre*, *grupper*, *politiske parti* og *klassar* til fullstendig abstrakte omgrep som til dømes *opplysing*, *kvalitet*, *millimeter*, *idrettsgrein* og *romanse*. Det syntaktiske (men semantisk tomme) subjektet *det* er òg teke med her, ettersom ordet kan seiast å utelukkande utgjere eit syntaktisk abstrakt. Steg 4 har trekka [+menn, +dyr, +ting, +abstrakt]. Sett på spissen eksisterer abstrakte omgrep berre ”på papiret”.

Denne inndelinga er ikkje heilt uproblematisk, og kan somme stader tilsynelatande vere sjølvmotseiande. Til dømes har eg valt å plassere *kommunestyrerepresentant* i steg 1, medan *kommunestyre* vert plassert i steg 4. Dette er fordi ein representant for eit kommunestyre i aller høgste grad er eit menneske, medan kommunestyret i seg sjølv er ein abstrakt institusjon – nett som at *politimann* høyrer heime i steg 1 medan *politi* som abstrakt institusjon høyrer heime i steg 4.

Eg byrja søket mitt i tekstkorpuset med å avgrense talet treff til 200 tilfeldig valde førekomstar. Talet 200 vart valt fordi talet er stort nok til å gje eit nokolunde høveleg bilete av materialet, men samstundes ikkje so stort at det vert ei uoverskodelig oppgåve å gjennomgå materialet. I all sanning vart eg overraska over kva som dukka opp:

Ved søk på *sitje*, saman med dei søkjekriteria eg oppgav ovafor, fann eg av dei 200 tilfeldig valde førekomstane 172 som kunne brukast. Resten var det eg kallar feilkjelder. I 144 av treffa (eller om lag 83,7 %) vart *sitje* brukt om menneske, altså steg 1. Bruk av verbet om dyr og liknande (steg 2) var ikkje representert i det heile. Det var eitt einaste treff på steg 3 (konkrete einingar), noko som berre utgjer fattige 0,6 % av dei totalte førekomstane. Eg fann 27 førekomstar av *sitje* brukt på abstrakte einingar og omgrep, noko som utgjer 15,7 % av førekomstane. Verbet *sitje* vert, basert på denne undersøkinga, i all hovudsak brukt om menneskelege vesen.

Ved søk på *liggje* vert til samanlikning berre 30 av dei 190 brukande førekomstane, 15,8 %, brukt om menneske (steg 1). Steg 2 har eitt einaste treff, der verbet i tillegg vert brukt om ein puddel som mest sannsynleg er tillagt menneskelege eigenskapar (puddelen har til dømes eit

namn og er i kraft av dette nok noko anna enn berre eit dyr). Steg 3 kontrasterer oppsiktsvekkjande med *sitje*. Medan *sitje* i eitt av treffa vert brukt om konkrete einingar, vert *liggje* brukt i 71 av dei 190 førekomstane, altso i 37,4 % av dei. Òg steg 4 er overraskande godt representert, med 88 av dei 190, eller 46,3 % av førekomstane.

*Stå* er ikkje fullt so gjennomført eit spegelbilete av *sitje* slik *liggje* er. Steg 1 utgjer 69 av dei 178 totale førekomstane (38,7 %), steg 2 ingen, steg 3 32 av 178 (18 %) og steg 4 77 av 178 (43,3 %). Her skal det òg seiast at *stå* inngår i ei mengd idiomatiske uttrykk. Ut ifrå materialet her gjeld dette i større grad hjå *stå* enn hjå dei to andre posisjonsverba. Det er fullt mogleg at *stå* kan endre tyding på grunn av desse uttrykka. Eg er til dømes i tvil om at *stå* framleis refererer til posisjonering i uttrykk som *stå på*, *stå fritt i*, *stå overfor*, *stå opp*, *stå til ansvar for*, *stå for*, *stå i forhold til*, *stå i fare*, *stå utan*, *stå bak*, *stå i vegen*, *stå i fokus*, *stå i sentrum*, *stå sentralt i* og so vidare.

Her fylgjer ei oppsummering av resultatata for oversikta si skuld. Kolonnen til venstre viser talet setningar med den og den subjekttypen, kolonnen til høgre for den viser kva dette utgjer i prosent:

POSISJONSVERB	STEG 1 (MENNESKE)		STEG 2 (DYR O.L.)		STEG 3 (KONKRETE EININGAR)		STEG 4 (ABSTRAKTE EININGAR)	
	<i>sitje</i> (172)	144	83,7 %	0	0 %	1	0,6 %	27
<i>liggje</i> (190)	30	15,8 %	1	0,5 %	71	37,4 %	88	46,3 %
<i>stå</i> (178)	69	38,7 %	0	0 %	32	18 %	77	43,3 %

Tabell 2: Kva subjekt VIpos utafør PK-ar kollokerer med.

Basert på denne undersøkinga ser det ut til at *sitje* mest vert brukt om menneske, medan *liggje* og *stå* vert mest brukt om abstrakte einingar. Førebels kan dette tyde på at *liggje* og *stå* har eit vidare bruksområde enn *sitje*, og dermed er meir grammatikalisert. Dette overraskar meg ikkje, ettersom det er enklare å førestelle seg eit objekt som *liggjande* eller *ståande* enn *sitjande* – det å *sitje* er ein posisjon som etter alt å døme krev animatheit for å verte utført. Markante unntak er *spiker*, som kan *sitje* i veggjen – eller at noko ”kan *sitje* lenge i minnet”. Her vil *sitje* naturleg nok ikkje lenger referere til kroppsposisjonen, ettersom verbet her er fullstendig semantisk bleikt.

Ei slik undersøking kan sjølvsagt ha sine avgrensingar. Til dømes er det spesielt éin faktor som kan påverke representasjonen til kvart steg: Kor ”tilfeldig valt” er dei tilfeldig valde førekomstane? Det slo meg spesielt at eg berre fann eitt einaste døme på bruk av steg 2, eit

steg som var mistenkjeleg underrepresentert (eg vil seie *ignorert*). Posisjonsverb vert utan tvil òg brukt om dyr, insekt, fugl og fisk.

Dette uventa fråveret av representantar frå steg 2 var derimot ikkje det einaste som fekk meg til å stusse på validiteten til denne undersøkinga. Ein stor del av det tilsynelatande tilfeldig utvalde materialet til *stå* såg ut til å vere lovtekstar og andre juridiske og byråkratiske dokument, tekstar der språket ofte har eit høgt abstraksjonsnivå. Slike dokument var berre i liten grad å finne i søka med *sitje* og *liggje*. Som eg nemnde tidlegare var òg ein stor del av materialet til *stå* idiomatiske uttrykk med *stå*, ofte pluss ein preposisjons- eller nomenfrase.

Eg er viss på at eit større og meir variert materiale vil påvise ei noka annleis fordeling av dei fire stega – ei undersøking eg trur vil liggje utafør denne oppgåva, som jo handlar om dei tre posisjonsverba sin bruk i *pseudokoordinasjonar*. Ei slik undersøking vil nok kunne avdekkje svært interessante sider av norske språkbrukarar si mentale oppfatting av posisjonen til fysiske objekt.

#### *Posisjonsverba og val av subjekt i PK-ar*

Når det gjeld val av subjekt i PK-ar med V1pos, har eg òg resultat å kome med. Eg har teke føre meg databasen eg allereie har bygt opp med 6000 setningsdøme på bruk av PK-ar med V1pos. Tilsynelatande skulle ein tru at fordelinga av subjektstypar var nokolunde likt blant dei tre posisjonsverba. Ein skulle òg tru at fordelinga mellom dei ulike subjektstypane ville likne den til nakne posisjonsverb. Den empiriske evidensen seier derimot noko anna:

Når det gjeld menneskelege vesen som subjekt, utgjer dei eit overveldande fleirtal av kjeldematerialet. Dette gjer det meir føremålstenleg å fokusere på dei setningane som *ikkje* har menneskelege vesen som subjekt.

Eg byrjar med nynorsksetningar med *liggje* som V1. Abstrakte subjekt (jf. ovafor) førekjem i 26 av 829 setningar, 34 om ein reknar med tvilstilfella. Dette utgjer med tvilstilfella 4,1 % av setningane. Ikkje-menneskelege levande vesen som subjekt førekjem i 7 av setningane, 10 om ein reknar med tvilstilfella. Dette utgjer med tvilstilfella 1,2 % av setningane. Konkrete subjekt (jf. ovafor) førekjem i 94 av setningane, 102 om ein reknar med tvilstilfella. Dette utgjer med tvilstilfella 12,3 % av setningane. Til saman opptre ikkje-menneskelege subjekt altso i 146 av dei 829 setningane, noko som tilsvarer 17 %. I bokmålssetningar med *ligge* som V1 ser ein ein liknande distribusjon: abstrakte subjekt førekjem i 26 av dei 596 setningane (her er det ingen tvilstilfelle), noko som utgjer 4,4 % av setningane. Ikkje-menneskelege levande subjekt førekjem i eitt tilfelle, eller rundt 0,2 % av setningane. Konkrete subjekt førekjem i 72 av setningane, eller 12,1 % av dei. I tillegg har eg i bokmålsmaterialet til *ligge*

og 33 tilfelle der det er tvil om kva type subjektet er, noko som utgjer 5,5 % av setningane. Utan tvilstilfella utgjer ikkje-menneskelege subjekt 99 av setningane, eller 16,6 % - med tvilstilfella utgjer dei 132, eller 22,1 %. Grunna det høge talet tvilstilfelle har eg valt å sjå bort frå dei i dette eine tilfellet.

I nynorsksetningar med *sitje* som V1 utgjer abstrakte subjekt 2 av 970 setningar, 4 om ein reknar med tvilstilfella. Dette utgjer med tvilstilfella 0,4 % av setningane. Ikkje-menneskelege levande subjekt førekjem i 7 av setningane, 8 om ein reknar med det eine tvilstilfellet. Dette utgjer med tvilstilfellet 0,8 % av setningane. Konkrete subjekt førekjem ikkje i det heile. I bokmålssetningar med *sitte* som V1 førekjem abstrakt i berre éi av 1352 setningar, noko som utgjer 0,07 %. Ikkje-menneskelege levande subjekt førekjem i 10 av setningane, 13 om ein reknar tvilstilfella. Dette utgjer med tvilstilfella 0,96 % av setningane. Konkrete subjekt førekjem ikkje i det heile.

I nynorsksetningar med *stå* som V1 utgjer abstrakte subjekt 10 av dei 897 setningane (ingen tvilstilfelle), noko som utgjer 1,1 % av setningane. Ikkje-menneskelege levande vesen utgjer 5 setningar (6 om ein reknar med tvilstilfellet), noko som med tvilstilfellet utgjer 0,7 % av setningane. Konkrete subjekt førekjem i 38 av setningane (40 om ein reknar med tvilstilfella), noko som med tvilstilfella utgjer 4,5 % av setningane. I bokmålssetningar med *stå* som V1 finn eg berre eitt abstrakt subjekt som i tillegg er eit tvilstilfelle, noko som utgjer 0,09 % av dei 1126 setningane. Ikkje-menneskelege levande vesen førekjem i 5 av setningane (8 om ein reknar med tvilstilfella), noko som med tvilstilfella utgjer 0,7 %. Konkrete subjekt førekjem i 34 av setningane (38 om ein reknar med tvilstilfella), noko som med tvilstilfella utgjer 3,4 %.

Her fylgjer ei oversikt over distribusjonen av dei ulike subjektstypene i PK-ar. Talet setningar og prosenten dei utgjev er oppført for bokmål og nynorsk, og prosentsnittet av bokmål-nynorsk-setningar står i feit skrift. Det er totalt 596 setningar med bokmål *ligge*, 829 med nynorsk *liggje* – samla setningar med *liggje* vert då 1425. *Sitte* bokmål har totalt 1352 setningar, nynorsk *sitje* har 970 – samla setningar med *liggje* vert då 2322. *Stå* bokmål har totalt 1126 setningar, nynorsk *stå* har 897 – samla setningar med *stå* vert då 2023:

	ABSTRAKTE		IKKJE-MENNESKE		KONKRETE		SAMLA IKKJE-MENNESKE		MENNESKE	
<i>liggje</i> BM (596)	26	4,4 %	1	0,2 %	72	12,1 %	99	16,6 %	497	83,4 %
<i>liggje</i> NN (829)	34	4,1 %	10	1,2 %	102	12,3 %	146	17 %	683	83,4 %
<b>% <i>liggje</i></b>		<b>4,25 %</b>		<b>0,7 %</b>		<b>12,2 %</b>		<b>17,15 %</b>		<b>82,85 %</b>

<b>samla</b>										
<i>sitje</i> BM (1352)	1	0,07 %	13	0,96 %	0	0 %	14	1,03 %	1338	98,97 %
<i>sitje</i> NN (970)	4	0,4 %	8	0,8 %	0	0 %	12	1,2 %	958	98,8 %
<b>% <i>sitje</i></b>		<b>0,14 %</b>		<b>0,72 %</b>		<b>0 %</b>		<b>1,2 %</b>		<b>98,8 %</b>
<b>samla</b>										
<i>stå</i> BM (1126)	1	0,09 %	8	0,7 %	38	3,4 %	47	4,19 %	1079	95,81 %
<i>stå</i> NN (897)	10	1,1 %	6	0,7 %	40	4,2 %	56	6 %	841	94 %
<b>% <i>stå</i> samla</b>		<b>0,56 %</b>		<b>0,7 %</b>		<b>4 %</b>		<b>5,1 %</b>		<b>94,9 %</b>

Tabell 3: *Vlpos sitt val av subjekttype i PK-ar.*

Ut ifrå desse prosenttala ser ein at *liggje* skil seg frå dei to andre posisjonsverba ved å ha ein langt høgare førekomst av abstrakte og konkrete subjekt. Ein ser òg at fordelinga av ikkje-menneskelege vesen er nokolunde likt fordelt mellom dei tre posisjonsverba. *Sitje* skil seg òg ut ifrå *liggje* og *stå* ved å ikkje verte brukt om konkrete subjekt i det heile – denne manglande representasjonen er ikkje overraskande, jamfør undersøkinga ovafor med subjekttypevalet til nakne posisjonsverb. Menneskelege subjekt er derimot i overlegent fleirtal som subjekt til alle tre posisjonsverba. Ser ein på prosenttalet subjekt som høyrer til steg 3 og 4 (konkrete og abstrakte subjekt), kan ein konkludere at *liggje* er mest grammatikalisert og *sitje* minst. *Stå* ligg (eller *står*?) om lag midt mellom *liggje* og *sitje* når det gjeld grammatikalisering.

Når det gjeld tvilstilfella, er det nokre døme der det er tvil om kva subjektet skal tolkast som, til dømes i fylgjande setning:

*...senere satt Brumm på grenen og dinglet med bona...* (SK/MiAA/01).

Sia dette openbert er ei bok som handlar om dyr (Ole Brumm er ein bjørn), er det tydeleg at dyra er tillagt menneskelege eigenskapar. Difor har eg valt å handsame liknande slike tilfelle som om det var menneske det var snakk om. Antropomorfe dyr har eigenskapar som plasserer dei meir i kategorien menneske enn i kategorien dyr (dei snakkar, går ofte på to bein, les bøker og eig hus). Fylgjande setning, derimot, har eg valt å plassere i kategorien abstrakte subjekt:

*...kommunene sittet på gjerdet og ventet med å bygge barnehaver?* (AV/AF96/01).

Sjølv om det openbert er menneske som sit i kommunen, er det her snakk om kommunen som ein abstrakt, ”uhandgripeleg” institusjon. Som andre politisk oppdelte område, eksisterer kommunen til sjuande og sist berre på papiret; om nokon slær i hop to kommunar, so

opphøyrer trass alt ikkje den fysiske staden å eksistere. Eit anna tvilstilfelle er fylgjande setning:

*[Danma?]rk og Norge sto der den natten og stirret karskt på de utenlandske hønene* (SK/StTe/01).

Her kan ein lure på om det kan liggje eit menneskeleg subjekt som ikkje er kome med i setningsutdraget, til dømes ”*noen menn fra Danmark og Norge...*”. På grunn av dette har eg valt å klassifisere setninga som eit tvilstilfelle, her under abstrakte subjekt, sia det, i enkelte kontekstar er mogleg at nokon vil skildre eit land som ”ståande og stire på noko”. Det kunne derimot like godt ha vore klassifisert som tvilstilfelle under menneskelege subjekt – men sia menneskelege subjekt likevel utgjer eit absolutt fleirtal av setningane, spelar det til sjuande og sist inga rolle.

## 6.3 Typar av V2 ved posisjonsverb

### 6.3.1 Posisjonsverb og kroppsposisjon

I denne undersøkinga har eg teke føre meg det faktiske posisjonsverbet som er brukt i setninga. Som eg skriv i kapitlet ”Posisjonsnøytrale verb”, er det langt frå alltid at handlinga uttrykt i V2 krev ein bestemt posisjon å verte utført i. Dette kan vere evidens for at posisjonsverbet er valt ikkje for å markere noko posisjonelt, men for å markere noko aspektuelt – dette er i sin tur evidens for grammatikalisering av posisjonsverbet. Eg vil her presentere i tur og orden resultatata frå undersøkinga, der eg har vurdert posisjonsrelevansen til kvar enkelt setning. Eg har delt opp resultatata etter om V2 er posisjonsnøytralt, om V2 er posisjonsrelevant, om V2 kollokerer med eit atypisk V1pos (til dømes *liggje og drikke*: ”Låg stakkaren og drakk i senga?” (SK/BaEn/01), *sitje og sove*: ”Midt på blanke ettermiddagen sit ho og søv...” (SK/HoEd/01), *stå og sove*: ”...der tranone<sup>11</sup> stod og sov i den kvite sumarnatti” (SK/SS57/01).), tvilstilfelle der det ikkje kan avgjerast sikkert om V2 krev ein bestemt posisjon, og, til slutt, det eg kallar tvilsamt kollokasjonsforhold, der ein har eit V1pos og eit V2 som det er vanskeleg, upraktisk eller umogleg å utføre samstundes:

Bokmålssetningar med *ligge* som V1 utgjer til saman 596 setningar. I 463 av desse er V1pos brukt med eit posisjonsnøytralt V2, noko som utgjer 77,7 % av setningane. I 121 av setningane, eller 20,3 %, er V1pos relevant for V2 å verte utført. I 2 av setningane kollokerer V2 med eit atypisk V1pos, noko som utgjer 0,5 % av setningane. Tvilstilfella utgjer 9

<sup>11</sup> Sjølv om traner faktisk står og søv, er det likevel ein atypisk posisjon å utføre handlinga i, sett ut ifrå eit menneskeleg synspunkt – og det er her ut ifrå nettopp eit menneske sin ståstad at eg definerer ein posisjon som typisk eller atypisk for handlinga.

setningar, eller 1,5 %. Eg fann ingen tilfelle med tvilsamt kollokasjonsforhold.

Nynorsksetningar med *liggje og* som V1 utgjer til saman 830 setningar. Posisjonsnøytrale setningar utgjer 627 av setningane, eller 75,5 %. Posisjonsrelevante utgjer 143, eller 17,3 %. Atypiske kollokasjonar utgjer 14 setningar, eller 1,7 %. Tvilstilfelle utgjer 44 setningar, eller 5,3 %. Her fann eg ei setning med tvilsamt kollokasjonsforhold, eller 0,2 % av setningane. I dei to setningane var det snakk om å *liggje på setra og mjølke kyrne*: "...da ho låg på Hondalssetra og mjølka kyrne om sommaren." (SK/HoEd/01). Reknar ein ut prosentsnittet av bokmåls- og nynorsksetningane, får ein fylgjande distribuering:

Posisjonsnøytrale V2 med V1pos: 76,6 %, posisjonsrelevante V2 med V1pos: 18,8 %, V2 med posisjonsatypiske V1pos: 1,1 %, tvilstilfelle: 3,4 % og V1pos og V2 med tvilsamt kollokasjonsforhold: 0,1 %.

Bokmålssetningar med *sitte og* som V1 utgjer til saman 1352 setningar. Av desse førekjem posisjonsnøytralt V2 med V1pos i 1196 av dei, eller i 88,5 % av setningane. Posisjonsrelevant V2 med V1pos utgjer 124 av setningane, eller 9,2 %. V2 med posisjonsatypisk V1pos førekjem i 11 av setningane, eller 0,8 %. Tvilstilfella utgjer 1,5 %, eller 21 setningar. Eg fann ingen tilfelle med tvilsamt kollokasjonsforhold. Nynorsksetningar med *liggje og* som V1 utgjer til saman 970 setningar. Av desse utgjer posisjonsnøytrale V2 med V1pos 883 setningar, eller 91 %. Posisjonsrelevante V2 med V1pos utgjer 71 setningar, eller 7,3 %. V2 med posisjonsatypisk V1pos utgjer 11 setningar, eller 1,1 %. Tvilstilfelle utgjer 4 setningar, eller 0,4 %. Éi enkelt setning (0,1 %) har V1pos og V2 med tvilsamt kollokasjonsforhold – her var det snakk om å *sitje og dette*: "Han syntes han sat og datt." (SK/BeLa/01).

Prosentnittet bokmål-nynorsk er som fylgjande:

Posisjonsnøytrale V2 med V1pos: 89,75 %, posisjonsrelevante V2 med V1pos: 8,25 %, V2 med posisjonsatypiske V1pos: 0,95 %, tvilstilfelle: 0,95 % og V1pos og V2 med tvilsamt kollokasjonsforhold: under 0,1 %.

Bokmålssetningar med *stå og* som V1 utgjer til saman 1126 setningar. Av desse førekjem posisjonsnøytralt V2 med V1pos i 1034 av dei, eller i 92 % av setningane. Posisjonsrelevant V2 med V1pos førekjem i 76 av dei, eller 6,7 %. V2 med posisjonsatypisk V1pos førekjem i 3 av setningane, eller 0,3 %. Tvilstilfelle utgjer 13 setningar, eller 1%. Eg fann ingen tilfelle med V1pos og V2 med tvilsamt kollokasjonsforhold. Nynorsksetningar med *stå og* som V1 utgjer til saman 894 setningar. Av desse førekjem posisjonsnøytralt V2 med V1pos i 834 av dei, eller 93,3 % av setningane. Posisjonsrelevant V2 med V1pos utgjer 36 setningar (4 %). V2 med posisjonsatypisk V1pos førekjem i 8 av setningane, eller 0,9 %. Tvilstilfelle utgjer 14 setningar, eller 1,6 %. Eg fann to setningar med døme på tvilsamt kollokasjonsforhold:



”Håkon stod og kraup i hop i klæane.” (SK/DuOl/02) og ”Eg stod og sumde oppetter vegg...” (SK/GJKn/01). Ein kan ikkje stå og krype seg i hop samstundes, sia ein då ikkje lenger vil stå. Ei heller kan ein stå og symje (sjølv om konteksten her openbert bruker ”symje” metaforisk, er det likevel sjølve V2 i seg sjølv som ikkje kan kollokerast med V1pos *stå og*). Prosentsnittet bokmål-nynorsk er som fylgjande:

Posisjonsnøytrale V2 med V1pos: 92,65 %, posisjonsrelevante V2 med V1pos: 5,35 %, V2 med posisjonsatypiske V1pos: 0,6 %, tvilstilfelle: 1,3 % og V1pos og V2 med tvilsamt kollokasjonsforhold: under 0,1 %.

For oversyns skuld har eg her laga ein tabell som viser oversikta over kva type V2 dei tre posisjonsverba vel. Tala i parentes er det totale talet setningar frå kvart enkelt posisjonsverb:

	NØYTRAL		RELEVANT		ATYPISK		TVIL		TKF	
<i>Sitte</i> BM (1352)	1196	88,5 %	124	9,2 %	11	0,8 %	21	1,5 %	0	0 %
<i>Sitje</i> NN (970)	883	91 %	71	7,3 %	11	1,1 %	4	0,4 %	1	0,1 %
<b>% samla sitje</b>		<b>89,75 %</b>		<b>8,25 %</b>		<b>0,95 %</b>		<b>0,95 %</b>		<b>&gt;0,1 %</b>
<i>Ligge</i> BM (596)	463	77,7 %	121	20,3 %	2	0,5 %	9	1,5 %	0	0 %
<i>Liggje</i> NN (830)	627	75,5 %	143	17,3 %	14	1,7 %	44	5,3 %	1	0,2 %
<b>% samla liggje</b>		<b>76,6 %</b>		<b>18,8 %</b>		<b>1,1 %</b>		<b>3,4 %</b>		<b>0,1 %</b>
<i>Stå</i> BM (1126)	1034	92 %	76	6,7 %	3	0,3 %	13	1 %	0	0 %
<i>Stå</i> NN (894)	834	93,3 %	36	4 %	8	0,9 %	14	1,7 %	2	0,2 %
<b>% samla stå</b>		<b>92,65 %</b>		<b>5,35 %</b>		<b>0,6 %</b>		<b>1,3 %</b>		<b>0,1 %</b>

Tabell 4: Kva type V2 dei tre posisjonsverba vel.

Ut ifrå tabellen kan ein lese at *stå* oftast vert brukt med eit posisjonsnøytralt V2 og *liggje* vert brukt ”minst”. *Sitje* ligg i mellom dei to. Desse resultata kontrasterer med subjektvalet (jf. undersøkingane ovafor) i og med at *liggje*, som oftast kollokerte med eit ikkje-menneskeleg subjekt (og difor viser størst grad av semantisk utviding), oftast kollokerer med eit posisjonsrelevant V2. Det er påfallande at det mest grammatikaliserte posisjonsverbet oftast opptrer med eit posisjonsrelevant V2 – eg hadde forventa det motsette.

### 6.3.2 Kollokasjon med dei tre typane av posisjonsnøytrale verb

(For ein nærare omtale av dei tre typane posisjonsnøytrale verb, sjå kapitlet

”Posisjonsnøytrale verb”.)

I denne empiriske undersøkinga konsentrerte eg meg om distribusjonen av vokaliseringsverb, handlingsverb og sanseverb – desse tre gruppene omfattar dei posisjonsnøytrale verba i kjeldematerialet. Som undersøkinga ovafor viser, utgjer posisjonsnøytrale verb eit klårt fleirtal av setningsdøma frå Oslokorpuset. I tur og orden vil eg her presentere resultatet:

Bokmålssetningar med *stå og* som V1 utgjer 1034 setningar. Av desse har 143 setningar eit vokaliseringsverb som V2, noko som utgjer 13,8 %. 427 setningar har eit sanseverb som V2, eller 41,3 %. 464 har eit handlingsverb som V2, eller 44,9 %. Nynorsksetningar med *stå og* som V1 utgjer 834 setningar. Av desse har 128 setningar eit vokaliseringsverb som V2, noko som utgjer 15,3 %. 366 setningar har eit sanseverb som V2, eller 43,9 %. 340 har eit handlingsverb, eller 40,8 %. Dette gjev eit prosentnitt bokmål-nynorsk på 14,55 % vokaliseringsverb, 42,6 % sanseverb og 42,85 % handlingsverb.

Bokmålssetningar med *ligge og* som V1 utgjer 463 setningar. Av desse har 58 setningar eit vokaliseringsverb som V2, noko som utgjer 13,8 %. 177 setningar har eit sanseverb som V2, eller 38,2 %. 228 har eit handlingsverb som V2, eller 49,3 %. Nynorsksetningar med *liggje og* som V1 utgjer 627 setningar. Av desse har 82 setningar eit vokaliseringsverb som V2, noko som utgjer 13,1 %. 279 setningar har eit sanseverb som V2, eller 44,5 %. 266 har eit handlingsverb, eller 42,4 %. Dette gjev eit prosentnitt bokmål-nynorsk på 12,8 % vokaliseringsverb, 41,35 % sanseverb og 45,85 % handlingsverb.

Bokmålssetningar med *sitte og* som V1 utgjer 1196 setningar. Av desse har 172 setningar eit vokaliseringsverb som V2, noko som utgjer 14,4 %. 493 setningar har eit sanseverb som V2, eller 41,2 %. 531 har eit handlingsverb som V2, eller 44,4%. Nynorskssetningar med *sitje og* som V2 utgjer 883 setningar. Av desse har 140 setningar eit vokaliseringsverb som V2, eller 15,9 %. 348 setningar har eit sanseverb som V2, eller 39,4 %. 395 har eit handlingsverb, eller 44,7 %. Dette gjev eit prosentnitt bokmål-nynorsk på 15,15 % vokaliseringsverb, 40,3 % sanseverb og 44,55 % handlingsverb. Følgjande tabell viser fordelinga av dei tre typane posisjonsnøytrale V2 blant dei tre posisjonsverba:

	VOKALISERINGSVERB		SANSEVERB		HANDLINGSVERB	
<i>sitte</i> BM (1196)	172	14,4 %	493	41,2 %	531	44,4 %
<i>sitje</i> NN (883)	140	15,9 %	348	39,4 %	395	44,7 %

<b>% samla sitje</b>		<b>15,15 %</b>		<b>40,3 %</b>		<b>44,55 %</b>
<i>ligge</i> BM (463)	58	13,8 %	177	38,2 %	228	49,3 %
<i>liggje</i> NN (627)	82	13,1 %	279	44,5 %	266	42,4 %
<b>% samla liggje</b>		<b>12,8 %</b>		<b>41,35 %</b>		<b>45,85 %</b>
<i>stå</i> BM (1034)	143	13,8 %	42 7	41,3 %	464	44,9 %
<i>stå</i> NN (834)	128	15,3 %	366	43,9 %	340	40,8 %
<b>% samla stå</b>		<b>14,55 %</b>		<b>42,6 %</b>		<b>42,85 %</b>

Tabell 5: Oversikt over fordelinga av dei tre typane posisjonsnøytrale V2 blant dei tre posisjonsverba.

Fordelinga av posisjonsnøytrale V2 er nokso jamn blant alle tre posisjonsverba, berre nokre få prosent skil verba frå kvarandre. Eit anna resultat enn denne jamne fordelinga ville ha vore overraskande, ettersom det er posisjonsnøytrale verb ein har med å gjere her. Den jamne fordelinga kan tolkast som om språkbrukaren rett og slett berre vel seg eit tilfeldig posisjonsverb til handlinga som vert utført – dette arbitrære valet kan vere evidens for at posisjonsverba fungerer som aspektmarkørar snarare enn som faktiske posisjonsmarkørar. Sett på spissen viser desse resultatata at folk typisk *sit* og pratar, *står* og lyttar og *ligg* og gjer noko – men nyansane er som sagt små, om ikkje ubetydelege.

#### 6.4 Endring av aksjonsart og aspekt

Eg har bygt opp ein database med materiale frå både bokmål- og nynorsktekstkorpus, ein database som til saman inneheld i underkant av 6000 PK-setningsdøme. Som venta er det liten skilnad mellom dei to målformene når det gjeld bruk av PK-ar med V1pos, ettersom PK-ar i seg sjølv er eit allnordisk fenomen, ikkje eit fenomen som er avgrensa til dei norske dialektane.

Som ein generell tendens ser so godt som alle PK-ar med V1pos ut til å ha aksjonsarten atelisk og aspektet kursivt, med andre ord er dei markerte atelisk/kursivt. PK-ane fokuserer altso på sjølve handlinga i staden for på resultatet av ho. Eit slikt funn er ikkje oppsiktsvekkjande, ettersom sjølve føremålet med PK-ar er å få fram det uavslutta og framleis pågåande ved handlinga. Av den grunnen ville det ha vore merkeleg om ikkje dei fleste PK-ar med V1pos var markert atelisk/kursiv.

Eg har sett på aksjonsarten og aspektet til både PK-en som heilskapleg konstruksjon, og aksjonsarten og aspektet til V2 åleine (ettersom dei tre posisjonsverba i seg sjølv alltid har durativ-atelisk aksjonsart). I dei aller fleste tilfella har V2 i seg sjølv same aksjonsart og

aspekt som V1pos. Dette gjer det til ei utfordring å prove at V1pos i det heile teke påverkar aksjonsart og aspekt til V2. Det kan òg få ein til å lure på kvifor V1pos er der i det heile teke, ettersom identisk aksjonsart/aspekt ville føre til redundans. Eg har derimot støtt på nokre døme på at V2 opphavleg har annan aksjonsart/aspekt, men at desse vert endra når V2 går saman med V1pos og dannar ein PK. Dette er evidens for at V1pos påverkar aksjonsart/aspekt, som igjen er evidens for at V1pos bør sjåast på som hjelpeverb.

Eg vil her trekkje fram to setningar frå databasen som illustrerer poenget mitt, her frå bokmålsdatabasen over PK-typen "ligge og...":

(1) *Han ligger i senga og spiser et eple...* (SK/Laan/01).

(2) *da je lå på sjukhuset og tok blindtarmen?* (SK/PrAl/01).

Dersom ein fjernar hjelpeverbet V1pos frå setningane, vil dei verte markerte høvesvis telisk/resultativt og punktuelt/resultativt:

(3) *Han spiser et eple...* (telisk/resultativt).

(4) *da je tok blindtarmen?* (punktuelt resultativt).

Dersom V1pos ikkje var hjelpeverb, og dermed ikkje kunne påverke aksjonsart/aspekt til V2, skulle ikkje slike setningar finnast, etter den tankegang at verb som opptre i PK-ar (og koordinasjonar generelt) må ha same grammatiske trekk. Hypotetiske PK-ar å la *\*Eg står og heiter Daniel!* eller *\*Han tok og vart slegen ned* er ugrammatisk både på grunn av den semantiske tydinga til V2 og på grunn av dei semantiske føringane som ligg i V1. Medan (1) fokuserer på at eit eple vart ete, fokuserer (1) pluss V1pos at det føregjekk ei uavslutta eting av eit eple. Frå å ha eit naturleg slutt punkt vert handlinga strekt ut i notidas ævelege tilstadevering, for å kome med eit poetisk uttrykk.

(2) skildrar ei handling som gjekk føre seg i fortida, men med eit *da* som antyder at noko anna skjedde samstundes som blindtarmoperasjonen fann stad. Det vert oppretta eit "scenisk bakteppe" for ei anna handling, og dette sceniske bakteppet vert forsterka ved bruk av V1pos.

I *sitte og V* finn eg iallfall tjue døme på at teliske/resultative V2-konstruksjonar opptre i posisjonsverb-PK-ar og dermed får aksjonsart/aspekt endra til atelisk/kursivt. V2-frasene "avgjøre dommen", "avslutte en sen lunsj", "bli imponert", "bytte vers", "drikke opp", "høre til ende", "skrive diktet" og "spise et smørbrød" førekjem alle saman med "sitte og". Her fylgjer nokre døme på slike konstruksjonar:

*Med stå som VI:*

1) Så stod han og la merke til profilen hennes nokså lenge. (SK/JoGe/01). (*legge merke til er punktuelt, jf. med berre V2: ?han la merke til profilen hennes nokså lenge.*)

- 2) ...den tiden man står ved bilen og oppdager at det er stålis! (AV/BT96/04). (*oppdage* er punktuelt.)
- 3) En stund stod de og sa det hesligste de visste til hverandre... (SK/BjJe/01). (*si* er punktuelt.)
- 4) Stod hun og tok hevn i dette øyeblikk? (SK/ChSo/01). (*ta hevn* er punktuelt.)
- 5) Det stod altså to menn og stoppet meg. (SK/ChLS/01). (*stoppe* er punktuelt.)
- 6) Bertel stod ei stund og blunka. (SK/GjKn/01). (*blunke* i seg sjølv er punktuelt.)
- 7) Ho stod og dømte han, og han stod og skreiv under på det... (SK/DuOl/03). (*dømme* er punktuelt.)
- 8) ...når mindreårige stod i døra og avbraut kaffisnakket. (AV/Loka/01). (*avbryte* er punktuelt.)
- 9) Men ho står visst og blir smått so nervøs av det. (SK/HiPe/01). (*bli nervøs* er punktuelt.)
- 10) Han stod og ba henne på vin... (SK/BeLa/01). (*by på vin* er punktuelt.)

*Med sitje som VI:*

- 1) ...mens juryen satt bak scenen og avgjorde dommen. (SK/VeBe/01). (*avgjøre dommen* er punktuelt, i tillegg til at bestemt form eintal likevel ville ha gjort konstruksjonen telisk.)
- 2) ...satt Chet ved kjøkkenbordet og avsluttet en sen lunsj. (SK/DiFW/01). (*avslutte* har i seg sjølv eit naturleg sluttunkt, og *avslutte en sen lunsj* er telisk.)
- 3) Jeg sitter og får frysninger på ryggen. (AV/He96/01). (*få frysninger* er punktuelt.)
- 4) Jeg satt taus og drakk opp ølet mitt. (SK/ChLS/01). (*drikke opp ølet* er telisk.)
- 5) Da je satt i byen og skreiv det diktet... (SK/PrAl/01). (*skrive det diktet* er telisk.)
- 6) Kunne ho verkeleg meine det ho sat og sa? (SK/BeLa/01). (*seie* er punktuelt.)
- 7) Ho sat og vart eit guds barn! (SK/BeLa/01). (*verte eit guds barn* er punktuelt.)
- 8) Ofte sat folk beintfram og seig saman under orda hans. (SK/KvSi/01). (*sige saman* er punktuelt, ettersom sjølv handlinga å sige saman vert utløyst på ein gong.)
- 9) ...den andre sat her og tok farvel. (SK/BaEn/01). (*ta farvel* er punktuelt.)
- 10) Erna Skaret sat ved kjøkkenbenken og rulla seg ein røyk. (SK/ObTo/01). (*rulle seg ein røyk* er telisk.)

*Med liggje som VI:*

- 1) ...at Fransiska lå ovenpå og avskaffet Gud, visste ingen av dem. (SK/BjJe/01). (*avskaffe Gud* er punktuelt.)
- 2) Her ligger han og dør med hele mordscenen foran sig. (SK/AlGu/01). (*dø* er punktuelt.)

- 3) ...da je lå på sjukhuset og tok blindtarmen? (SK/PrAl/01). (*ta blindtarmen* er punktuelte eller i det minste telisk.)
- 4) Han ligger i senga og spiser et eple. (SK/Laan/01). (*spise et eple* er telisk.)
- 5) Vi ligger på kne og blar oss inn til midten av verket. (AV/BT95/04). (*bla seg inn til midten* er telisk.)
- 6) ...han hadde lege halve natta og teke livet av bror sin. (SK/RoBj/01). (*ta livet av* er punktuelte.)
- 7) Ho ligg vel og kjem i hug den stygge draumen. (SK/GjKn/01). (*kome i hug* er punktuelte.)
- 8) Verden låg og opna seg... (SK/MæIn/01). (*opne seg* er punktuelte.)
- 9) I natt låg eg og las ei fille av ein kriminalroman. (SK/HaAl/01). (*lese ein kriminalroman* er telisk.)
- 10) ...dei ligg utslitne innåt kvarandre og fell i søvn i armene på kvarandre. (SK/HoEd/01). (*falle i søvn* er punktuelte.)

Desse konstruksjonane kan ikkje tolkast annleis enn at handlinga går frå å vere sett på som ein avslutta heilskap, til å verte sett på som uavslutta på referansetidspunktet. Konstruksjonane har med andre ord gått frå å vere perfekte til å vere imperfekte, og det er V1pos som har overført sin aksjonsart/aspekt til heile konstruksjonen. Dette er, slik eg ser det, den mest plausible forklaringa på at V1pos i det heile kan opptre saman med V2-konstruksjonar som tilsynelatande har annan aksjonsart/aspekt. For å bruke eit fonologisk omgrep, har det skjedd ein ”kontaktassimilasjon” på det aspektuelle plan mellom dei to verba.

Ein kan sjølvsagt diskutere kva verb som har påverka det andre. Ein kan òg hevde at det er V2 som har valt V1pos ut ifrå det som ser ut til å skje i PK-ar med *drive* og *ta* som V1 (der det, i tilfellet med *ta og*, er V2 sin agentivitet som bestemmer valet av V1; *ta og* opptre rett og slett ikkje saman med V2 som manglar agentivitet). Men, kvifor skulle V2 kollokere med eit V1 som ikkje samsvarer med sin eigen aksjonsart/aspekt? Og, dersom det er V2 som påverkar aksjonsarten/aspektet til konstruksjonen, skulle ein ikkje då forvente at PK-en fekk eit telisk/resultativt preg? Ut ifrå den tankegangen er det aller høgst sannsynleg at det er V1pos som bestemmer aksjonsart/aspekt i PK-en, og det er òg den konklusjonen eg kjem til når eg gjennomgår kjeldematerialet.

Her fylgjer ein tabell over dei tre posisjonsverba og typar V2 dei kollokerer med:

	RESULTATIV V2	TELISK V2	PUNKTUELT V2	TILSTANDS- V2	TIVILSTILFELLE	ATELISK/KURSIV
--	------------------	-----------	-----------------	------------------	----------------	----------------

<i>ligge</i> BM (596)	55	9,2 %	1 0	1,7 %	45	7,6 %	0	0,0 %	18	3 %	491	82,4 %
<i>liggje</i> NN (830)	33	4 %	6	0,7 %	27	3,3 %	53	6,4 %	0	0 %	711	85,7 %
<b><u>%</u></b> <b><u>snitt</u></b> <b><u>liggje</u></b>	<b><u>6,6 %</u></b>		<b><u>1,2 %</u></b>		<b><u>5,5 %</u></b>		<b><u>3,2 %</u></b>		<b><u>1,5 %</u></b>		<b><u>84,1 %</u></b>	
<i>sitte</i> BM (1352)	43	3,2 %	19	1,4 %	67	5 %	1	0,1 %	8	0,6 %	1214	89,8 %
<i>sitje</i> NN (970)	81	8,4 %	19	2 %	59	6,1 %	78	8 %	0	0 %	733	75,6 %
<b><u>%-</u></b> <b><u>snitt</u></b> <b><u>sitje</u></b>	<b><u>5,8 %</u></b>		<b><u>1,7 %</u></b>		<b><u>5,6 %</u></b>		<b><u>4,1 %</u></b>		<b><u>0,3 %</u></b>		<b><u>82,7 %</u></b>	
<i>stå</i> BM (1126)	65	5,8 %	24	2,1 %	78	6,9 %	0	0 %	19	1,7 %	940	83,5 %
<i>stå</i> NN (894)	94	10,5 %	18	2 %	72	8,1 %	61	6,8 %	10	1,1 %	639	71,5 %
<b><u>%-</u></b> <b><u>snitt</u></b> <b><u>stå</u></b>	<b><u>8,2 %</u></b>		<b><u>2,1 %</u></b>		<b><u>7,5 %</u></b>		<b><u>3,4 %</u></b>		<b><u>1,4 %</u></b>		<b><u>77,5 %</u></b>	

Tabell 6: Oversikt over dei tre posisjonsverba og kva typar V2 dei kollokerer med.

Når eg no har talet prosent av setningane der V2 har ein gjeven aksjonsart/aspekt, legg eg no saman endringsprosenten for kvart av dei tre posisjonsverba. Resultativt, telisk og punktuelt V2 sitt prosentsnitt vert lagt saman med kvarandre – då får eg den samla endringsprosenten, som er talet prosent av setningane der V2 har fått sin aksjonsart/aspekt endra. Til dømes utgjer 5,8 % av V2 i *sitje* og V2 eit V2 med opphavleg resultativt aspekt, 1,7 % eit V2 med opphavleg telisk aspekt og 5,6 % eit V2 med punktuelt aspekt. Dette gjev ein samla

endringsprosent på 13,1 %; med andre ord har 13,1 % av V2 i setningane med *sitje* og fått sin aksjonsart/aspekt endra. Her fylgjer eit oversyn:

POSISJONSVERB	RESULTATIVT V2 %	TELISK V2 %	PUNKTUELT V2 %	SAMLTA ENDRINGSPROSENT
<i>Liggje</i>	6,6 %	1,2 %	5,5 %	<b>13,3 %</b>
<i>Sitje</i>	5,8 %	1,7 %	5,6 %	<b>13,1 %</b>
<i>Stå</i>	8,2 %	2,1 %	7,5 %	<b>17,8 %</b>

Tabell 7: Oversikt over prosent setningar som har fått aksjonsart/aspekt endra av dei tre posisjonsverba.

Her ser ein at *stå* har størst samla endringsprosent og *sitje* har minst. *Liggje* ligg midt i mellom. Sjølv om marginane ikkje er dei heilt store, kan dette tyde på at *stå* i flest av tilfella endrar aksjonsart/aspekt til V2 (ettersom aksjonsart/aspekt i PK-ar med V1pos alltid er atelisk/kursivt), noko som her gjer *stå* til det mest grammatikaliserte av dei tre posisjonsverba. Men, som tala viser, sjølv det mest grammatikaliserte posisjonsverbet endrar aksjonsart/aspekt i berre 17,8 % av tilfella – som oftast vert V1pos helst kollokerte med eit V2 med same aksjonsart/aspekt. Desse tilfella viser på den andre sida at V1pos er *i stand til* å endre aksjonsart/aspekt til eit V2, noko som etter mitt syn forsterkar hjelpeverbstatusen til posisjonsverba.

### 6.5 Førekomsten av PK-ar med tilstandsverb

Medan tilstandsverb er so godt som fråverande i bokmålssetningane, er det faktisk ein del av dei i nynorsksetningane. Som eg tidlegare skreiv, skulle ein ikkje forvente å finne tilstandsverb kollokerte med posisjonsverb, ettersom posisjonsverba oftast kollokerer med verb som skildrar handlingar – tilstandsverba skildrar eigenskapar eller tilstandar ved agens snarare enn eigentlege handlingar. Her fylgjer nokre setningar der eg meiner V2 er eit tilstandsverb:

*Stå som V1pos:*

- (1) Når berre ikkje han Håkon stod her og brydde seg om slikt! (SK/DuOl/01). (*bry seg om*).
- (2) ... ho stod mo åleine og åtte det. (SK/DuOl/01). (*eige*).



- (3) Han stod og heldt av henne...(SK/BeLa/01). (*halde av i tydinga like*).
- (4) ... han måtte stå der og kunne det. (SK/DuOl/02). (*kunne noko*).
- (5) Men først står dei litt og likar seg. (SK/DuOl/02). (*like seg*).
- (6) ... og borti bakken stod flørshusa og slekta på stova i utsjånad. (SK/HeJo/01). (*slekte på*).
- (7) Eg stod der og var ein raudkoka Petter. (SK/GjKn/01). (*vere Petter!*).
- (8) ... dei stod ikkje og var elevar. (SK/BeLa/01). (*vere elevar*).
- (9) ... klagar over at sykkelen står i vedskjulet og er i vegen...(SK/FoÅs/01). (*vere i vegen*).
- (10) Han stod att og var Ivar. (SK/HeJo/02). (*vere Ivar!*).
- (11) Ragnhild tenkte ikkje, ho stod der berre og var seg sjøl og borna og heimen. (SK/DuOl/03). (*vere seg sjølv*).
- (12) Ragnhild stod att og visste at ho elska huse her...(SK/DuOl/01). (*vete*).
- (13) ... han stod ein augneblink og visste kva han vilde. (SK/BeLa/01). (*vete*).
- (14) Og han står og trur henne. (SK/HiPe/01). (*tru*).

#### *Sitje som VIpos:*

- (1) ... når eit menneske sit og har lite å hjelpa seg med. (SK/HeJo/02). (*ha*).
- (2) ... vi sat oppi utløa og hadde sigarettar. (SK/RoBj/01). (*ha*).
- (3) Torgjer sat og var berre det som godt var. (SK/HeJo/01). (*vere*).
- (4) Han sat der og var ein liten tiårs gutunge...(SK/BaEn/01). (*vere ein gutunge!*).
- (5) Dei sat og var fulle av spørsmål...(SK/RoBj/01). (*vere fulle av spørsmål*).
- (6) Men Gjertrud Øy sit på stolen sin og er mest redd. (SK/HiPe/01). (*vere redd*).
- (7) ... han var langt frå blid, han sat og var farlig. (SK/BeLa/01). (*vere farleg*).
- (8) Sat ho ikkje der og var bare kvinne? (SK/BeLa/01). (*vere kvinne!*).
- (9) Ho sat i benken og visste alt. (SK/HeJo/03). (*vete*).
- (10) Og no sat Hans her og vilde ha alt avgjort. (SK/BeLa/01). (*vilje*).
- (11) Om ho sat her og ynskta annan manns barn...(SK/HeJo/03). (*ynskje*).
- (12) No sitt han her og kan seie det han vil. (SK/DuOl/01). (*kunne*).
- (13) ... og var han heime, sat han og levde berre i si eiga verd. (SK/HeJo/03). (*leve*).
- (14) Ein augneblink sat han og trudde det var ei lagnadsstund... (SK/BeLa/01). (*tru*).

#### *Liggje som VIpos:*

- (1) ... han låg der og levde. (SK/DuOl/03). (*leve*).

- (2) Og så boka som låg i bordskuffen og tok bort plass. (SK/HøAs/01). (*ta bort plass*).
- (3) Ho låg bada i sveitte og trudde ho skulle døy før dagen grydde. (SK/SkTo/01). (*tru*).
- (4) Han låg og visste alt som hende mellom våren og hausten. (SK/HeJo/03). (*vete*).
- (5) Det bar seg for at Erling låg og ønskte Tor ikkje skulle kome att. (SK/RoBj/01). (*ynskje*).

Medan eg ser på alle desse konstruksjonane som meir eller mindre uvanlege, er det spesielt *stå og vere Ivar og sitje og vere kvinne* eg finn mest oppsiktsvekkjande. Her er det i begge tilfelle snakk om permanente eigenskapar ved agens, noko agens strengt teke ikkje kan *sitje*, *liggje* eller *stå* og gjere (det vert meiningslaust å snakke om posisjonsrelevans i slike tilfelle). Det er ikkje snakk om noko eigentleg handlingsforløp å leggje til eit aspekt ved – spesielt ikkje i PK-ar der fokus er retta nettopp på det atelisk/kursive ved handlinga; å vere Ivar eller kvinne er noko agens alltid er, alltid har vore og alltid vil vere, det ligg allereie noko atelisk/kursivt der som ikkje treng å forsterkast med eit posisjonsverb. Eigenskapar og tilstandar er noko som er ibuande i agens, ikkje noko agens utfører – difor finst det i røynda ikkje noko handlingsforløp.

Når slike konstruksjonar likevel finst, kan det liggje ein meir stilistisk grunn bak slike markerte PK-ar. Døme med V2 som tilstandsverb fann eg berre i tekstar henta frå skjønnlitteratur – dei er fullstendig fråverande både i avislitteratur- og i sakprosadelen av begge tekstkorpusa. Forfattarar vil ofte bruke eit språk som skil seg ut for på den måten å fange merksemda til lesaren. Uvanleg bruk av PK-ar kan vere eit av desse litterære verkemidla. Ein meir detaljert studie av uvanleg bruk av PK-ar i skjønnlitteratur vil her vere på sin plass.

## **6.6 Det mest grammatikaliserte posisjonsverbet**

Eg vil no ta ei oppsummering av dei ulike testane eg har gjennomført med mitt empiriske materiale. Eg introduserer her ein poengsum som er basert på det samla prosentnittet til dei tre posisjonsverba frå dei førre tabellane. Poengsummen vil avgjere kva for eitt av dei tre som er mest grammatikalisert.

Fyrst undersøkte eg kva slags subjekt dei tre posisjonsverba opptre med utafør PK-ar (altså som einaste verb i setninga). Her har eg rekna poeng ut ifrå kor mange prosent av subjekta som høyrde til steg 2 (ikkje-menneskelege vesen), steg 3 (konkrete ting) og steg 4 (abstrakte ting). Etersom bruk av posisjonsverb med menneskelege subjekt (steg 1) er det

opphavlege og umarkerte bruksområdet, er desse trekte ifrå utrekninga. Her fylgjer ein tabell der eg har rekna ut den samla poengsummen til dei tre verba:

VIPOS	STEG 2	STEG 3	STEG 4	SAMLA POENGSUM
<i>liggje</i>	0,5 %	37,4 %	46,3 %	<b>84,2 %</b>
<i>sitje</i>	0 %	0,6 %	15,7 %	<b>16,3 %</b>
<i>stå</i>	0 %	18 %	43,3 %	<b>61,3 %</b>

Tabell 8: Poengsummen til dei tre posisjonsverba når dei ikkje inngår i PK-ar.

Denne tabellen viser fylgjande rangering: *liggje*: fyrsteplass (mest grammatikalisert), *stå*: andreplass og *sitje* tredjeplass (minst grammatikalisert). Deretter undersøkte eg kva slags subjekt dei tre posisjonsverba opptre med i PK-ar, med same framgangsmåte som ovafor:

VIPOS	STEG 2	STEG 3	STEG 4	SAMLA POENGSUM
<i>liggje</i>	0,7 %	12,2 %	4,25 %	<b>17,15 %</b>
<i>sitje</i>	0,72 %	0 %	0,14 %	<b>0,86 %</b>
<i>stå</i>	0,7 %	4 %	0,56 %	<b>5,26 %</b>

Tabell 9: Poengsummen til dei tre posisjonsverba når dei inngår i PK-ar.

Denne tabellen viser same rangering som den førre, altså at *liggje* er mest grammatikalisert og *sitje* minst. So undersøkte eg V2-kollokasjon, nærare bestemt posisjonsrelevansen i PK-en. Her har eg lagt saman bruken av ikkje-relevante posisjonsverb, altså bruken av posisjonsverb der ein har å gjere med V2 som ikkje krev nokon bestemt posisjon å verte utført i, atypisk bruk av posisjonsverb og det eg kallar tvilsame kollokasjonsforhold (TKF):

VIPOS	NØYTRALT V2	ATYPISK KOLLOKASJON	TKF	SAMLA POENGSUM
<i>liggje</i>	76,6 %	1,1 %	0,1 %	<b>77,8 %</b>
<i>sitje</i>	89,75 %	0,95 %	0,05 % (>0,1 %)	<b>90,75 %</b>
<i>stå</i>	92,65 %	0,6 %	0,1 %	<b>93,35 %</b>

Tabell 10: Poengsum når det gjeld V2-kollokasjon.

Denne tabellen viser ei anna rangering enn dei to førre; her er det *stå* som er mest grammatikalisert og *liggje* som er minst. Endringsprosenten har eg lagt saman i førre kapittel. Her fylgjer eit oversyn over den samla rangeringa frå kvar tabell. Posisjonsverbet med minst poengsum er her det mest grammatikaliserte:

VIPOS	SUBJEKT (POS)	SUBJEKT (PK)	POS.RELEVANS	ENDRINGS-%	SAMLA POENGSUM
<i>liggje</i>	1	1	3	2	<b>7</b>

<i>sitje</i>	3	3	2	3	<b>11</b>
<i>stå</i>	2	2	1	1	<b>6</b>

Tabell 11: Samla rangering frå kvar av dei førre tabellane.

Ut ifrå denne samla rangeringsoversikta ser det ut til at *stå* er mest grammatikalisert og *sitje* minst. Ser ein vekk frå endringsprosenten (prosent av setningane der det er eksplisitt evidens for at V1pos har endra aksjonsarten og aspektet til V2), vert fordelinga soleis: *Liggje* og *stå* deler ein fyrsteplass med 5 poeng, og *sitje* er på sisteplass med 8 poeng. Ser ein utelukkande på bruken deira i PK-ar ser det slik ut:

V1POS	SUBJEKT (PK)	POS.RELEVANS	ENDRINGS-%	SAMLA POENGSUM
<i>liggje</i>	1	3	2	<b>6</b>
<i>sitje</i>	3	2	3	<b>8</b>
<i>stå</i>	2	1	1	<b>4</b>

Tabell 12: Samla poengsum med subjektvalet til nakne posisjonsverb ekskludert.

Øg her ser ein at *stå* framstår som det mest grammatikaliserte verbet og *sitje* som det minst grammatikaliserte (øg når endringsprosenten ikkje er teken med). Som eg tidlegare har skrive, er *sitje*, i motsetnad til *liggje* og *stå* eit verb som helst refererer til posisjonen til levande vesen – primært menneske.

## 7. Avslutning

### *Subjekttypar:*

Medan dei tre posisjonsverba i seg sjølv opptre med både menneskelege vesen og konkrete og abstrakte objekt, er menneskelege vesen overveldande overrepresenterte når posisjonsverba inngår som V1 i PK-ar. Av dei nesten 6000 setningsdøma har eg berre funne eit mindretal av døme der subjektet ikkje er eit menneske (jf. kapitlet ”Subjektstypar ved posisjonsverb”). *Liggje* og skil seg frå *sitje* og *stå* og ved å ha markant meir førekomstar av abstrakte og konkrete subjekt, medan fordelinga når det gjeld ikkje-menneskelege vesen er likt fordelt mellom dei tre posisjonsverba.

Den skeive representasjonen ikkje-menneskelege subjekt kan skuldast at ein rett og slett skriv meir om menneske enn om til dømes dyr eller gjenstandar. I aviser og sakprosa er det nesten alltid menneske ein skriv om – det same kan seiast om skjønnlitteratur. Menneske er sjølvsgatte både som intervjuobjekt, partar i ei sak og som figurar i ein roman. Størstedelen av V2 skildrar òg agentive handlingar, noko som essensielt utelukkar ikkje-levande vesen, eller handlingar som vanlegvis berre menneske kan utføre, som *prate, skrive, lese, inngå veddemål, fordele landet, drikke vin* og liknande. Ut ifrå kjeldematerialet kan eg altso fastslå at PK-ar generelt sett vert brukte med menneske som subjekt. Derimot finst det belegg for at V1pos òg vert brukte med ikkje-menneskelege subjekt, og til og med ved abstrakte subjekt. Ut ifrå desse førekomstane kan ein konkludere at V1pos har fått utvida bruksområdet sitt.

#### *Val av V2:*

Resultata eg har presentert i denne oppgåva viser at posisjonsverba i stor grad (frå 75 til over 90 %) opptrer saman med posisjonsnøytrale V2. Blant desse posisjonsnøytrale verba er dei tre posisjonsverba nokolunde likt distribuerte. Det at V1pos er å finne i V2 som ikkje krev nokon bestemt posisjon å verte utført i, kan vere evidens for at det har skjedd ei semantisk bleiking; posisjonsverba har gått frå å fungere som posisjonsmarkørar til å fungere som aspektmarkørar.

#### *Hjelpeverbseigenskapar:*

Ifylgje kapitlet "Hjelpeverb og deira kjenneteikn" er definisjonen på ein hjelpeverbkonstruksjon at han utgjer éi syntaktisk eining med ei viss grad av semantisk tyding som utfører ein meir eller mindre spesifikk grammatisk funksjon i setninga. I tillegg kan hjelpeverbet V1 berre ta ein verbalfrase som utfylling, ikkje ein nomenfrase. Av praktiske grunnar vil eg her gjenta dei fire kjenneteikna på hjelpeverb:

Semantisk bleiking – i større eller mindre grad. Hjelpeverbet åleine vil som regel ikkje ha noko semantisk eller leksikalsk innhald; det leksikalske er å finne i hovudverbet V2 medan det semantiske er å finne i sjølve konstruksjon. Når det gjeld posisjonsverb, varierer det frå setning til setning kor semantisk bleikt V1pos er – her avhenger bleikinga av kor bokstavleg ein skal tolke posisjonsverbet. Det er i det minste grunn til å tru at ein har byrjande semantisk bleiking der ein finn V2 som ikkje krev ein bestemt posisjon å verte utført i – altso er posisjonsirrelevans teikn på iallfall svak semantisk bleiking av V1pos. Det finst mange døme i databasen på verb som er posisjonsirrelevante, til dømes verb som *prate, tenkje, diskutere, le, vedta, sjå* og *vente*.

Grammatikalisering – at hjelpeverbet uttrykkjer eit grammatisk aspekt ved hovudverbet V2, som til dømes tempus, diatese (aktiv/passiv), modus eller aspekt. Det er ikkje uvanleg at hjelpeverbet uttrykkjer to eller fleire av desse grammatiske aspekta samstundes. I databasen finst det mange døme på at V1 har påverka aksjonsart/aspekt til konstruksjonen, ut ifrå den aspektuelle skilnaden ein finn mellom konstruksjonen med og utan PK. Setninga *Han lå og spiste et eple* er teikn på at V1 har endra den grammatiske funksjonen til setninga. Setninga er atelisk/kursiv, i motsetnad til *Han spiste et eple*, som er telisk/resultativ.

Hjelpeverbet tek eit verb som utfylling. I motsetnad til hovudverb, kan ikkje hjelpeverb ta nomenfrasar som utfylling. Dersom ein går ut ifrå at V1 tek konjunksjonen *og* pluss ein verbalfrase som utfylling, er det nokso sikkert at PK-ar iallfall i prinsippet er HVk-ar. Dette framgår for øvrig ikkje i det empiriske kjeldematerialet og kan difor ikkje verifiserast. Det er òg rom for diskusjon korleis kjerne-utfylling-forholdet er i koordinasjonar, kva som er kjernen og kva som då vert utfyllinga.

Hjelpeverb vert som regel ikkje erstatta med pro-verbet *gjere* men vil gå igjen som seg sjølv der hovudverb går igjen som *gjere*. Av gode grunnar lét det seg ikkje gjere å finne evidens for dette i databasen. Her må ei separat undersøking til, ei undersøking som ligg utafor rammene til denne oppgåva.

Hjelpeverb utgjer éi syntaktisk eining der det er tale om éi handling, til trass for at konstruksjonen inneheld to eller fleire verb. Etersom alle PK-ar med V1pos er simultane (skjer samstundes), kan desse lettare tolkast som éi handling, enn dersom PK-ane hadde vore suksessive (skjedd rett etter kvarandre). På grunn av posisjonsverba sin statiske natur, kan ein her diskutere i kva grad det å *sitje*, *liggje* eller *stå* er eigentlege *handlingar*. Teknisk sett vil PK-ar med V1pos altso skildre éi handling, og konstruksjonen er heilt klårt éi syntaktisk eining, noko syntaktiske testar har vist i denne oppgåva. Definisjonen av HVk-ar som syntaktiske einingar som skildrar éi handling, vil derimot ekskludere suksessive PK-ar når det gjeld handling.

Av dei mange hypotesane eg har presentert i denne oppgåva, er det berre éin av dei som har late seg verifisere, nemleg grammatikalisering av V1. Der finst rikeleg med evidens i kjeldematerialet på at V1 påverkar aksjonsart/aspekt i konstruksjonen. Det at eit verb utfører ein grammatisk funksjon i setninga, er ein sterk indikator på at det har hjelpeverbegenskapar. Det herskar derimot tvil om det føregår klår semantisk bleiking av V1pos. Dersom ein legg til grunn at posisjonsirrelevans er teikn på i det minste svak semantisk bleiking, finst det mange døme på dette i materialet – men kor vesentleg den og den posisjonen er for den og den

handlinga vil for nokre verke subjektivt, dette vil vere eit tolkingsspørsmål som det kanskje må ei eiga undersøking til for å oppklåre. Semantisk bleiking er langtifrå so gjennomført som det som er tilfelle med PK-ar med *drive* og *ta*. Syntaktiske testar har vist at PK-ar iallfall i teorien utgjer éi syntaktisk eining – dette framgår derimot ikkje empirisk i kjeldematerialet.

Kjeldematerialet viser òg at PK-ar vert brukte med ikkje-menneskelege subjekt, levande so vel som ”sjellause”, konkrete so vel som abstrakte. I samsvar med Kutevas grammatikaliseringsskjede er dette evidens på eit utvida bruksområde, og dermed eit teikn på semantisk bleiking – gjenstandar som teknisk sett ikkje kan *liggje*, men som likevel er skildra som *liggjande*, er eit døme på dette utvida, bleikte bruksområdet.

PK-ar med posisjonsverb skil seg klårt frå vanlege koordinasjonar, slik PK-ar generelt gjer. PK-ar med posisjonsverb demonstrerer hjelpeverbegenskapar til ei viss grad, men ikkje i same grad som PK-ar med *drive* og *ta* som V1. PK-ar med posisjonsverb er derimot å sjå på som grammatikaliserte i forhold til PK-ar med kommunikasjonsverb, som ikkje viser hjelpeverbegenskapar i det heile. Ut ifrå det eg har kome fram til i denne oppgåva, er difor hjelpeverbstatusen til PK-ar med posisjonsverb eksisterande, men svak. Dei kan derimot sjå ut til å vere på veg til å verte hjelpeverb på linje med *drive* og *ta*.

## 8. Litteraturliste

- Anderson, Gregory D.S.** 2006.: *Auxiliary Verb Constructions*, Oxford University Press.
- Faarlund, Jan Terje e.a.** 1997.: *Norsk referansegrammatikk*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Harbert, Wayne.** 2007.: *The Germanic Languages*, Cambridge University Press.
- Haugen, Odd Einar.** 2002.: *Grunnbok i norrønt språk*, Gyldendal Norsk Forlag.
- Hopper, Paul J., Elizabeth Closs Traugott.** 2003: *Grammaticalization* (2.utg.), Cambridge University Press.
- Jørgensen, Annette Myre.** 2000.: ”Det er ikke bare å ta og koordinere.” I: Andersen, Øivin e.a.: *Mennesket, språk og fellesskap, Festskrift til Kirsti Koch Christensen på 60-årsdagen 1.desember 2000*. Novus forlag, Oslo, s.117-132.
- Kuteva, Tania A.** 1999.: “On ‘sit’/’stand’/’lie’ auxiliation”, *Linguistics* 37-2, Walter de Gruyter.
- Lødrup, Helge.** 2002: ”The Syntactic Structures of Norwegian Pseudocoordinations”, *Studia Linguistica* 56(2), Blackwell Publishers.
- Teleman, Ulf e.a.** 1999.: *Svenska Akademiens Grammatik* (vol.4), Norstedts Ordbok.

**Theil Endresen, Rolf, Hanne Gram Simensen, Andreas Sveen (red.).** 2000: *Innføring i lingvistikk*, Universitetsforlaget, 2000 (2.utg.), Oslo.

**Trésor de la Langue Française, bind 8.** 1980. Éditions du Centre National de la Recherche Scientifique, Paris.

**Vannebo, Kjell Ivar.** 2003.: "Ta og ro deg ned noen hakk: on pseudocoordination with the verb *ta* 'take' in a grammaticalization perspective" I: *Nordic Journal of Linguistics* 26.2, 165-193, Cambridge University Press.

**URL-ar:**

**De Vos, Mark Andrew.** 2005.: *The Syntax of Verbal Pseudo-Coordination in English and Afrikaans* (avhandling/doktorgrad):

<http://www.lotpublications.nl/publish/articles/001451/bookpart.pdf> , Universiteit Leiden.

**Oslokorpuset** (bokmålsdel):

<http://www.tekstlab.uio.no/norsk/korpus/bokmaal/netscape/treord/oktntb.shtml>

**Oslokorpuset** (nynorskdell):

<http://www.tekstlab.uio.no/norsk/korpus/nynorsk/netscape/treord/oktntn.shtml>